

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 17.06.2010 kl 14.15 – 19.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 043/10 - 061/10

Innkalling til møtet var sendt ut den: .10.06.10

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	John Torsvik, vara	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Torfinn Aga, vara		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Laila Solhaug Reknes	Wenke Fredheim Ekren	

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Marit Steinestø, vara	Tore Helland	Per Einar Langhelle
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Siri Tangedal Kratzmeier		

### Frå administrasjonen møtte:

Lovisa Midtbø
Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Rådgjevar Alf Strand
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	Brev frå Havforskningsinstituttet Matre til sak 59/10
<b>Orientering:</b>	Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om innbyggjarundersøkinga som nyleg er gjennomført i Masfjorden kommune.
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	

**Innkallinga vart godkjent.**

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg på Bjørn Egil Nordland og John Torsvik til å skriva under møteboka.

**Dette vart samrøystes vedteke.**

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte no om innbyggjarundersøkinga som nyleg har vore halden.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
043/10	10/447	Godkjenning av møteprotokoll	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
044/10	09/279	Søknad om attendeføring av vassrettar i Søre Kvinge vassdrag - gnr 38	6
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
045/10	10/412	Internasjonalt arbeid - vennskapsavtalar	11
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
046/10	10/403	Tilstandsrapport grunnskulen	17
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
047/10	09/748	Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2010 for Masfjorden kommune - gjeld frå 01.07.2010	20
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
048/10	10/368	Adressenamn i Masfjorden kommune - framlegg til nye namn og endringar på adresseparsellar	26
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
049/10	10/416	Eigarmelding/strategi Einekavane AS	32
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
050/10	07/807	Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010 - 2014 - med perspektiver mot 2025 - Business Region Bergen	40
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
051/10	10/124	Forprosjekt bru over Masfjorden - finansiering	50
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
052/10	10/424	Rammer for budsjett 2011 og økonomiplan 2011-14	53
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
054/10	10/446	Skriv og meldingar	77
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
055/10	08/490	Barnehageprosjektet 2008 - 2010	78
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
056/10	10/421	Investeringsbudsjett for kommunale vegar - 2010	88
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
057/10	06/954	Tilskot til førarkort	93

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
058/10	10/453	Garderobeanlegg Nordbygda skule	97
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
059/10	10/24	Vedtak av planprogram for endring av reguleringsplan for Matre - etablering av vegutløysing til Matresøya -	100
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
060/10	10/460	Søknad om lån frå kraftfondet til flytebrygge ved Matre hotell	108
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
061/10	10/454	Kjøp av eigedom gnr 30 bnr 17 på Sandnes (gamlebanken)	112

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.06.2010	043/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/447
-----------	---------------------

### SAK 43/10 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 27.05.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-043/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 27.05.2010 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	042/10	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	17.06.2010	044/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: GNR LAND-38/1, N-548	Arkivsaknr.: 09/279
-----------------------------	---------------------

### SAK 044/10 - SØKNAD OM ATTENDEFØRING AV VASSRETTAR I SØRE Kvinge VASSDRAG - GNR 38

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune kan ikkje imøtekoma søknaden frå grunneigarane på Søre Kvinge om vederlagsfri attendeføring av vass- og oppdemningsrettar til Søre Kvinge vassdrag.
2. Masfjorden kommunestyre vil vurdera spørsmålet om bestilling og utarbeiding av ei fagleg teknisk/økonomisk vurdering av ei mogleg kraftutbygging i vassdraget i samband med handsaming av 2011-budsjettet.

#### Finansiering

#### Heimel

### FS-042/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune kan ikkje imøtekoma søknaden frå grunneigarane på Søre Kvinge om vederlagsfri attendeføring av vass- og oppdemningsrettar til Søre Kvinge vassdrag.
2. Masfjorden kommunestyre vil vurdera spørsmålet om bestilling og utarbeiding av ei fagleg teknisk/økonomisk vurdering av ei mogleg kraftutbygging i vassdraget i samband med handsaming av 2011-budsjettet.

#### Finansiering

#### Heimel

**Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte grundig om saka.

Saka vart drøfta.

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

**KS-044/10 VEDTAK:**

**1. Masfjorden kommune kan ikkje imøtekoma søknaden frå grunneigarane på Søre Kvinge om vederlagsfri attendeføring av vass- og oppdemningsrettar til Søre Kvinge vassdrag.**

**2. Masfjorden kommunestyre vil vurdera spørsmålet om bestilling og utarbeiding av ei fagleg teknisk/økonomisk vurdering av ei mogleg kraftutbygging i vassdraget i samband med handsaming av 2011-budsjettet.**

**Finansiering**

**Heimel**

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.04.2009	For grunneigarane på Søre Kvinge v/Kåre Mjanger	Søknad om vederlagsfri attendeføring av vass og oppdemningsrettar til i Søre Kvinge vassdrag - gnr 38
2	I	28.04.2009	Wikborg Rein & Co	Vannrettigheter i Søre Kvinge vassdrag
3	U	08.05.2009	For grunneigarane på Søre Kvinge v/Kåre Mjanger	Førebels svar på brev om Vassrettigheter i Søre Kvinge vassdrag
4	I	25.02.2010	Adv. Gunnar Sætre	AD gnr 38/17 Kvingevassdraget
5	I	25.02.2010	Adv. Gunnar Sætre	AD fallrettigheter m.v. på Søre Kvinge - Kvingevassdraget gnr 38/17

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

I brev av 16.04.2009 søkte grunneigarane på Sør Kvingo om vederlagsfri attendeføring av vassrettighetene i Søre Kvinge vassdrag. Før søknaden kunne handsamast, var det naudsynt med ein gjennomgang av kommunen sine rettar og plikter knytt til dette vassdraget, og ein gjennomgang av eigartilhøve/heimel som kommunen har kjøpt i dette vassdraget. Grunna arbeidspress og skifte av sakshandsamar har dette teke noko tid.

Rådmannen har nytta kommunen sin advokat som sakkunnig rådgjevar i arbeidet med saka.

### HØYRING/UTTALE

I samband med at grunneigarane søkte om vederlagsfri attendeføring av vassrettighetene, har Marine Harvest kome med uttale til søknaden via sin advokat. Andre uttalar er ikkje innhenta.

### FAKTA

Advokat Gunnar Sætre har utgreidd omfanget av kommunen sine rettar i vassdraget på Sør Kvingo. Kommunen fekk heimel til gnr.38/bnr17 ved skøyte tinglyst 22.08.1973. I skøyte datert 15.februar 1918 er det presisert kva denne heimelen omfattar,. Før delingslova av 1978 var det ikkje uvanleg at rettigheter til vassdrag vart særskilt matrikulert med egne gards-og bruksnummer- uavhengig av om grunnen var omfatta av heimelen. Salet av vassrettane i Sør Kvingevassdraget er spesifisert i kjøpekontrakt datert 29.august 1907 mellom grunneigarane på Sør Kvinge som seljar og Gerdt Meyer som kjøpar Oppsummert dreier dette seg om eit vassdrag med fallhøgde på i overkant av 300 m, med rett til og mulighet for å etablere magasin ved oppdemming for å sikra jamn produksjon av elektrisk kraft ved ei eventuell utbygging. Vassdraget er ikkje omfatta av Verneplan for vassdrag.



Kva verdiar dette inneber kan ein ikkje sei utan at eit firma med spesialkompetanse på området utgreier og vurderer dette. Rådmannen har blitt kontakta av konsulentfirma som spør om kommunen har planar om å byggja ut vassrettane ved å etablera kraftverk .

Marine Harvest Noreg har i brev til kommunen dat. 28.04.2009 vendt seg til kommunen i samband med grunneigarane sin søknad om å få vassrettane vederlagsfritt attendeført til seg. Marine Harvest gjer merksam på sine tinglyste rettar i vassdraget, jfr kjøpekontrakt dat. 29.08.1907 Marine Harvest sine rettar skriv seg frå det salet Masfjorden kommune i si tid gjorde av gnr 38 b nr 2 og 3 ( tidlegare Kvingo Ullspinneri ) til Rylandsvåg Fiskeri i 1984. Rylandsvåg Fiskeri/Marine Harvest sine rettar er beskrivne til å gjelda ” **alt det vann som er nødvendig for driften av virksomheten**” For å sikra tilstrekkeleg vasstilførsel til drifta, har Marine Harvest rett til å ha og vedlikehalda ein demning ved utløpet av Sør-Kvingevatnet, nivået er avmerka ved kryss i berg og Marine Harvest har rett til avløpsrør frå vatnet og til anlegget sitt. Desse rettane er tinglyst på 38/17 og vil følgja som hefte dersom kommunen sel eller overdreg 38/17 til grunneigarar eller andre.

Marine Harvest meiner at vassrettane ikkje bør attendeførast til grunneigarane.

I skrivet frå grunneigarane peikar dei på at Marine Harvest har avtale med grunneigarane om bruk av grunn ved Sørkvingevatn, og at det er ein føremun at vassrettane er eigd og drifta av grunneigarane. Marine Harvest på si side peikar på at avtalen om lagringsplass ikkje har betydning for vassrettane.

## VURDERING

Masfjorden kommune må svara på søknaden frå grunneigarane om ” **vederlagsfri attendeføring av vass- og oppdemningsrettar til Søre Kvinge vassdrag.**”

Det er noko uklart for rådmannen kvifor grunneigarane vil ha vassrettane attendeført. Rådmannen kan ikkje sjå at det er sakleg samanheng mellom Marine Harvest sin avtale om disponering av fellesareal på land og rettane til vassdraget. Grunneigarane har heller ikkje

Vassrettane rettane vart selde frå bruka på Sør-Kvingo for over hundre år sidan. Vassrettane har i nær 40 år vore eigde av Masfjorden kommune. Kommunen har ikkje drøfta planar for utbygging av småkraft i vassdraget, og kommunen har heller ikkje gjennomført verdivurdering av vass- og oppdemningsrettane ved slik utbygging. Men vassrettane gjeld som tidlegar nemnt eit vassdrag med fallhøgnd på i overkant av 300 m, med rett til og muligheit for å etablere magasin ved oppdemming for å sikra jamn produksjon av elektrisk kraft ved ei eventuell utbygging. Vassdraget er ikkje omfatta av Verneplan for vassdrag.

Rådmannen kan ikkje tilrå at desse vassrettane blir vederlagsfritt attendeført til grunneigarane, slik dei søker om . Vassrettane er ein del av kommunen sine eigedommar/rettar. Dei kan ha verdi for innbyggjarane/kommunen på to plan-  
a) som naturverdi- eit vakkert og uregulert vassdrag  
b) som økonomisk verdi ved bygging av småkraftverk.

Dersom kommunen skal vurderer å overdra vassrettane til grunneigarar eller andre, meiner rådmannen at kommunen må ha som grunnlag ei fagleg utgreiing om kommunen sine samla rettar til vassdraget teknisk og økonomisk gjev grunnlag for utbygging til kraftproduksjon. Først når dette er belyst og ein kjenner verdien av dette, kan ein vurderer om det er forsvarleg

forvaltning av fellesverdiar å selja eigedomsretten til vassrettane i Søre Kvinge vassdrag. Kommunestyret må ta stilling til om ein ynskjer å bestilla ei fagleg teknisk/økonomisk vurdering av ei eventuell utbygging av kraftverk/småkraftverk. Stipulert pris på ei slik utgreiing hos t.d Hydroconsult er ca 200 000kr., og det er ikkje løyvd pengar på inneverande budsjett til slike føremål. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret vurderer dette tiltaket under handsaming av 2011-budsjettet til hausten.

Masfjorden kommune kjøpte i si tid "Kvingefabrikken" med rettar og plikter, herunder vassrettane. Føremålet til kommunen var å sikra at det kom ny næring i anlegget, og vidaresalet til Rylandsvågen Fiskeri var starten på utviklinga mot oppdrettsnæring., noko som har gitt gode arbeidsplassar. God og stabil tilgang på ferskvatn er framleis avgjerande for drift og utvikling av Marine Harvest sitt anlegg på Sør-Kvingo. Masfjorden kommune må og svara på brevet frå Marine Harvest, som er urolege for sine tinglyste rettar i vassdraget.

Rådmannen tilrår at kommunen må stadfesta at ein sjølv sagt vil respektera selskapet sine tinglyste rettar, og presisera at desse rettane er avgrensa til *"alt det vann som er nødvendig for driften av virksomheten"*, slik det står i kjøpekontrakten og slik det har vore praktisert .

## Konklusjon

Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:

- 1. Masfjorden kommune kan ikkje imøtekomme søknaden frå grunneigarane på Søre Kvinge om vederlagsfri attendeføring av vass- og oppdemningsrettar til Søre Kvinge vassdrag.**
- 2. Masfjorden kommunestyre vil vurdere spørsmålet om bestilling og utarbeiding av ei fagleg teknisk/økonomisk vurdering av ei mogleg kraftutbygging i vassdraget i samband med handsaming av 2011-budsjettet.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	046/10	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	17.06.2010	045/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-015	Arkivsaknr.: 10/412
--------------	---------------------

### SAK 045/10 - INTERNASJONALT ARBEID - VENNSKAPSAVTALAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune ynskjer å etablere eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet skal i første rekkje ha barn og unge som målgruppe, og leggjast slik opp at barn og unge kan involverast direkte i arbeidet med planlegging og gjennomføring av prosjektet.
2. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier konkret eit mogleg opplegg og kostnader for eit samarbeidsprosjekt med Field Band Foundation i Sør Afrika.
3. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier eit mogleg samarbeidsprosjekt og kostnader med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen.
4. I tillegg ynskjer kommunestyret .....

#### KS-045/10 VEDTAK

1. Masfjorden kommune ynskjer å etablere eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet skal i første rekkje ha barn og unge som målgruppe, og leggjast slik opp at barn og unge kan involverast direkte i arbeidet med planlegging og gjennomføring av prosjektet.
2. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier konkret eit mogleg opplegg og kostnader for eit samarbeidsprosjekt med Field Band Foundation i Sør Afrika.
3. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier eit mogleg samarbeidsprosjekt og kostnader med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen.

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Saka vart drøfta.

**Kari Skår Sørheim, sa at KrF** har hatt dette med i programmet lenge. Det er ei kjekk sak og bra at me endeleg er komen så langt. Dette kan vera med å berika oss som kommune og som innbyggjarar.

**Liv Oda Dale, Ap,** støttar Sørheim i at dette er eit veldig positivt prosjekt. Ho sa at pkt 2 og 3 kunne vore i eit punkt.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**FS-046/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Masfjorden kommune ynskjer å etablera eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet skal i første rekkje ha barn og unge som målgruppe, og leggjast slik opp at barn og unge kan involverast direkte i arbeidet med planlegging og gjennomføring av prosjektet.
2. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier konkret eit mogleg opplegg og kostnader for eit samarbeidsprosjekt med Field Band Foundation i Sør Afrika.
3. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier eit mogleg samarbeidsprosjekt og kostnader med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen.

**Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:**

Varaordfører Kari Skår Sørheim tok opptakten til denne saka i formannskapsmøtet den 19. mai.

Sørheim orienterte om saka. Masfjorden kommune har eit kulturfond der ein kan løyva pengar til internasjonale prosjekt.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at me har ein stor moglegheit til å laga eit prosjekt i lag med Field Band Foundation.

Dette er i første rekkje eit prosjekt for barn og ungdom.

Masfjorden kulturskule er leiande i landet i sitt arbeid for barn og ungdom.

Vigdis Søvik sa at Senterpartiet er positive til prosjektet.

Ein skal ikkje alltid sjå på kroner, men på verdiane ein får tilbake. Sp vil vera med å bidra til at dette vert utvikla vidare. Masfjorden skal vera ein triveleg kommune å bu i og vil kalla dette for eit trivselstiltak med å få barn og unge engasjert. Søvik synte til Leif Heggernes sitt arbeid og det engasjementet som var for det arbeidet han gjorde i Afrika.

Dina Dyrhovden, Ap, sa at prosjektet er positivt. Dyrhovden sa at ho var med på møte med Field Band Foundation då dei var på Matre. Det vart sterkt å oppleve å få høyra bakgrunnen til dei som var med der.

Det å ha bevisstheit på internasjonalt og globalt arbeid, kan gå rett inn i kommuneplanen.

Willy Borge, Frp, ser på dette som eit konkret prosjekt. Det er ikkje lagt inn kostnadsramme. Me må gå inn i dette med opne auge og vita kva me går til. Me har kommuneplanen under arbeid, så det må ikkje gå utover dette arbeidet.

Kari Skår Sørheim sa at ho trur ikkje dette nødvendigvis vil kosta så mykje. Ser på det som ein anna type engasjement som som barn og unge vil ha stor glede og nytte av.

Interessant at ein og har fått med eit punkt om klimaplanen i framlegget.

Tore Helland, Frp sa at prosjektet ikkje må gå på bekostning av det som kommunen primært er pålagt å gjera for innbyggerane.

Sørheim oppsummerte om at det hadde vore ein god debatt på denne saka.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune har ikkje vennskapskommunar i andre land og kommunen er heller ikkje knytt opp mot internasjonale prosjekt der våre innbyggjarar har avtalefesta kontakt med innbyggjarar i andre land. Ved fleire høve har dette vore drøfta politisk. I formannskapsmøtet 19.mai under skriv og meldingar tok Kari Sørheim KRF opp dette spørsmålet og formannskapet slutta seg til at det vert lagt fram ei sak om spørsmålet

## HØYRING/UTTALE

### FAKTA

Det er fleire internasjonale program som legg vekt på vennskap og bistand mellom innbyggjarar i ulike land. Nokre av desse er omfattande , og det krev gode søknader for å koma med og det må påreknast å bruka både tid og pengar for å få utbytte av programmet. Det er ulike innretningar, fokus kan vera politisk kontakt over landegrensene, fagleg kontakt for tilsette i kommunal sektor, næringslivskontakt eller internasjonalt arbeid retta mot barn og ungdom.

I starten av prosjektet lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden, søkte vi om å etablera ein vennskapskommuneavtale med ein liknande kommune som vår i Latvia, men søknaden om midlar til dette vart ikkje stetta. Etter dette har ikkje kommunen gjort noko arbeid for å etablera eit opplegg på dette feltet.

Det verkar som om dei fleste kommunar har engasjert seg i ein eller annan type internasjonalt arbeid og kontakt over landegrensar. Spørsmålet om Masfjorden kommune bør ha tiltak på dette området har vore framme ved fleire høve , og saka vert no lagt fram på bakgrunn av formannskapsdrøftinga 19.mai.

I dei uformelle drøftingane som har vore, er det særleg to moglege prosjekt som har vore i fokus. Det eine er eit samarbeid med Field Band Foundation i Sør Afrika. Masfjorden kommune hadde i 2008 besøk av det nasjonale representasjonskorpset frå Sør Afrika på Kraftspela på Matre. Våre skulemusikantar hadde då eit seminar saman med dei og lærde eit konsertnummer som dei framførde saman seinare på dagen. Musikantane hadde ein spennande og meiningsfull dag på Matre. Representantar frå kommunen var med på ei orientering frå direktøren i Field Band Foundation, Retha Cilliers om deira arbeid med musikk, dans og utdanning i townships rundt i store deler av landet, og presentasjonen gjorde inntrykk.

Det andre prosjektet som har vore framme, er at Masfjorden kommune som ein energikommune der det blir produsert betydeleg med fornybar energi, kunne sjå om det var mogleg å finna eit energiprojekt i eit utviklingsland der vi kunne medverka til utvikling av fornybar energi. Vi har ikkje konkretisert noko alternativt land eller prosjekt.

## VURDERING

Internasjonalt samkvem er i fokus i vår tid. Også i Masfjorden er vi opptekne av dette, vi reiser meir utanlands enn før, internett har gjort at det er lett å halda kontakt over landegrensene og landet vårt er på alle måtar sterkt påverka av kva som hender i verda rundt oss. Internasjonalt arbeid har også status, og rådmannen vil særleg peika på at barn og unge er opptekne av dette, det er lærerikt og spennande.

Masfjorden kommune har ikkje store politiske, administrative eller økonomiske ressursar å setja inn i eit internasjonalt prosjekt. Dersom eit slikt prosjekt skal vera vellukka for oss og våre samarbeidspartar, meiner rådmannen at det er viktig å finna eit fokusområde som vi har ressursar til å følgja opp over tid. Det er også viktig at dette ikkje vert eit prosjekt der det er berre politikarar og tilsette i kommunen som vert involvert, men at vi får fram eit opplegg der innbyggjarane gjennom lag og organisasjonar kan vera med og ha gode opplevingar og meningsfull læring. Rådmannen meiner at ein i første rekkje bør ha fokus på barn og unge.

Slik sett er eit samarbeid med Field Band Foundation ideelt. Denne organisasjonen er langsiktig partnar til det norske Fredskorpset, har administrative ressursar i Noreg, har årleg utvekslingsstudentar i Noreg som kunne vitja oss. Dei har også starta Field Band Academy dette året, ein internatskule som truleg kan ta mot utvekslingsstudentar evt lærarar frå Masfjorden. Organisasjonen gjev opplæring i musikk og dans, med eit verdigrunnlag retta mot at borna skal få hjelp til livsopphald, kunnskap om helse og utdanning som gjer at dei kan få arbeid og bidra til ei god samfunnsutvikling i Sør Afrika. I Masfjorden er store grupper av barn og unge aktive med musikk og idrett. Field Band Foundation driv med begge delar- og kommunen kan utvikla eit spennande prosjekt saman med dei. Masfjorden har rekordoppslutning om kulturskulen, og vi har som ein av få kommunar idrettsskule. Eit mogleg prosjekt kunne ta utgangspunkt i ein samarbeidsavtale mellom kulturskulen/idrettsskulen vår og Field Band Academy og utviklast vidare av desse. Rådmannen har stor tru på at dette kunne bli eit vellukka og jordnært samarbeid, med stort læringspotensiale for begge partar.

Det ville og vera spennande og meningsfullt om kommunen som kraftkommune kunne medverka til etablering av fornybar energi i eit lite samfunn i eit utviklingsland. Det har ikkje kome konkrete framlegg til prosjekt og land på dette, men ideen er utan tvil god. Rådmannen meiner at eit slikt tiltak gjerne kunne vurderast i samband med utarbeidinga av klima- og energiplan for Masfjorden. Det ville gje nokre månader til å undersøkje aktuelle land og samarbeidsorganisasjonar, slik at ein kan gje ei konkret vurdering av om dette bør satsast på.

Kommunen må pårekna å bruka noko pengar på eit internasjonalt prosjekt. Det vil likevel ikkje bli ein vesentleg kostnad. Ved besøk/utveksling må det leggjast opp til privat innkvartering og deltaking i det som er dagleg drift og opplegg her hjå oss eller i utlandet. Det er likevel rett å sei at reiseutgifter må kommunen vera budd på å betala, også for samarbeidspartane våre.

Og ved etablering av fornybar energiproduksjon kan det vera etableringsutgifter som må påreknast. Det er likevel vanskeleg å stipulera dette før ein skal utgreia dei ulike alternativa konkret.

## Konklusjon

Det er viktig at kommunestyret drøftar denne saka og at kommunen går inn i det som er dei rette internasjonale prosjekta for oss. Ut frå det som tidlegare ha vore drøfta, har rådmannen summert opp og utgreidd dei alternativa som har vore framme. Det er ikkje gjort formelle førespurnader til aktuelle samarbeidspartar., og det må vera rom for å ta opp fleire framlegg under handsaminga. Det som no er viktigast, er å gjera eit prinsippvedtak om å arbeida vidare for å få fram

Rådmannen meiner at kommunen bør ha eit internasjonalt engasjement og har følgjande framlegg til vedtak.

1. Masfjorden kommune ynskjer å etablere eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Prosjektet skal i første rekkje ha barn og unge som målgruppe, og leggast slik opp at barn og unge kan involverast direkte i arbeidet med planlegging og gjennomføring av prosjektet.
2. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier konkret eit mogleg opplegg og kostnader for eit samarbeidsprosjekt med Field Band Foundation i Sør Afrika.
3. Kommunestyret bed om at rådmannen utgreier eit mogleg samarbeidsprosjekt med eit utviklingsland om etablering av fornybar energi, gjerne som ein del av Klima og energiplanen.
4. I tillegg ynskjer kommunestyret .....
- 4.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	044/10	Alf Strand
Kommunestyret	17.06.2010	046/10	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 10/403
-------------	---------------------

### SAK 046/10 - TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek tilstandsrapporten for grunnskulen 2008-09 til orientering.

#### Finansiering

#### Heimel

### FS-044/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet tek tilstandsrapporten for grunnskulen 2008-09 til orientering.

#### Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:

Rådgjevar Alf Strand var tilstades og orienterte om saka og sa at det i 2008 vart lovpålagt å leggja fram ein årleg tilstandsrapport for grunnskulen.

Strand gjekk gjennom rapporten og orienterte/kommenterte kvar enkelt undersøking. Formannskapet fekk høve til å stilla spørsmål.

Tore Helland, Frp, gav uttrykk for at rapporten var positiv.

Vigdis Søvik, Sp, sa at det er interessant å sjå vurderingane i rapporten. Korleis hadde dei nasjonale prøvane vore om me ikkje hadde hatt høve til å setja inn så mykje ressursar?

Dina Dyrhovden, Ap, synte til at det var Ap som gjorde opptakten til denne saka i spørsmål til kommunestyret den 08.12.09 under skriv og meldingar.. Dyrhovden syns rapporten gjev svar på dei ymse spørsmåla på ein god måte.

Rapporten syner og at me har ein ein god skule i Masfjorden. Ho sa at ho vil ta rapporten med med til partigruppa og koma med tilbakemelding på dei spørsmåla som Ap stilte i kommunestyret.

Lovisa Midtbø sa me har ein nøktern og streng praksis for å gje karakterar. I medarbeidarsamtalane med rektorane er det opptekne av å få til felles mål for opplæringa.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **SAKSTILFANG:**

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Denne tilstandsrapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. Dessutan samla kommunestyret seg i møtet 08.12.2009 om å få utgreidd ei sak om m.a. bruk av ressursar i grunnskulen. Bakgrunnen var at Arbeidarpartiet i det møtet la fram eit skriv med oppmoding om at det blir førebudd ei sak om dette emnet.

Skrivet lyder slik:

”Masfjorden Arbeidarparti har lest og drøfta resultatata frå Nasjonale prøvar 2009. Desse resultatata veit me svingar frå år til år, og i små grupper får einskildelevar sine prestasjonar store utslag. Det er viktig at det er den enkelte elev si læring, sine resultat og vidare utvikling som skal stå i sentrum.

Administrasjonsutvalet gav i sitt møte den 30.11.09 ein uttale der ein er bekymra for dei høge kostnadane som er i skulen i høve til elevtalet. Me er informerte om vanskar med å rekruttere utdanna lærarar med rette fagkombinasjonar.

Me som sit i Masfjorden kommunestyre er skuleeigarar. Me må interessera oss for resultatata som våre skular har. Me skal vera opptekne av at våre elevar skal ha gode oppvekst- og læringsmiljø. Me vil at dei skal få gode resultat i grunnskulen, slik at dei har eit godt fundament å byggja vidare på.

Me i Masfjorden arbeidarparti vil sjå på korleis me brukar ressursane innan skule i dag, og få vurdert kva me kan gjere for å setje fokus på utvikling og resultat i skulen? Me er interessert i organisering, bruk av kompetansehevingsmidlar, har me robuste og utviklande fagmiljø?

Korleis er det sosiale miljøet i elevgruppene?

Masfjorden arbeidarparti bed om at rådmannen førebur ei sak til formannskap og kommunestyre til våren, gjerne til mars-møtet.”

Rådmannen har teke desse problemstillingane med i tilstandsrapporten, pkt. 4 konklusjonar.

## FAKTA

Tala i tilstandsrapporten er henta frå dei offentleg tilgjengelege tala som finst i [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen.

## VURDERING

Rådmannen sine vurderingar kjem fram i tilknytning til kvart punkt i rapporten.

## KONKLUSJON

Tilstandsrapporten vert teken til orientering.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	043/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	17.06.2010	047/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 09/748
--------------	---------------------

### SAK 047/10 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR FOR ÅR 2010 FOR MASFJORDEN KOMMUNE - GJELD FRÅ 01.07.2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor frå 01.07.2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Ingen kostnad utover sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

#### FS-043/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor frå 01.07.2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

#### Finansiering

Ingen kostnad utover sjølvkostprinsippet

#### Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

**Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:**

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte om at det ikkje er tal eller gebyrendringar i denne saka.

Det er berre redaksjonelle endringar som er tilpassingar til ny plan- og bygningslov.

Dei to prinsippa som er viktig er innføring av vintertid. Ein oppmålingsforretning krev berr mark. Det skal og vera frist på å gjennomføra ein oppmålingsforretning.

Me har teke det inn i gebyrregulativet som ei lokal forskrift. Då gjeld ikkje tidsfristen for å få oppmålt.

Lovverket krev at det må gå fram av gebyrregulativet kor mange prosent av byggesaksgebyret som går til oppfølging av ulovleg bygging. Det er teke inn i regulativet at kommunen sine kostnader av byggesaksgebyret utgjer 15 %.

**Gebyrregulativ for teknisk sektor frå 01.07.2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**KS-047/10 VEDTAK :**

**Gebyrregulativ for teknisk sektor frå 01.07.2010 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Finansiering**

Ingen kostnad utover sjølvkostprinsippet

**Heimel**

Går fram av framsida på gebyrregulativet

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	16.12.2009	Teknisk miljø og landbruk	Melding om politisk vedtak - Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2010 for Masfjorden kommune
3	I	05.05.2010	Kommunal- og regionaldepartementet	Kommunens fastsetting av forskrift om gebyr i medhold av ny plan- og bygningslov § 33-1

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Frå 1. juli blir tiltaksdelen av plan- og bygningslova (resten av lova) sett i kraft og dermed òg ein ny heimel for gjeldande gebyr etter lova. Det medfører at kommunane minimum må oppdatere lovreferansen for gebyra etter plan- og bygningslova og namna på gebyreiningane som samsvarar med ny lovtekst og tilhøyrande §-tilvising.

Det er ingen reell skilnad på gebyrheimelen i den nye lova og lova som går ut. Men i den nye gebyrparagrafen (§ 33-1) er kome inn følgjande formelle tilleggskrav:

”Andelen av gebyr som innkreves for tilsyn skal framgå av regulativet”.

Så i tillegg til oppdatering av regulativet med det som er understreka, må regulativet til kommunen også tilfredsstilla dette formelle kravet.

Frå 01.01.2010 blei den nye matrikkellova gjort gjeldande. Det var ei ny lov. Kommunane i regionen hadde fått tilsendt ein nasjonal mal godkjent av KS ved utarbeiding av den regionale fellesmalen for gebyrregulativet for teknisk sektor. Det har synt seg behov for nokre tilleggsgreglar til dette regulativet for matrikkellova. I og med at gjeldande regulativ for pbl må reviderast, vil det vera rasjonelt at ein samstundes tek med nokre justeringar (tilleggsgreglar) til matrikkellovgebyra.

### FAKTA

Gebyrregulativet vart sist revidert i KS-sak 08.12.2010 som sak 096/09.

### VURDERING

Nordhordland digitalt handsama revidering av gebyrmalen på sitt møte den 12.05.2010. Det vart då vedteke ny revidert mal. Det er frå NH-digitalt gjort greie for hovudendingane slik:

-----

#### Endring av gebyrregulativet for plan- og bygningslova (kap. C i regulativet)

Den nye pbl vil medføra nokre endringar i kommunen sine oppgåver, men fagadministrasjonane er usikre på i kva grad dette vil medføra behov for endring av nåverande struktur og satsar. Desse vurderingane tilrår fagadministrasjonane at ein gjer ved utarbeiding av regulativet for 2011.

Når det gjeld det nye kravet om at det skal gå fram av regulativet kor stor del av ”byggesaksgebyret” som går med til kommunen si tilsynsverksemd, har kommunane i regionen gode data for å synleggjera dette. Dette kjem seg av at regionen frå 2005 organiserte dette tilsynsarbeidet ved etablering av eit felles interkommunalt tilsynsorgan (NGIT). Retningslinene for organet er at omfanget av tilsyn skal vera nokolunde likt for kommunane i regionen i høve til saksMengda i den einskilde kommunen.

Organet er sjølvfinansiert ved at kommunane betalar til tilsynsorganet i høve til det tilsynet som blir utført. Eigeninnsatsen for kommunen (som kjem i tillegg), har kommunen relativt gode data for. Det er opp til den einskilde kommune å finna dekning for sine kostnader til organet. Dei fleste kommunane har innbakt kostnadene i byggesaksgebyra, men i nokre av kommunane er ikkje sjølvkostprinsippet heilt gjennomført for byggesaksgebyra. (Varierende grad av subsidiering.)

### **NH-digitalt si tilråding**

Kommunane endrar ikkje satsane i gjeldande gebyrregulativ; men vedtek dei redaksjonelle endringane som den nye lova medfører og fører inn i det reviderte regulativet opplysning om kor stor del av byggesaksgebyret som utgjør kommunens kostnader til tilsyn.

### Endring av gebyrregulativet for matrikkellova (kap. D i regulativet)

Etter § 18 i matrikkelforskrifta er det ein generell frist for kommunen på 16 veker på å fullføra eit krav om oppmålingsforretning mot 3 år i delingslova. I tillegg er det som i pbl innført regel om tap av gebyr dersom kommunen brukar lengre tid enn forskriftfest. Då oppmålingsforretning normalt krev bar mark for deler av arbeida, står følgjande i § 18 tredje ledd i forskrifta:

*Kommunestyret selv kan i forskrift vedta at fristen ikke løper i en bestemt tid om vinteren.*

Det mest praktiske er at ei slik forskrift blir innarbeidd i gebyrregulativet. Miljøvern-departementet tilrår det.

Kva som skal definerast som vinter, vil variera frå kommune til kommune. I den felles gebyrmalen er brukt des., jan., feb. og mars. Den einskilde kommune set inn den tida som høver for seg i sitt regulativ.

I regulativet, som kommunane har etter delingslova, har ein redusert gebyr i dei sakene som kan gjerast ferdig utan å gå i marka. I KS malen som er lagt til grunn for dagens regulativ, var denne ordninga ikkje teke med. NH-digitalt finn det rimeleg å oppretthalda den tidlegare praksisen. Det medfører eit tillegg i regulativet om denne type saker. (Nytt pkt. D.1.6)

For kommunane er det ønskjeleg at Vegvesenet (og Jernbaneverket) sjølv utfører oppmålingsforretningane for sine eigedomar og eigedomsverv. KS-malen for matrikkellova har ikkje teke høgde for ei slik arbeidsdeling. I revisjonsutkastet for gebyrmalen er det derfor og teke inn eit nytt punkt (D.7) om slik arbeidsdeling. (Er med i KS-malen for delingslova) og punktet er gjort generelt slik at det og kan dekkja andre enn dei to nemnde statsetatane. Hovudbodskapen er at bruken føreset avtale med kommunen og at utførar har kompetent landmålar godkjent av kommunen som står for arbeida.

Dersom kommunestyret legg malutkastet til grunn, treng ikkje avtalane om arbeidsdeling opp i kommunestyra. Då har administrasjonen dei fullmaktene som trengst for å kunna gjera dei avtalane som måtte bli aktuelle (slik som tilhøva var for delingslova).

Der administrasjonen ønskjer at desse avtalane skal avgjerast i kommunestyret, må regulativet berre ha med dei to første setningane i gebyrmalens pkt. D.7. Det gjorde seg gjeldande ulike oppfatningar om kommunestyret sjølv burde vedta desse avtalane eller ei. Dette kan enkelt løysast ved at dei kommunane som ikkje delegerer til administrasjonen å inngå desse avtalane, vedtek berre dei to første setningane i den reviderte gebyrmale for dette punktet i gebyrregulativet.

Nåverande pkt. D.7 blir D.8

### **Forslag til revidert gebyrregulativ for teknisk sektor med verknad frå 01.07.2010**

I gjeldande regulativ for teknisk sektor blir det gjort følgjande endringar:

1. På oppslagssida blir dato for regionalt sist justert mal retta til 12.05.2010, første kulepkt. Blir retta til: til § 33-1 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, og at regulativet gjeld frå 01.07.2010
2. I pkt. A.1 skal referansen i tredje ledd vera § 33-1 og i fjerde ledd skal til slutt stå C.3, C.5, E.3, F og G.3 (dei tre siste tilvisingane uendra)
3. Pkt. C Plan og bygningslova: ny §-tilvising (§ 33-1)
4. Refusjonssaker (gjeldande pkt. C.4) blir endra til C.3 og hovudpunkt og underpunkter blir oppdatert med nye lov- og punktreferansar
5. Dispensasjon (gjeldande pkt. C.3.2) blir endra til C.4 og får tilført (kap 19) i overskrifta. For dispensasjonskategori 3 skal lovreferansen endrast til (kap. 20)
6. Pkt C.3 blir endra til: C.5 Søknadspliktige tiltak (kap.20), C.3.1 til: C.5.1 Tiltak som søkjar sjølv kan stå for, jf. §§ 20-1 og 20-2, pkt. C.3.3 til: C.5.2 Tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jf. § 20-1 2. ledd. I tillegg blir ført inn som ny andre ledd: I gebyra for ”byggesakene” utgjør kommunens kostnader til tilsynsoppgåva x % av gebyret, jf. § 33-1 i lova
7. Pkt C.3.4 blir endra til: C.5.3. Lovreferansen, undernummerering og referansen til dispensasjon blir oppdatert. Dei resterande C.3 pkt. blir endra til C.5 pkt. og undernummerering og referansar oppdatert. Pkt. C.5 i gjeldande regulativ blir pkt. C.5.9 i det reviderte regulativet og elles oppdatert med endringa i gebyrreferanse og lovreferanse
8. I pkt. D (gebyr etter matrikkellova) blir innført følgjande forskrift om vintertid:  
**Vintersesong, jf. MF § 18 3. ledd.**

Kommunestyret vedtek at tida 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfest frist for fullføring av oppmålingsforretning. I tillegg blir innarbeidd følgjande nye pkt:

#### **D.1.6 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid**

Dersom oppmålingsforretning blir utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75 % av ovanstående satsar.

#### **D.7 Gebyr til kommunen når oppmålingsforretning etter skriftleg avtale med kommunen blir utført av rekvirent med kvalifisert landmålar**

Rekvirent som ønskjer å utføra sjølv oppmålingsforretninga ved kvalifisert landmålar (godkjent av kommunen), må ha skriftleg avtale med kommunen om dette. I avtalen skal m.a. fastsettast arbeidsdeling og, samhandlingsrutinar. Ved utrekning av gebyra skal nyttast følgjande %-satsar:

Oppgåve	
1 Tilrettelegging av datagrunnlag	10 %
2 Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande	40 %



dokumentasjon	
3 Tekniske arbeid og dokumentasjon	15 %
4 Kontroll av oppmålingsforretninga og matrikkelføring	35 %

-----

Rådmannen har ut frå rekneskapen frå tidlegare år og estimert medgått tid internt i kommunen, kome til at kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåva utgjer 15 % av byggesaksgebyret.

Rådmannen har følgd NH-digitalt si tilråding og definert vintersesong som tida mellom 01.12 – 31.03 kvart år.

Rådmannen rår til at ein tar ein heile D.7 (både tekst og tabell over arbeidsdeling) inn i gebyrregulativet då vegvesenet har utført svært lite arbeid i kommunen siste åra og rådmannen ikkje veit om noko slikt arbeid dei neste åra.

## KONKLUSJON

Rådmannen er samd i dei tilrådingane som er gjeve av NH-digitalt og har innarbeidd desse i gebyrregulativet saman med merknadane over. Rådmannen vil difor tilrå at kommunestyret vedtek regulativet slik det ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	045/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	17.06.2010	048/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-566	Arkivsaknr.: 10/368
--------------	---------------------

### SAK 048/10 - ADRESSENAMN I MASFJORDEN KOMMUNE - FRAMLEGG TIL NYE NAMN OG ENDRINGAR PÅ ADRESSEPARSELLAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vedtek følgjande nye adressenamn:

- Sandnesstykket, Duesundøyna, Litlekupa, Rekneset, Kjekallen, Nordkvingo, Sørkvingo, Støvikvegen, Risneskaien

Masfjorden kommune tar endring i skrivemåte for vegnamna Yndesdalsvegen og Mollandsøyna til orientering.

**Finansiering:** Ingen kostnad

**Heimel:** Matrikkellova § 21, jf. Matrikkelforskrifta § 51

### FS-045/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune vedtek følgjande nye adressenamn:

- Sandnesstykket, Duesundøyna, Litlekupa, Rekneset, Kjekallen, Nordkvingo, Sørkvingo, Støvikvegen, Risneskaien

Masfjorden kommune tar endring i skrivemåte for vegnamna Yndesdalsvegen og Mollandsøyna til orientering.

Masfjorden kommune vedtek adressenamnet Dragseidevegen for adresseparsell 1021.

**Finansiering:** Ingen kostnad

**Heimel:** Matrikkellova § 21, jf. Matrikkelforskrifta § 51

**Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:**

Rådgjever Anne Kristin Rafoss orienterte om at vegen på Risnes forbi lensmannskontoret og utover hadde fått namnet Strandevegen. Dette er og vedteke i kommunestyret, men det kan ikkje kan brukast då det er i bruk i annan kommune i vårt adresseområde. Rådmannen vil difor føreslå Dragseidvegen som eit aktuelt forslag. På kartet heiter det Dragseidet der vegen sluttar.

Rådmannen bad om at følgjande punkt vart lagt til vedtaket:

Masfjorden kommune vedtek adressenamnet Dragseidevegen for adresseparsell 1021.

Formannskapet drøfta saka.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak inkludert tilleggspunktet vart samrøystes vedteke.**

**KS-048/10 VEDTAK :**

**Masfjorden kommune vedtek følgjande nye adressenamn:**

- Sandnesstykket, Duesundøyna, Litlekupa, Rekneset, Kjekallen, Nordkvingo, Sørkvingo, Støvikvegen, Risneskaien

**Masfjorden kommune tar endring i skrivemåte for vegnamna Yndesdalsvegen og Mollandsøyna til orientering.**

**Masfjorden kommune vedtak adressenamnet Dragseidevegen for adresseparsell 1021.**

**Finansiering:** Ingen kostnad

**Heimel:** Matrikkellova § 21, jf. Matrikkelforskrifta § 51

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

**Saka vart drøfta.**

**Willy Borge, Frp,** stilte spørsmål om kva tid alle i kommunen får melding om ny adresse?

Lovisa Midtbø orienterte om at dette arbeidet vert gjort fortløpande, men det har ikkje vore ressursar til å få sendt ut til alle enno.

Rådgjever Anne Kristin Rafoss orienterte og sa at det er registrert inn 500 adresser, men det endelege talet kjem godt over 2000. Målet er å vere ferdig til jul.

**Liv Oda Dale, Ap** sa at i denne prosessen med adressenamn er det ting som kunne vore gjort betre. Det har vore stor frustrasjon blant folk. Det skulle vore informert til kvar enkelt, då ikkje alle har fått med seg den informasjonen som har vore sendt ut.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa seg samd med Dale og meiner det i tillegg skulle vore opplyst om at det i tillegg til den nye adressa og kan bruka stadnamnet.

### **Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## **SAKSTILFANG:**

## **SAKSUTGREIING:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	U	11.05.2010	Austrheim kommune; Fedje kommune; Gulen kommune; Meland kommune; Modalen kommune; Lindås kommune; Radøy kommune	Framlegg til nye namn og endringar på adresseparsellar i Masfjorden kommune
2	I	14.05.2010	Radøy kommune	Svar på framlegg til nye namn og endringar på adresseparsellar i Masfjorden kommune
3	I	20.05.2010	Gulen kommune	Framlegg til nye namn på adresseparsellar i Masfjorden - attendemelding
7	I	25.05.2010	Knut Tangedal	Ope brev til Masfjorden kommune
4	I	27.05.2010	Lindås kommune	Framlegg til nye namn og endringar på adresseparsellar i Masfjorden
5	I	28.05.2010	Sigmund Holmaas m/fleire	Nye namn og endringar på adresseparsellar
8	I	02.06.2010	Telenor	Tildeling av adresser

## BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok plan for innføring av offisielle adresser og vegnamn for dei 50 adresseparsellane som då var identifisert den 22.09.2005 som sak 0037/5.

Det har kome forslag om å endre vegnamnet Åbakken til Skuteviken.

I samband med etablering av adresser til alle eigedomane i kommunen, har rådmannen identifisert 9 nye adresseparsellar der rådmannen har hatt utkast til vegnamn som no har vore ute på høyring. Desse vegparsellane er lista under:

**Stykket eller Sandnesstykket** (sideveg til adresseparsell Austfjordvegen som dekker bustadhus i Stykket bustadfelt inkludert barnehagen og omsorgsbustader)

**Duesundøyna** (sideveg til adresseparsell Fensfjordvegen som dekker arealet innafor reguleringsplan for Duesundøy - Bustadhus og hytter)

**Litlekupa** (områdeparsell - regulert hyttefelt i Stordalen – Litlekupa hyttefelt)

**Rekneset** (sideveg til adresseparsell Masfjordvegen som dekker spreidd busetnad i Rekneset)

**Kjekallen** (sideveg til adresseparsell Austfjordvegen som dekker arealet innafor regulert hyttefelt i Kjekallen)

**Nordkvingo** (sideveg til adresseparsell Austfjordvegen som dekker spreidd busetnad på Nordkvingo og spreidd hytte- og stølsmiljø på gnr 37 inkludert Nordkvingesetra)

**Sørkvingo** (sideveg til adresseparsell Austfjordvegen som dekker spreidd busetnad på Sørkvingo og spreidd hytte- og stølsmiljø på gnr 38 inkludert Sørkvingesetra)

**Støvikvegen** (sideveg til adresseparsell Fensfjordvegen som dekker spreidd busetnad og hytter på sørsida av fv 570 (mellom byggefeltet på Hosteland og Nordbygda senter))

**Risneskaien** (sideveg til adresseparsell Sleirsvegen som dekker busetnad og næring på kaien samt spreidd fritidsmiljø på Kjeøyna, Dragøyna, Staurøyna, Dyrøyna og Haugsøyna). Denne adresseparsellen fører til at vedteke adressenamn Kjøya går ut

## HØYRING

Saka vart sendt på høyring til nabokommunane og lagt ut på kommunen si heimesida. Høyringsfrist var sett til 27.05..2010. Det har kome 5 merknader til saka.

## UTTALE

### Radøy kommune

Radøy kommune skriv at dei ikkje har særlege merknader til framlegg til namn på adresseparsellar, men vil likevel gjere merksam på at Radøy kommune har ein adresseparsell med namnet Risnes. Denne vegen slutar på Risnes kai. Det vil såleis kunna føra til forveksling av namn i ein slik samanheng. Radøy ser gjerne at det kan finnast eit anna namn på den føreslegne parsellen.

### Gulen kommune

Gulen kommune skriv at det er ingen like namn og heller ikkje namn som kan forvekslast med vegadresser i Gulen.

Lindås kommune

Lindås kommune har ingen merknader til dei føreslegne namna på adresseparsellar i Masfjorden kommune.

Sigmund Holmås m/fleire

Sigmund Holmås skriv at det er tatt ein liten runde med dei andre som bur i byggefeltet og dei liker namnet Sandnesstykket. Det er pga at det viser at vegen ligg på Sandnes og at byggefeltet oppom vegen har namnet Sandneslia.

Knut Tangedal

Knut Tangedal skriv at i samband med at kommunane i Nordhordland skal lage husnummer til kvart hus så er det nokon merkelege adresser som dukkar opp. No er det at dei som har tilhald på holmane utanfor Strømsvik og dei som bur i Strømsvik skal ha adresse Risneskaien. Tangedal skriv at denne kaien eksisterer ikkje lenger; det er over 40 år sidan siste rutebåt gjekk til kaien som vart kalla Risneskaien (men som ligg på Strømsvik).

Reidunn Rønhovde

Reidunn Rønhovde skrive at området frå Granneheimen til og med sjøområdet rundt Marine Harvest sitt smoltanlegg er del av bnr 2 – Skuteviken. Namnet Skuteviken sto i skøyte då Ludvig Konow kjøpte bruket i 1881

## FAKTA

Eit av vegnamna (Strandevegen) som kommunestyret vedtok var likt eit allereie etablert vegnamn i ein av nabokommunane. Dette vegnamnet kan ikkje nyttast i Masfjorden kommune (jf plan for innføring av offisielle adresser).

Statens kartverk har, etter kommunestyrevedtaket , gjort vedtak i to namnesaker (Yndesdalen og Mollandsøyna) som fører til endringar i kommunen sine adressenamn.

## VURDERING

**Duesundøyna, Litlekupa, Rekneset, Kjekallen, Nordkvingo, Sørkvingo og Støvikvegen.**

Det har ikkje kome merknader til desse adresseparsellane og rådmannen tilrår difor at desse namna vert nytta som vegnamn.

**Stykket eller Sandnesstykket**

Rådmannen legg vekt på at dei som bur i bustadfeltet ønskjer Sandnesstykket som vegadresse, og tilrår difor dette vegnamnet.

**Risneskaien**

Rådmannen meiner at adressesystemet for kommunen på mange måtar har tatt godt vare på gardsnamn, men ser at det har vore naudsynt å ta i bruk nyare tids konstruerte namn som td. Masfjordvegen og Austfjordvegen for å få namnsett alle adresseparsellane. Sognevegen er eit eksempel på eit heilt nykonstruert adressenamn pga adresseprosjektet.

Risneskaien var kjent langt utafor Masfjorden sine grenser i den tid då det var dampskipskai her og seinare då ferja la til her. Mange av dei som held til på øyane utafor i dag, kom til denne kaien med offentleg transport før dei nytta eigen båt ut til eigedom sin. Dei referer i all dialog dei har med kommunen til Risneskaien.

Innafor reiselivsinteressene er og Risneskaaien godt kjent. Det er konkrete planar om tilrettelegging av gjestehamn på denne kaaien, og han vert i alle dokument rådmannen kjenner til omtalt som Risneskaaien.

Rådmannen er kjend med at Risneskaaien ligg i Strømsvik, men meiner at det er sterke brukartradisjonar for at vegnamnet skal vere Risneskaaien. Reguleringsplanen for området som har vore ute på høyring har og namn som inneheld Risneskaaien.

Rådmannen trur ikkje at forvekslingsfaren med adressenamnet i Radøy vil vere stort, då ein der ikkje har adresseiningar knytt til kaaien og område utafor slik det vert i Masfjorden.

### **Åbakken vs Skuteviken**

Adresseparsellen går frå x fv570 via Marine Harvest sin eigedom og vidare til Åbakken. I plan for adresssystemet går de fram at ein så langt som mogeleg skal velje adressenamn som har samanheng med den staden vegen endar. Legg ein dette åleine til grunn, ser ikkje rådmannen at det er grunn til å endre namnet på denne adresseparsellen.

### **Mollandsøyna**

Statens kartverk vedtok den 11.09.2008 at rett skrivemåte for omtalt stadnamn er Mollandsøyna. I plan for adresssystemet går det fram at vegnamn som har opphav i stadnamn skal følgje gjeldane skrivemåte. Områdenamn i Masfjorden – Mollandsøya – vert difor endra til Mollandsøyna

### **Yndesdalsvegen**

Statens kartverk vedtok den 10.11.2009 at rett skrivemåte for omtalt gardsnamn er Yndesdalen. I plan for adresssystemet går det fram at vegnamn som har opphav i gardsnamn skal følgje gjeldane skrivemåte. Vegnamn i Masfjorden (og Gulen) – Yndesdalsvegen - vert difor endra til Yndesdalvegen.

### **Dragseidevegen**

Kommunestyret vedtok den 22.09.2005 at adresseparsellen frå x rv570 til Straumsvika skulle får vegnamnet Strandevegen trass i at innstillinga frå rådmannen var Dragseidevegen. Strandevegen var allereie på vedtakstidspunktet i bruk i ein annan kommune innafor adresseområde, og kan ikkje nyttast i Masfjorden kommune. Rådmannen har ikkje funne noko anna tenleg vegnamn for denne adresseparsellen, og vil rå til at det no vert vedteke Dragseidevegen som vegnamn.

## **KONKLUSJON**

f vurderingane.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	047/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.06.2010	049/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-100	Arkivsaknr.: 10/416
--------------	---------------------

### SAK 049/10 - EIGARMELDING/STRATEGI EINEKAVANE AS

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eigarmeldinga/strategi for selskapet Einekavane AS vert teken til vitring.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til;

- Einekavane
- Revisjonen

### FS-047/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Eigarmeldinga/strategi for selskapet Einekavane AS vert teken til vitring.

#### Utskrift til;

- Einekavane
- Revisjonen

### Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes teke til vitring.



**KS-049/10 VEDTAK:**

**Eigarmeldinga/strategi for selskapet Einekavane AS vert teken til vitring.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Powerpoint presentasjon framlagt for Kommunestyret etter generalforsamling den 27.mai 2010 v/styreleiar Reidun Kvamsdal.

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Styret for Einekavane har handsama og utvikla ein strategi for selskapet i løpet av vinteren/våren, som ein no legg fram for eigarane.

**HØYRING**

Saka vert lagt fram med tanke på å få støtte og innspel/korrigerings av strategien frå eigarane på korleis styre ser for seg utvikling av selskapet.

**UTTALE**

Saka vert lagt fram med tanke på at Kommunestyret/eigarane kan komme med uttale og korreksjon av strategien for selskapet, eller gi støtte til den utarbeidde strategien.

## FAKTA


## STRATEGI EINEKAVANE A/S 2010 – 2013

## Føremåls paragraf

- **Vi er Masfjorden kommune sitt fremste organ for:**

- Arbeidstrening
- Aktivisering
- Habilitering/ rehabilitering
- Attføring

## ORGANISASJON



## Våre produkt og tenester:

### KJØKKENAVIDLING - Produksjon av:

- Brød, snittar, kaker og middag
- Kafé ein gang i månaden

- Matsservering for bussturistar
- Utleige av møterom / selskapslokale
- Husflid og handarbeid

### VASKERIAVIDLING:

- Vask av klede

- Utleige av sengetøy og matter

## DAGTILBOD for Masfjorden og Modalen kommunar

### Utegruppa:

- Ved/ strømproduksjon
- Vedlikehaldsoppdrag
- Drift av symjeanlegg

- Tekniske tenester
- Snørydding og strøing
- Vedlikehald/ reinhald busstur E – 39

- Vedlikehald rasteplassar E – 39
- Vinterlagring rastebord
- Oppsyn toalettanlegg E–39
- Siktrydding

## Forretningsidè

Vi skal for vår kjernevirksomhet i eigen regi eller i organisert samarbeid med andre ha det mest komplette tilbud av NAV (arbeid, trygd og sosial) sine ulike arbeidsrelaterte tiltak for yrkeshemma og den beste kompetanse på yrkesretta attføring i kommunane Masfjorden, Gulen og Modalen.

Vi skal være underleverandør til det lokale næringsliv av varer og tenester innafor områder som passar vår arbeidskraft og der våre arbeidstakara kan meistra å utføre arbeidet mest mulig sjølvstendig. Vi skal ha konkurransedyktige prisar og kvalitet og tilby ein unik logistikk gjennom vår nærheit til markedet.

## Visjon

- Einekavane A/S skal bidra til at yrkeshemma får personlig utvikling og auka livskvalitet gjennom meningsfullt arbeid.
- Vi skal aktivt integrere yrkeshemma i arbeidslivet og positivt påvirke holdningane til kva dei kan tilføre arbeidsmarkedet.
- Visjonen til Einekavane A/S er: Vi kan, vi vil - og vi får det til.

### Milepælplan strategiprosess 2010

Styremøte med klarlagte ynskjer fra eigar	Utkast til ny strategi-plan. Endelig utkast styret	Styrebehandling av utkast	Oppdatert strategi-plan godkjent av styret	Budsjett og oppdatert strategi-plan	Endelig styrebehandling
<b>Januar.</b>	<b>Mars/april/mai</b>	<b>Mai</b>	<b>Juni/Sept..</b>	<b>Nov.</b>	<b>Des.</b>
Utvida styremøte med formannskapet	Heldags strategi-møte, evaluering resultat, nye mål og strategier neste periode	Utkast til strategi-plan gjennomgås av styret. Avgir innstilling til Generalforsamling	Revidert utkast er bearbeida og behandlast på nytt av styret	Budsjett for neste år utarbeida og strategiplanen oppdaterast om naudsynt	Endelig budsjett og strategi-plan behandles av styret

### Føremål med eigarmøtet i forkant av strategiprosess

Fellesmøte mellom formannskapet og Einekavane for å diskutera:

- Områder innan dagens arbeid i bedrifta som ein ønskjer å forsterka.
- Oppgåver innan eigarkommunen som det er ønskjelig å bruke bedrifta sin kompetanse og ressursar for å løyse på kommersielle vilkår.
- Kva som er aktuelt ut fra bedrifta sine vedtekter, forretningsidé og økonomiske forutsetningar.

Endringar i rammevilkåra for verksemnda t.d. NAV reforma, ny samarbeidsavtale NAV etc.

## NAV og eigarkommune/ane

### Mål 2010 - 2013:

NAVs fremste samarbeidspartnar innan arbeidsmarkedstiltak for yrkeshemma og arbeidsrelatert attføring i kommunane Masfjorden, Gulen og Modalen. På kommersielle vilkår bidra til å løysa viktige samfunnsoppgaver i eigarkommune/ane

### Strategier 2010 - 2011:

- EQUASS sertifisering av verksemda.
- Satsing på å få plasser i tiltaket APS
- Tilpasse verksemda til endringar i regelverket om arbeidsmarkedstiltak.

## Utviding av tiltak

### Satse på nye NAV tiltak:

- Raskare attende/ nye tiltak for langtidssjukemeldte
- Kvalifiseringsprogrammet
- APS

Kartleggja kva vi treng av metodar og kompetanse. Kurse personale og eventuelt tilsetja ny person når etterspørselen aukar

### Kommunalt finansierte tiltak:

- Kommunalt finansierte VTA-plasser

## Produksjon og næringslivskundar:

### Mål 2010 - 2013:

Rasjonell produksjon og jevn tilgang av oppdrag som passar vår arbeidskraft og gir relevant praksis for attføring

### Strategier 2010 - 2013:

- Benytte produksjonsutstyr, utstyr og teknologi som næringslivet for øvrig
- Arbeidsoppdrag som ikkje krev faglært arbeidskraft og som arbeidstakarane kan lærast opp til å utføre sjølvstendig
- Skaffe årsavtaler som gir forutsigbarhet i arbeid og produksjon

## Organisasjon

### Mål organisasjon 2010 - 2013:

Organisering med klar arbeidsfordeling og ansvar. Organisasjonen har ein tilsetjingspolitikk for å rekruttera og behalda kvalifisert personell, velge tilsette utifrå naudsynt krav til kunnskap, ferdigheit og kompetanse.

**Strategier 2010 - 2013:**

- Attføringsansvarlige for leveranser til NAV / kommunane.
- Produksjon ansvarlig varer og tjenester til næringsliv og arbeidspraksisplasser for Attføring.
- Bedriftskultur i tråd med verdigrunnlaget: arbeid, aktivitet og trivsel.
- Medarbeidersamtaler og personlige utviklingsplanar

**Kompetanse****Mål kompetanse 2010 - 2013:**

Å utvikla kompetanse i samsvar med krav fra NAV og andre samarbeidspartar

**Strategi for kompetanseutvikling i 2010 - 2013:**

- Evalueringssamtalar og personlige utviklingsplanar for VTA deltakere og deltakere i attføring
- Innføre kompetansebevis
- Gi kompetanse i forhold til nye tiltak.
- Meir kompetanse om rus/psykiatri
- Leiarutvikling gjennom personlige utviklingsplanar

**Økonomi:****Mål økonomi 2010 - 2013**

- Auke sum driftsinntekter fra arbeidsmarkedstiltak/
- tilskot og salg av varer / tjenester fra produksjon
- med 10 - 20 %
- Personalkostnader skal ikkje stige vesentlig
- Frigjorte midlar til investering og nedbetaling av lån

**Strategier 2010**

- Nye NAV tiltak innan ikkje skjerma sektor
- Nye APS - plasser
- Skaffe nye oppdrag som sikrar god og jevn utnytting av produksjonskapasiteten
- Sikre fornying av alle avtalar i produksjon og tenester
- Stram kostnadsstyring i bedriften
- Prosjektrekneskap over dei ulike produksjonsavdelingar

## **Samarbeid utover kommunegrensene**

### **Mål samarbeid 2010 :**

Samarbeid Gulen og Modalen

### **Strategier 2010- 2013:**

Samarbeidsavtaler Gulen og Modalen

Samarbeidsseminar for alle bedrifter i Nordhordland

Samarbeidsmøter daglige leiarar og styreleiarar

Faste samarbeidsmøter daglige leiarar

Samarbeidsavtalar med andre bedrifter

## **KONKLUSJON**

Ein tilrår at Kommunestyret støttar og godkjenner strategi for selskapet Einekavane AS, gjennom å ta saka til vitring.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.06.2010	011/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.06.2010	050/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 07/807
--------------	---------------------

### SAK 050/10 - STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2010 - 2014 - MED PERSPEKTIVER MOT 2025 - BUSINESS REGION BERGEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune sluttar seg til Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025, med de visjonar, hovudmål og strategiar som framgår av dokumentet. Kommunen vil søkje å innarbeide planelementa i eigne kommunale planer kor dette er relevant.
2. Masfjorden kommune tilrår at følgjande element vert lagt til som tilleggsuttale til planutkastet:
  - a)
  - b)
  - c)
  - .....
3. Masfjorden kommune vil utarbeide eiga sak/SNP og herunder handlingsplan som fell inn under den overordna plandokumentet Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025

#### Finansiering

#### Heimel



**KS-050/10 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune sluttar seg til Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025, med de visjonar, hovudmål og strategiar som framgår av dokumentet. Kommunen vil søkje å innarbeide planelementa i eigne kommunale planer kor dette er relevant.
2. Masfjorden kommune tilrår at følgjande element vert lagt til som tilleggsuttale til planutkastet:
  - a) bru over Masfjorden, viktig samferdselsprosjekt
  - b) samferdselsutfordringar i Nordhordland er for lite belyst i planen
  - c) nordsida av Fensfjorden er eit viktig utviklingsområde for Business region Bergen (BRB)
3. Masfjorden kommune vil utarbeide eiga sak/SNP og herunder handlingsplan som fell inn under den overordna plandokumentet Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025. Masfjorden kommune meiner og at ein må ha ein regional strategisk næringsplan v/regionrådet, og at regionrådet må rullere SNP då BRB planen er for lite konkret og for generell.

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT-011/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Masfjorden kommune sluttar seg til Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025, med dei visjonar, hovudmål og strategiar som framgår av dokumentet. Kommunen vil søkje å innarbeide planelementa i eigne kommunale planer kor dette er relevant.
2. Masfjorden kommune tilrår at følgjande element vert lagt til som tilleggsuttale til planutkastet:
  - a) bru over Masfjorden, viktig samferdselsprosjekt
  - b) samferdselsutfordringar i Nordhordland er for lite belyst i planen
  - c) nordsida av Fensfjorden er eit viktig utviklingsområde for Business region Bergen (BRB)
3. Masfjorden kommune vil utarbeide eiga sak/SNP og herunder handlingsplan som fell inn under den overordna plandokumentet Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen 2010-2014 med perspektiver mot 2025. Masfjorden kommune meiner og at ein må ha ein regional strategisk næringsplan v/regionrådet, og at regionrådet må rullere SNP då BRB planen er for lite konkret og for generell.

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.06.2010:**

Saka vart drøfta.

Ein god del endringsframlegg og innspel – spesielt til pkt. 2 som ein ba om innspel til i sjølve saksutgreiinga.

Kraftfondstyret landa på følgjande tilleggspunkt til planen;

- a) bru over Masfjorden, viktig samferdselsprosjekt
- b) samferdselsutfordringar i Nordhordland er for lite belyst i planen
- c) nordsida av Fensfjorden er eit viktig utviklingsområde for Business region Bergen (BRB)

Masfjorden kommune meiner og at ein må ha ein regional strategisk næringsplan v/regionrådet, og at regionrådet må rullere SNP då BRB planen er for lite konkret og for generell.

**Framlegg til vedtak med endringar/tillegg gjort i møte, vart samrøystes tilrådd overfor Kommunestyret.**

## SAKSTILFANG:

Elektronisk vedlegg:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2007	Bergen kommune	Invitasjon til stiftelsesmøte og etterfølgende generalforsamling for felles næringsutviklingselskape
3	U	03.10.2007	Bergen kommune	Melding om vedtak - Invitasjon til stiftelsesmøte og etterfølgende generalforsamling for felles næringsutviklingselskape
4	I	09.10.2007	Radøy kommune	Deltaking i felles selskap for næringsutvikling i Bergensregionen - vedtak frå Radøy kommunestyre
5	I	08.11.2007	Austrheim kommune	Særutskrift - felles selskap for næringsutvikling i Bergensregionen
6	I	21.05.2010	Busines Region Bergen v/Vidar Totland	Strategisk Næringsplan for Bergensregionen

Forslag til felles Strategisk Næringsplan for Bergensregionen ( PDF)

Kopi av mottatte høringsuttalelser fra utvalgte næringsorganisasjoner og FoU- institusjoner

Trykksak:

Alle kommunestyremedlemene får utdelt Strategisk Næringsplan for Bergensregionen slik den ligg føre pr. mai 2010.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Business Region Bergen (BRB) sender no ut forslag til felles Strategisk Næringsplan for Bergensregionen, på oppdrag frå BRB sine eigarar etter eigarmøte desember 2008.

Planforslaget bygger vidare på Bergen kommunes Strategisk næringsplan for Bergen 2006-2009 – Bergensregionen mot 2020, Bergensscenarier 2020 og Hordaland fylkeskommunes Regionalt utviklingsprogram, samt gjeldande planer og vurderingar frå dei andre kommunane i regionen.

Bak forslag til Strategisk næringsplan for bergensregionen står følgjande kommunar: Bergen, Askøy, Fjell, Sund, Øygarden, Os, Fusa, Samnanger, Austevoll, Stord, Vaksdal, Osterøy, Lindås, Meland, Fedje, Radøy, Austrheim, Masfjorden, Modalen, Gulen og Hordaland fylkeskommune. Planforslaget vil bli lagt fram for politisk behandling for i Bystyret i Bergen, for alle kommunestyra, og for fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.

## HØYRING

I etterkant av siste fellesmøte for alle referansegruppene i april 2010 der også representantar frå kommunane og fylkeskommunen deltok, har planforslaget vært sendt på ein kort høring til sentrale næringslivs, - og forskings utviklings og utdanningsinstitusjonar i tillegg til alle deltakarane frå referansegruppene.

I tillegg har det komme merknader frå administrasjonen frå kommunane og frå Hordaland fylkeskommune. Begge deler er i stor grad forsøkt tatt omsyn til og har bidrege til det endelege dokumentforslaget.

## UTTALE

Følgjande har gitt *høringsuttale* til planen:

Norges Handelshøyskole (NHH)  
Universitetet i Bergen –  
Høgskolen i Bergen  
CMR

Innovasjon Norge  
Arena NOW ( Arenaprojekt Norwegian offshore wind)

NHO Hordaland

Bergen Næringsråd  
Næringsalliansen  
Samnanger Næringsforum  
Osterøy Industrielag / Industrikonsulentene på Osterøy  
Vaksdal Næringssselskap AS  
Askøy Næringslivsforening

Regionrådet Nordhordland IKS

HOG Energi  
Utdanning i Bergen  
Maritimt forum Bergensregionen  
Fiskeriforum Vest (FFV)

BKK AS

Kopi av innkomne høringsuttalar er vedlagt planen.

## FAKTA

I Strategisk næringsplan for Bergen 2006-2009 – ”Bergensregionen mot 2020”, ble det dokumentert at ”kommunegrenser har liten betydning for næringslivet”, og at dette burde danne et ”utgangspunkt for å drøfte felles regionale strategier og verktøy”. Som et direkte resultat er kommunenes felles verktøy for næringsutvikling, Business Region Bergen, etablert. Kommunene har gitt Business Region Bergen i oppdrag å utarbeide forslag til første generasjon Strategisk næringsplan for Bergensregionen.

Planarbeidet har blant annet tatt utgangspunkt i Strategisk næringsplan for Bergen 2006-2009, Bergensscenario 2020, Regionalt utviklingsprogram for Hordaland, og andre kommuners og regioners prioriteringer. Hordaland fylkeskommune har under arbeid en regional planstrategi som skal vedtas i desember 2010. Business Region Bergen og Hordaland fylkeskommune vil koordinere Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010-2014 og arbeidet med regional planstrategi.

Kommunene i regionen utgjør i stor grad et felles arbeids-, service- og boområde. Derfor må næringsutvikling løses på tvers av kommunegrensene.

Samarbeid næringsliv, FoU og det offentlige betegnes som trippel heliks. Strategisk næringsplan for Bergensregionen vektlegger nettopp dette samspillet mellom næringsliv, det offentlige virkemiddelapparatet og forsknings- og utviklingsmiljøene (FoU) i regionen. Strategisk næringsplan vil være det overordnede dokumentet som sammenfatter visjon, målsettinger og strategier for hele denne nye samhandlingsregionen. Det vil være avgjørende for en positiv utvikling for regionen at de tre partene videreutvikler sitt samarbeid framover. Også mellom eierkommunene / fylkeskommunen vil en videreutvikling være av avgjørende betydning.

For å lykkes framover må også den enkelte kommune følge aktivt opp gjennomføringen i sin kommune. På den annen side må det offentlige kunne ha forventninger om at forsknings- og utviklingsmiljøene og næringslivet tar aktivt del i arbeidet med å gjennomføre planen innenfor sine virkeområder.

### Kort om prosess og metodisk grep i planen

#### ***Prosess***

Det var alt i 2005 lagt en forventning om at kommunene i bergensregionen burde i større grad stå samlet i næringsutviklingsspørsmål. Dette ut fra troen på at dette ville styrke regionen i konkurranse med andre regioner, regioner som alt hadde gjennomført felles planprosesser og etablert felles verktøy for å følge opp.

Etableringen av Business Region Bergen og revisjon av Strategisk Næringsplan for Bergen førte fram til et ønske fra eiermøte i BRB desember 2008 om å starte en prosess for å etablere en felles strategisk overordnet næringsplan for bergensregionen.

Som en intern oppstart på dette ble kommunene invitert til fellesmøte april 2009, med fokus på ståsted og utfordringer. Etter sommeren (september) ble alle aktuelle parter invitert til oppstartkonferanse for å bli enige om de overordnede rammene for den kommende planprosessen, herunder valg av prioriterte næringer.

Utover vinteren og våren 2009 / 2010 har representanter for næringsliv, FoU og det offentlige, herunder representanter for kommunene og fylkeskommunen jobbet ut ståsted og ambisjoner for de ulike næringene samt kommet med innspill på hvordan først og fremst kommunene burde respondere på næringslivets behov.

### **Metodisk grep**


Valgte fokusområder er fremkommet ved å bygge på tidligere erfaringer fra kommunene i regionen, herunder Strategisk næringsplan for Bergen kommune 2006-2009. I denne planen besluttet Bergen kommune å satse på følgende fokusområder: Kompetanseutvikling, Innovasjon og Entreprenørskap, Markedsføring, Internasjonalisering samt Beslutningspåvirkning og Alliansebygging.

På bakgrunn av erfaringer fra ovennevnte næringsplan, Regionalt Utviklingsprogram (RUP), samt de behov og forventninger som næringslivet, FoU-miljøene og kommunene selv har pekt på gjennom prosessen, er følgende fokusområder definert for den Strategiske næringsplanen for Bergensregionen 2010-2014:

**Infrastruktur**  
**Næringsvennlig offentlig sektor**  
**Markedsføring**  
**Internasjonalisering**  
**Kompetanseutvikling**  
**Innovasjon og entreprenørskap**  
**Klima og miljø**

Ett av de viktigste suksesskriteriene for utvikling av regioner er partenes evne og vilje til samarbeid. Dette vil også gjelde for vår region. I tillegg til samspill og samarbeid mellom næringsliv, FoU og det offentlige, pekes det i planen på viktigheten for næringslivets utvikling av bedret samarbeid og samspill kommunene i mellom.

Mål og strategier under fokusområder er kommunenes respons på næringslivets behov.



Metoden i næringsplanarbeidet er å få frem de prioriterte næringenes mål og strategier med tilhørende behov for oppfølging fra kommunene. De målsettinger næringslivet har definert i denne planen tiltredes av kommunene og Hordaland fylkeskommune. Oppfølgingen av næringslivets behov skal være en respons på de behov næringslivet har gitt uttrykk for. Figuren over viser skjematisk dette.

Dersom behovene fra de prioriterte næringene er relevante for andre næringsområder, vil også responsen omfatte disse. Det er gode grunner til å anta at dette heller vil være regelen enn unntaket. Responsen vil gå på tvers av alle næringer, og mål og strategier er dermed ”næringsnøytrale”.

Næringslivet gir klart uttrykk for at det offentlige må fokusere mer på egen virksomhet i relasjon til næringslivets behov. Ved å sette fokus på hvordan kommunenes egen tjenesteproduksjon kan innrettes best mulig i forhold til næringslivets behov, vil de kunne bidra til å forsterke næringslivets konkurranseposisjon.

På denne måten vil kommunene medvirke aktivt til å gi planen ekstra kraft, ved i større grad enn tidligere å fokusere på vilje og evne til utvikling av næringslivet. Dette omfatter også å legge til rette for et bevisst fokus på verdiskaping i regionen som grunnlag for all velferd og gode tilbud til regionens befolkning.

En næringsvennlig offentlig sektor og kommunenes vertskapsrolle for næringslivet er sentrale element i planen. Planen viser eksempelvis til hvordan en kan legge til rette for å overføre beste praksis mellom kommunene i regionen på viktige områder for næringslivet.

Kommunene har forventninger om at næringslivet sammen med FoU-institusjonene, engasjerer seg aktivt i regionens utfordringer innenfor de rammer som et moderne næringsliv gir adgang til. Dette er i tråd med Bergensscenario 2020s fokus på felles positive holdninger.

Ved å etablere en felles mål- og strategiplan for næringsutvikling vil kommunene utvikle bedre samhandling overfor næringslivet. I all hovedsak vil viktige tiltak for iverksetting av planens mål og strategier bli fulgt opp gjennom egne handlingsplaner fra kommunene eller fra grupper av kommuner som Regionrådet Nordhordland IKS og Gode Sirklar. I tillegg vil nettverksorganisasjoner, næringslivets organisasjoner og FoU-institusjoner utarbeide og gjennomføre egne tiltak som understøtter målsettinger og strategier i Strategisk næringsplan

På noen områder vil det være rasjonelt for kommunene å gå sammen om å følge opp mål og strategier gjennom *felles tiltak*. Prioriterte tiltak i planen fremkommer etter en samlet vurdering ut fra et sett av kriterier. Tiltakene vedtas av kommunene og fylkeskommunen som en del av Strategiske næringsplan.

Den enkelte kommunes eventuelle deltakelse i prosjekter må avklares i ordinære budsjettprosesser. Tiltakene er prosjekter med et start- og sluttidspunkt. Det må og etableres en prosjektgruppe med finansiering, mandat og gjennomføringsplan for hvert prosjekt.

I foreliggende planforslag presenteres 29 forslag til tiltak. Det er kommet inn mange forslag til tiltak gjennom prosessen, både i referansegruppene, gjennom formelle høringsuttalelser og gjennom dialog med kommunene. Det er registrert mange andre forslag til tiltak som er kommet inn i prosessen som foreløpig ikke er kommet med blant de 29. Gjennom ytterligere bearbeiding av noen av disse vil noen av disse gjerne være aktuelle ved neste revisjon, sammen med nye forslag.

Det er lagt til grunn et perspektiv for planen på 15 år. Innen flere viktige samfunnsområder er det behov for prosesser som tar tid å realisere, som for eksempel i samferdselspolitikken. Det er likevel naturlig å revidere mål- og strategiplanen hvert fjerde år, altså i hver kommunestyreperiode. Vedtaksperioden for planen vil derfor være 2010-2014.

De prioriterte tiltakene i Strategisk næringsplan bør evalueres årlig, første gang ved årsskiftet 2011/2012. Det vil være naturlig at Business Region Bergen som kommunenes og fylkeskommunens verktøy for å ivareta felles mål og strategier for næringsutviklingen i regionen, har ansvaret for å koordinere gjennomføringen av fellestiltakene i Strategisk næringsplan.

Dette er den første Strategisk næringsplan for hele Bergensregionen og en har lagt vekt på samhandling og kvalitative målsettinger. Ved senere revisjoner vil det også være naturlig å formulere mer kvantitative målsettinger. I planperioden kan eksisterende verdiskapingsindikatorer brukes for å måle effekten av gjennomførte strategier og tiltak, samt rapportere på fremdrift og gjennomføring av enkelttiltak.

### **Videre behandling av planen**

Planforslaget behandles nå av alle eierkommunenes kommunestyre og av fylkesutvalget. Planen vil i etterkant bli behandlet av Business Region Bergen sitt styre med tanke på å følges opp gjennom selskapets virksomhetsplan. Regionrådet Nordhordland IKS er formell eier i BRB. I samråd med Regionrådet og dets medlemmer vil planen bli behandlet av alle av Regionrådets medlemskommuners kommunestyre.

For at behandlingen av et så stort antall vedtak skal være håndterbar, er det et ønske fra BRB som koordinerende instans at en innretter behandlingen etter følgende mal for vedtak:

- I første punkt bes kommunene ta stilling til om de kan slutte seg til hovedtrekkene i næringsplanen eller ikke.
- I annet punkt tar kommunene inn de elementene de mener mangler som bør følge planen som et tillegg – eller som
- I tredje punkt tar kommunene inn de elementene de mener bør følges opp fra kommunen selv i eget handlingsprogram.

## **VURDERING**

Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen som selskapet Business Region Bergen (BRB) har utarbeidd i ein brei prosess som har involvert mange, og som Masfjorden kommune skal ta stilling til som medeigar i selskapet via regionrådet, ber preg av at den skal dekke eit vidt interessebehov med 20 involverte eigarar og ein stor region. SNP blir difor omfattande og lite konkret. Det er viktig at Masfjorden kommune ruller eigen SNP, og tek inn lokale handlingstiltak som knytter seg opp til den overordna SNP for regionen.

Det er nokre forhold som regionen/kommunen bør påpeike, som ein vil komme attende til i kraftfondstyret.

Ein legg i same møte (8.juni) opp til at ein har ei sak med oppstart kring rullering av eigen SNP for Masfjorden med handlingstiltak. Kommunalt utviklingsarbeid er eit innsatsområde i kommunane. Det er difor viktig for kommunen å tenkja gjennom kva han vil når det gjeld næringsutvikling og tiltaksarbeid. Til dette kan eit planarbeid vera til god hjelp.



Næringslivet i kommunen har ei viktig rolle i alt som har med næringsutvikling og nærings saker å gjera. Det er i verksemdene resultata viser seg. Kommunen er ein hjelpar, pådrivar og tilretteleggjar. Kommunen skal ikkje driva næringsplanlegging på vegne av næringslivet, men saman med næringslivet. Eit planarbeid som kommunen og næringslivet går saman om, vil difor vera viktig. Gjennom eit planarbeid har ein større høve til å tenkja langsiktig og vektleggja langsiktige utfordringar. Det er no utarbeidd strategisk næringsplan for regionen. Ein oppdatert eigen kommunal næringsplan vil vera ei viktig utfylling av denne planen.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at Masfjorden kommune sluttar seg til Strategisk Næringsplan (SNP) for Bergensregionen v/selskapet Business Region Bergen

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.06.2010	010/10	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	17.06.2010	051/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-7	Arkivsaknr.: 10/124
------------	---------------------

### SAK 051/10 - FORPROSJEKT BRU OVER MASFJORDEN - FINANSIERING

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret løyver 1. mill kr til arbeidet med forprosjekt , Bru over Masfjorden.

#### **Finansiering**

Løyvinga vert teken frå unytta løyvingar, kraftfondet.

#### **Heimel**

§ 1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

#### **KRFT-010/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret løyver 1. mill kr til arbeidet med forprosjekt , Bru over Masfjorden.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.06.2010:**

Saka vart drøfta.

**Innstillinga samrøystes tilrådd.**

**KS-051/10 VEDTAK:**

**Kommunestyret løyver 1. mill kr til arbeidet med forprosjekt , Bru over Masfjorden.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	22.05.2010	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa for bru over Masfjorden 21.mai 2010
5	U	01.06.2010	Politisk arbeidsgruppe; Håkon Matre; Liv Oda Dale; Kari Skår Sørheim	Melding om politisk vedtak - Samferdselsutfordringar i Masfjorden kommune - Forprosjekt bru over Masfjorden

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Kommunestyret fekk i mai møtet utdelt referat frå møte i arbeidsgruppa for bru over Masfjorden, der sak 3 lyder slik:

**3. Finansiering av forprosjekt bru.**

Arbeidsgruppa gjekk gjennom dei utgiftene ein kan pårekna til seismiske undersøkingar, utarbeiding av forprosjekt og kjøp av dokumentasjon frå ulike kjelder. Arbeidsgruppa meiner at kommunen må setja av ein prosjektsum på kr. 1 000 000 til dette arbeidet, og påla rådmannen å ha sak om finansiering av forprosjekt klar til kommunestyremøte i juni.

## HØYRING/UTTALE

### FAKTA/VURDERING

For å få god framdrift i utgreinga av dette prosjektet, er kommunen avhengig av å kjøpa konsulenttenester både til seismiske undersøkingar og til utgreiing av løysingar, kostnader og finansiering i prosjektet. Arbeidsgruppa har drøfta dette. Gruppa finn det svært vanskeleg å gje eit endeleg kostnadsoverslag over forprosjektet på dette stadiet i prosessen. Det einaste vi no kjenner, er utgiftene til seismiske undersøkingar. Men gruppa vel likevel å leggja saka fram for kommunestyret no, då det kan vera avgjerande for framdrift at vi har finansiering og kan inngå avtalar om konsulentbistand i prosjektet alt før ferien.

Gruppa har framlegg om ei løyving på kr. 1 mill kr og vil koma attende til kommunestyret med rapport og konkret informasjon om kostnader som har kome på første møte i september.

### KONKLUSJON

**Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:**

**Kommunestyret løyver 1. mill kr til arbeidet med forprosjekt , Bru over Masfjorden.**

#### Finansiering

Løyvinga vert teken frå unytta løyvingar, kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.06.2010	048/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.06.2010	052/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 10/424
--------------	---------------------

### SAK 052/10 - RAMMER FOR BUDSJETT 2011 OG ØKONOMIPLAN 2011-14

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Den økonomiske inntektsramma for 2011 (jf. Kommuneproposisjonen for 2011) er noko usikker (mange endringar i inntektssystemet og innlemming av øymerka tilskot barnehage), og ein får først endeleg svar på desse sentrale forhold i statsbudsjettet (oktober 2010). Administrasjonen får i oppdrag å utarbeidde budsjettframlegg 2011 som tek høgde for at ein får same sum i rammetilskotet 2011 knytt til barnehage, som ein får i øymerka tilskot i 2010, og at endringar i inntektssystemet kjem ut med førebels prognose frå Kommunaldepartementet jf. vedlegg 7 i Kommuneproposisjonen for 2011
2. Investeringsplan i tråd med justert 2010 budsjett, og nye investeringstiltak/saker som kjem parallelt med rammesaka, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2010 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2011 & økonomiplan 2011 – 14 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2011-14 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2010)

#### Finansiering:

Budsjett/rammene er i balanse

#### Heimel:

Økonomireglementet

#### Utskrift til:

Driftseiningane  
Revisjonen

## KS-052/10 VEDTAK:

1. Den økonomiske inntektsramma for 2011 (jf. Kommuneproposisjonen for 2011) er noko usikker (mange endringar i inntektssystemet og innlemming av øymerka tilskot barnehage), og ein får først endeleg svar på desse sentrale forhold i statsbudsjettet (oktober 2010). Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide budsjettframlegg 2011 som tek høgde for at ein får same sum i rammetilskotet 2011 knytt til barnehage, som ein får i øymerka tilskot i 2010, og at endringar i inntektssystemet kjem ut med førebels prognose frå Kommunaldepartementet jf. vedlegg 7 i Kommuneproposisjonen for 2011
2. Investeringsplan i tråd med justert 2010 budsjett, og nye investeringstiltak/saker som kjem parallelt med rammesaka, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2010 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2011 & økonomiplan 2011 – 14 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2011-14 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2010)

### Finansiering:

Budsjett/rammene er i balanse

### Heimel:

Økonomireglementet

### Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Kommuneproposisjonen for 2011 er prega av at ein skal innlemma tidlegare øymerka barnehagetilskot og samt at ein gjer vesentlege endringar i inntektssystemet, og konsekvensane av desse forholda først vert kjent når statsbudsjettet vert lagt fram i oktober 2010. Ein har difor svært usikre anslag på frie inntekter for 2011. Ein legg difor opp til å utarbeide 2011 budsjettet med anslag på frie inntekter i tråd med illustrasjonsdel frå Kommuneprop., jf. side 66 i sakspapira. Vekst på kr. 286 pr. innbyggjar, om lag 500.000. sum frie inntekter vert med det 83,5 mill.kr. for 2011, mot 83 mill.kr. i 2010.

Øymerka barnehagetilskot utgjer 6,5 mill i 2010.

Prisjustert frie inntekter 2011 om ein legg til grunn ein prisvekst 2010 til 2011 på 3,25% vil gje frie inntekter med 86,2 mill.kr, og prisjustert barnehagetilskot tilseier 6,7 mill.kr., og samla frie inntekter på 92,7 mill., men ein må korrigere for færre PU brukarar, ned 1,7 mill.kr, slik at ein må ha **91,2 mill.kr i frie inntekter 2011.**

Faren er at sum frie inntekter vert mindre (enn 91,2 mill.kr). Tek ein for seg barnehagetilskotet på 6,5 mill.kr., fordeler det etter kriterie i inntektssystemet (2010) vil det gje netto om lag 2,9 mill.kr til Masfjorden (sum øymerka/delt på folketalet i landet x med folketalet i Masfjorden, prisjustering, kostnadsnøkkel (1,35 for Masfjorden).

Utviklinga i kraftprisen, kraftprisen har gått ein del ned den seinare tid, og tilføring av meir kraft globalt, pressar spesielt ned avkastning konsesjonskraft og på litt sikt eigedomsskatten.

Når det gjeld innspel frå driftseiningane, er det ganske mykje det er ikkje rom for med den veksten som er signalisert gjennom Kommuneproposisjonen.

Ein må ha ein tett dialog med einingane om dette, og elles i forhold til utarbeiding av budsjettframlegget for 2011.

Saka vart drøfta.

**Marit Steinestø, KrF**, stilte spørsmål om det er endeleg avgjort at barnehagetilskotet skal innlemmast i inntektssystemet/ramma.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at dette skjer frå og med 2011, men sum overføring knytt til tidlegare øymerka statstilskot får ein først vita når statsbudsjettet ligg føre til hausten.

**Frode Langhelle, H**, spurde etter status på dei kommunale vegane. Ber om oppfølging på dette frå rådmannen si side.

Langhelle synte og til skriv i denne saka frå Fellesrådet og sa at det må vurderast om dei må få auka ramma.

**Willy Borge, Frp**, tok opp att framlegget sitt om kommunale vegar og at det bør bevilgast 2 mill ekstra. Ber om og om at det blir teke opp i budsjettrevisjonen til hausten om meir pengar til vedlikehald av vegar.

Ordførar Håkon Matre synte til saka om investering kommunale vegar som kjem lenger ut i saklista.

### **Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**FS-048/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Den økonomiske inntektsramma for 2011 (jf. Kommuneproposisjonen for 2011) er noko usikker (mange endringar i inntektssystemet og innlemming av øyremerka tilskot barnehage), og ein får først endeleg svar på desse sentrale forhold i statsbudsjettet (oktober 2010). Administrasjonen får i oppdrag å utarbeidde budsjettframlegg 2011 som tek høgde for at ein får same sum i rammetilskotet 2011 knytt til barnehage, som ein får i øyremerka tilskot i 2010, og at endringar i inntektssystemet kjem ut med førebels prognose frå Kommunaldepartementet jf. vedlegg 7 i Kommuneproposisjonen for 2011
2. Investeringsplan i tråd med justert 2010 budsjett, og nye investeringstiltak/saker som kjem parallelt med rammesaka, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2010 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2011 & økonomiplan 2011 – 14 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2011-14 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2010)

**Finansiering:**

Budsjett/rammene er i balanse

**Heimel:**

Økonomireglementet

**Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:**

Dina Dyrhovden spør om ho kan få vurdert habiliteten pga av at ho har kome med innspel frå NAV.

Formannskapet hadde ingen merknader til dette og Dyrhovden vart kjent habil.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Reint praktisk tilrår fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen at ein handterer den usikre forholda kring summen av frie inntekter, bereknar kva ein meiner at komm.prp. inneber, og at ein behandlar budsjett og økonomiplan dette på vanleg måte og med framskriving av 2010 budsjettet og får laga til detaljbudsjett slik at det er klart før statsbudsjettet kjem i oktober.

I høve innspela som ligg føre frå avdelingane må formannskapet prioritera. Alle innspela ligg utover 2010 nivået.

Formannskapet syntes det var vanskeleg å ta stilling til innspela frå driftseiningane – då førebels vurdering tilseier liten eller ingen auke i disponible inntekter for 2011.

Det vert sett av tid til ein presentasjon av kommuneproposisjonen i kommunestyret den 18. juni.



Formannskapet drøfta saka.

### Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
7	I	02.06.2010	Rektor Kjellaug B. Strand	100602 Innspel rammesaka frå Sandnes skule
9	I	02.06.2010	Psykiatrisk sjukepleiar Dag Haarklau	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå psykiatritenesta
10	I	02.06.2010	Avdelingsleiar Tove Kristin Sleire Tistel	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå heimetenesta på Sørsida
11	I	02.06.2010	Helsesøster Marta Midtbø	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå helsesystem
12	I	02.06.2010	Rektor Berit Lygre	Innspel til rammesaka frå Nordbygda skule
13	I	02.06.2010	Leiar Elin Eikemo	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå heimetenesta i Indrefjorden
15	I	02.06.2010	Avdelingsleiar Aud Berit Sleire	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå Nystova
8	I	02.06.2010	Masfjorden kyrkjelege fellesråd v/kyrkjevevje Svein Kvamsdal	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå fellesrådet
14	I	02.06.2010	Rektor Liv Øydis Trædal	Innspel til rammesak frå Matre skule
2	I	02.06.2010	Barneverntenesta v/Leila Torsvik Andvik	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 for barneverntenesta
16	I	02.06.2010	Rådgjevar Anne Kristin Rafoss	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014
3	I	02.06.2010	Barnehagane v/styrrar Anita Solheim	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 for barnehagane
4	I	02.06.2010	NAV v/ Dina Dyrhovden	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014 frå sosialtenesta
5	I	02.06.2010	Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014
6	I	02.06.2010	Kommunalsjef Olaf Mørch	Innspel til rammesaka for 2011 - 2014

- Kommuneproposisjonen for 2011 – Prop. 124 S (2009-10)
- Fylkesmannen i Hordaland – revidert nasjonalbudsjett 2010 – kommuneopplegget 2011
- Fylkesmannen i Hordaland – uttale til 2010 budsjettet
- KS prognosemodell etter revidert nasjonalbudsjett/Komm.prp
- Rekneskapen & årsmeldinga 2006/07/08/09, budsjett 2010 og budsjettsaldering 2010, samt 1.tertialrapport 2010

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyre skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår og rullering av økonomiplanen. Årsbudsjettet er eit overslag over kommunen sine inntekter for det aktuelle år, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har til rådvelde. Budsjettet er det primære styringsinstrument i økonomiforvaltninga. Arbeidet med budsjettet er ein løpande og kontinuerleg prosess. Tildeling av rammesaker er den viktigaste fasen i budsjettarbeidet. Det er her ein opnar for prioritering og kor utøving av politikk bør skje, og det er difor viktig at politikarane er aktive i denne fasen. Når rammene er fastsett vil administrasjonen utarbeida detaljbudsjett innan rammene.

### HØYRING

Den 31.mai sende ein følgjande e-post til driftseiningane;

Kommuneproposisjonen 2011 vart lagt fram 11.mai med premissane for budsjett 2011. Det vert lagt opp til tildels store endringar frå sentralt hald for 2011. Forutan innlemming av eit stort øyremerka tilskot som barnehage som ein del av rammetilskotet, gjer regjeringa store endringar i kostnadsnøklane i inntektssystemet. Kommuneproposisjonen er ikkje så klar som den normalt pleier å vere, og avklaringar på sentrale forhold kjem først i statsbudsjettet til hausten. Det som verkar rimeleg avklart er at Masfjorden ikkje kjem noko særleg godt ut av systemendringane. Dette er forhold ein skal komme nærare attende til den 15.juni.

Rammesaka skal opp i formannskapet 8.juni og deretter handsamast i Kommunestyret 17.juni.

**Det ein treng rask attendemelding på no, er innspel på saker/forhold som medfører endringar i drifta for 2011 som avvik i frå 2010 budsjettet. Ein legg i utgangspunktet til grunn vidareføring av drift i samsvar med 2010 budsjettet. I og med at saka må ferdigstillast innan 3.juni, ber eg om svar i løpet av 2.juni på forhold som må takast omsyn til i rammesaka for 2011.**

For dei som har innspel til rammesaka, ber eg om ei oppstilling kostnader og ein tekstdel. For å fange opp om alle har motteke e-posten, ber eg dei som ikkje har endringar for 2011 – stadfester dette.

### UTTALE

Innspel til rammesaka, rammeområde for rammeområde. Kommunen opererer med følgjande rammeområde:

- ◆ Folkevalde organ
- ◆ Administrasjon
- ◆ Barnehage
- ◆ Skule
- ◆ Helse
- ◆ Sosial – og barnevern
- ◆ Pleie – og omsorg
- ◆ Kultur
- ◆ Kyrkja
- ◆ Teknisk
- ◆ Andre tenesteområde

Det vart gitt kort høyringsfrist, slik at det kan komme til fleire innspel etter at saka er sendt til politisk handsaming, som ein tek med vidare i saka. Alle innspel er teke med i saka, slik dei kom til sakshandsamar – som viktig informasjon.

#### ◆ Folkevalde organ

Ingen innspel eller endringar → val 2011

#### ◆ Administrasjon

Ingen innspel eller endringar → vidareføring 2010 budsjettet

#### ◆ Barnehage

Barnehagestyrar Sandnes og Nordbygda, har ikkje endringar, når ein ser vekk i frå det med at øyremerka tilskot fell vekk. Noko som inneber at 1B barnehage aukar med om lag 6,5 mill.kr. frå og med 2011.

#### ◆ Skule

##### **Innspel til rammesaka frå Nordbygda skule v/ rektor.**

Frå hausten 2010 vert det ein monaleg auke i bruk av assistentar både i skule og SFO. Dette p.g.a. auka barnetal i SFO, stor påmelding til leksehjelp og tildeling av ekstra ressursar i skulen i samråd med sakkunnig tilråding frå PPT. I tillegg må utgiftene til lærarlønner aukast, m.a. som følgje av at ufaglærte vert erstatta av faglærte lærarar.

Ved å framskrive lønsutgiftene på alle tenester frå 01.08.10 til å gjelde heile budsjettåret 2010, kjem ein fram til ein differanse på om lag kr. 280.000,- då utan at det er rekna inn lønsauke for 2011. Det er difor realistisk å rekne med at samla lønsutgifter for lærarar, kontortilsette, reinhaldspersonale og assistentar i skule og SFO vil måtte få ein auke på kr. min. 300.000,- for å kunne oppretthalde det tenestenivået det er lagt opp til frå hausten 2010 av. (Dette etter at løna for dei siste 5 mnd i år er oppjustert i samsvar med innspel til salderinga)

Nordbygda skule har ein multifunksjonshemma elev som til hausten skal byrje i 6. klasse. Han har til no hatt ei eiga, tilrettelagd avdeling i småskulefløyen. Då klassen hans no er flytta til den såkalla "nyefløyen" der dei eldre elevane held til, er dette etter kvart blitt ei tungvint løysing både for han sjølv og personalet. I løpet av neste budsjettår bør ein byrje arbeidet med tilrettelegging av rom og tekniske installasjonar i den fløyen der klassen hans vil halde til resten av grunnskuletida. Dette krev ei etter måten stor ombygging, ev. eit mindre tilbygg. Ein vil til hausten ha eit møte med foreldre, tilsette innan helse og skule og arkitekt / ingeniør som kan vere med på å diskutere ulike løysingar, der ein også kan få ein kalkyle på tilrettelegginga. Dette vil kunne kome som direkte innspel til budsjettet i haust, men det bør takast høgde for det i investeringsdelen allereie no i rammebudsjetteringa.

Når det gjeld elevane sin arbeidsplass, har ein dei siste åra brukt av fondet for å finansiere ei utskifting av pultar og stolar til alle klassetrinna. Så langt har ein klart å skifte ut for dei yngste og eldste elevane, mellomtrinnet står enno att. Resten av fondet er no bunde opp til investering av interaktive tavler (fellessatsing på skulane, vedtak i rektormøte). For å klare å fullføre planen om oppgradering av alle elevarbeidsplassar, trengst det også ekstra løyving utover den ordinære budsjettposten 12002, inventar og utstyr. ( I 2010 er denne på kr. 35.000)

Ei kalkyle over kostander til oppgradering av arbeidsplassar for tilsette og elevar:

10 kontorstolar	kr. 20.000,-
10 stolar til møterom	kr. 8.000,-
Bord til møterom	kr. 4.500,-
3 PC-bord	kr. 13.500,-
Pultar og stolar	kr. 14.000,-
Samla investeringsbehov	kr. 60.000,-
Finansiering innanfor ordinær ramme:	kr. 10.000,-
Behov for auke i post 12002, inventar og utstyr	kr. 50.000,-

**Samla oversyn over behov for auke ramme ved Nordbygda skule:**

Løspostar:	kr. 300.000,-
Inventar og utstyr	kr. 50.000,-
Yrkesskadeforsikring	kr. 20.000,-
<b>Til saman</b>	<b>kr. 370.000,-</b>

**Innspel til rammesaka frå Sandnes skule v/ rektor.**

Sandnes skule vil frå skulestart august 2010 få ein elev som treng mykje oppfølging både av lærar og assistent. Det er søkt om 8 lærartimar og 18 assistenttimar.

Dette vil utgjera ca 300 000 kr. i auke på lønsbudsjettet.

Summen som er sett opp på overføring til andre kommunar må vidareførast. Dette året er det budsjettert med for lite pga ekstra tiltak på Læringscenteret sidan januar 2010.

Endringar 2011	Auke
10101 Fastløn komm reg	140 000
10107 Fastløn lærarar	160 000

**Innspel til rammesaka frå Matre skule v/ rektor.**

Budsjett 22303 Matre skule

Konto	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Differanse	Auke
11709 Skuleskyss	260 000	400 000	140 000	140 000

Budsjett 20203 Matre skule

Konto	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Differanse	Samla auke
11658 Stipend	0	8000	8000	
11201 Arbeidsmiljøtiltak	0	37 000	37 000	
12001 IT-utstyr og progr	225 000	250 000	25 000	
12202 leige/leasing av kontormaskiner	15 000	30 000	15 000	
10101 Fastløn	6 442 900	7 114 200	671 300	756 300

Kommentar: på løn må det reknast inn ein person til i 100% stilling. I tillegg kjem 10 timar språkopplæring for barn frå språklege minoritetar og assistenttimar for elev med engelsk som morsmål.

Budsjett 21503 SFO Matre skule

Konto	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Differanse	Samla auke
10201 Sjukevikarar	2500	3500	1000	
10209 Andre vikarar	2500	3500	1000	
11052 Arbeidsmateriell	7000	15 000	8000	
10101 Fastløn komm regulativ/	311 300	347 600	36 300	46 300

Kommentar: kontoen for vikarar er alt no liten. Må aukast når eg veit at det her er litt ustabil. Arbeidsmateriell bør aukast opp. Det er svært mange brukarar i SFO til neste skuleår. Kontoen for løn må aukast når leksehjelp kjem inn her. (10,68% stilling)

**Totalt sett vil det vera ein auke frå 2010 til budsjett 2011 på kr. 756 300.**

#### ◆ Helse

**Helsesyster:** Helsesøstertenenesta brukar mykje i kilometergodtgjerdsle. Helsesøster ynskjer å gje eit innspel på at helsesøstertenenesta ynskjer **tenestebil**. Veit lite kva dette kostar, men her er fleire kommunale tenester som har dette i dag. I 2009 var det 23 846,- kr i km godtgjerdsle. For å dekke dei ulike behov i dei ulike oppvekstområda og det at helsesøster jobbar på Ungdomskontakten i Knarvik ein dag pr mnd fører til mykje kjøring. Dette må ein rekne med, men det er stor slitasje på eigen bil. Håper dette kan takast vidare i budsjett/planprosess.

**Psykiatri:** Har ingen nye innspel i år, men har same behov for 2011 som for 2010. Og ut frå dette visar eg til vedlegg som vart send i samband med handsaming av budsjett 2010. Situasjonen er den same og behova er framleis til stades.

#### ◆ Sosial – og barnevern

**Sosial/NAV – melder:** Me har ca 200.000 for lite på tiltak: Avlastning/støttekontakt. Vidare kjem det opp eit behov for å auka bemanninga i NAV på kommunal side (50 %)

For barneverntenesta sin del i 2011 ser det ut som om kan få ein meirkostnad med ei plassering i ein form for ungdomsfamilie. Ein plass i ein ordinær ungdomsfamilie er per i dag kr.25 260,- per måned ( x 12 = 303 120,-) Reknar ikkje med at kostnaden vert så stor som dette, men då me nettopp har starta å jobbe med dette er ingen ting avklart enda. Plassering kan skje allerede frå hausten 2010.

#### ◆ Pleie – og omsorg

**Innspel frå Nystova, natt og felles;**

Kommunen har sagt ja til 2 lærlinger neste år, dei vil vere eit halvt år kvar på Nystova. Det er og ein TAF-elev frå Nordbygda som har søkt skule, men dette er ikkje stadfesta.

Kostnad for ein 1 års lærling med fagarbeidarlønn er ca 135 000 kr. ( 40% fagarbeidarlønn + tillegg). **Totalkostnad for 2011 for 2 lærlingar vert då ca 270 000 kr.**

Nystova skal og ha siste års lærling i haust som ikkje er kalkulert med i årets budsjett slik at det muligens vert eit etterslep.

På natt er det 40% fast stilling på avlastningsbustad som er komme igong no. Denne stillinga vil og vere ekstra i 2011 budsjettet. Har ikkje fått tid til å rekne på kostnadane. Eller er dette avsett prosjekt penger til?

Ellers vidareføring av 2010 budsjettet.

**Heimeteneste sør;** Ser ikkje at der kjem endringer, men det er aktuelt å få lærling i avdelinga her frå 2011. Dette er eg usikker på om går av avdelingens budsjett, eller om det er ein eigen "pott"-det vil i tilfelle måtte komme ei tilleggsjustering på 2011 budsjettet for avdelinga her. Avdelinga har lagt på mellom 4.8-5.0 årsverk (stipulert 4.7)

**Heimeteneste indre;** Einaste eg ser er behov for 1 leigebil til. Dette vil utgjere om lag kr.60 000 årleg (leasing, årsavgift, service). Halvdelen av dette kan finansierast ved å redusere konto anna løn til 70 000, slik at avviket då blir om lag kr. 30000, som må hentast/finansierast på anna vis. Ellers reknar eg med at garasjeprosjektet vårt inngår i eit investeringbudsjett for 2011, dersom det ikkje vert realisert i 2010.

#### ◆ Kultur

Ingen innspel eller endringar

## ◆ Kyrkja

## MASFJORDEN KYRKELEGE FELLESRÅD v/leiar Kjell Løvik

MKF har i møte 27 mai drøfta stillingstorleik for kirkeverge. Stillinga er i dag 60%,men har tidlegare variert frå 50-80%. Det kan ikkje vera tvil om at arbeidsmengden krev minst 80% stilling.

## Begrunnelse:

- Dagleg arbeidsgivaransvar ligg hos kirkeverge. Dei tilsette har varierende arbeidstid(dag-kveld-helg-høgtid), noko som krev at kirkeverge må kunna ha ei fleksibel arbeidstid.
- Økonomiske og praktiske planar er mangelvare,og må fokuserat meir på.Det må utarbeidast økonomiplan og vedlikehaldsplanar for 4 års periode.Dette er nødvendig for å få ein forutsigbar og rimelegare drift. Det er svært kostnadsdrivane å ta tilfeldige løft.
- Vi står framfor ein periode med opprustning av kirkebygg og utviding av gravplassar. Dette vil kreve mykje tid av kirkeverge å fylgje opp og tilrettelegga.
- Det er og viktig at det er tid for kirkeverge til å kunna skaffa seg kunnskap(kursast) om arbeidet(lover og reglar)innafor denne sektoren.
- Ryddig og god økonomistyring er avgjerande for å kunna gjera ein fullgod jobb,men dette er vanskeleg med 60% stilling,og tøft nok med 80%.

Masfjorden kommune og MKF har felles interesse av at denne etaten fungerer.

Økonomisk

oversikt og kontroll(forutsigbar),samt god styring av den daglege drift er tvingande nødvendig for begge partar.

MKF vil be om at denne stilling blir justert opp i budsjettet for 2011 til 80%.

## MASFJORDEN KYRKELEGE FELLESRÅD v/kyrkjeverge Svein Kvamsdal

<b>UTGIFTER</b>
-----------------

Konto	Teneste	Beskrivelse	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Auke
10101	11000	Fastløn, inkl lønsauke	256 680	345 000	88 320
10900	11000	Pensjon	32 240	43 000	10 760
10990	11000	Arbeidsgjevaravgift	31 507	42 000	10 493
10101	12000	Fastløn, inkl lønsauke	381 000	410 000	29 000
10900	12000	Pensjon	47 840	50 500	2 660
10990	12000	Arbeidsgjevaravgift	46 305	49 000	2 695
10101	13000	Fastløn, inkl lønsauke	(82.67 %) 290000	(86%) 315 000	25 000
10900	13000	Pensjon	36 400	40 000	3 600
10990	13000	Arbeidsgjevaravgift	33 538	38 000	4 462
10101	14000	Fastløn, inkl lønsauke	352 000	372 000	20 000
10900	14000	Pensjon	44 200	46 400	2 200
10990	14000	Arbeidsgjevaravgift	40 725	42 950	2 225
11302	11000	Ekstern Database	7000	20 000	13 000
11801	12000 og 13000	Straum	91 000	110 000	19 000
Til saman					

	1 690 435	1 923 850	<b>233 414</b>
--	-----------	-----------	----------------

Utgifter på dei andre kontoane bør aukast i samsvar med normal prisstigning

### INNTEKTER, EKSKLUSIVE TILSKOT FRÅ KOMMUNEN

Konto	Teneste	Beskrivelse	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Auke
16300	13000	Fornyng gravplass	-4 000	* -50 000	-46 000
16100	13000	Stell av graver	-4 000	-9 000	-5 000
16800	11000	Admin gebyr gravlegat	** - 55 000	-5 000	50 000
16800	12000	Admin gebyr gravlegat	-5 000	0	5 000
19000	19100	Renteinntekter	-10 000	- 12 000	-2 000
19400		Bruk av ubundne fond	-39 500	*** -50 000	- 10 500
18600	14800	Offer	-2 000	-2 000	0
16200	14800	Bladpengar Masfjordingen	-27 000	-29 000	-2000
Tilsaman			-146 500	-157 500	<b>-11 000</b>

\*) Dette er ein sum vi kan rekna å føra opp kvart år

\*\*\*) Denne summen er ekstraordiner på grunn av inkrevjing frå gravlegat mange år tilbake i tid

\*\*\*\*) Denne summen kan vi forsvara å bruka eit par tre år, på grunn av ekstraordinere inntekter i 2010, men summen bør reduserast noko etter tre år.

#### ◆ Teknisk

Innspel frå Kommunalsjef Ølaf Mørch

Vei :

- bru haugsdal – 2010
- endringer i oppsatt plan

Vassverk :

- Matre vassverk 2010 -2011
- Hovedplan 2011 – 2014

Brannvernet :

- økte driftskostnader grunnet lønnsjustering brannmannskaper. Dette vil påvirke både 2010 og kommende år
- utdanningskostnader befal og mannskaper 2011 - 2014
- investeringer på materiell 2011 – 2014
- samarbeidsavtaler

Ny brannordning :

- det foreligger enda ikke endelig innstilling fra Gulen kommune vedr arbeidet som ble startet opp flere år tilbake
- arbeider derfor med å utrede ny brannordning for Masfjorden kommune, uavhengig av Gulen kommune. Tekstdelen til dette er ikke ferdigstilt, men kalkyle på kostnadsdelen vil bli lagt fram

Innspel frå rådgjevar Anne Kristin Rafoss → ingen endringar utover revidert gebyrregulativ (eigen sak juni 10)

#### ◆ Andre tenesteområde

Ingen innspel eller endringar → men ein del sentrale områder vert omtalt under vurderingsdelen.

Innspel frå Kommunalnsjef Ørnulf Lillestøl som gjeld fleire rammeområde, og ikkje minst sum rammetilskot jf. pkt.1 i innspelet.

1. Reduksjon i overføringar med basis i rapportering antal pu. ca 1.7 mill
2. Mottak pu jente frå sommar 2011 avlastning kommunal bustad. Ikkje detalj planlagt – anslag om lag 1 mill i året i nettoauke. (Helga melder sikkert også)
3. Framhald prosess fleirbrukshall mv. 2011. Prosess sikring av areal. Sakshandsaming/adv kostnader og evt kjøp av areal. Totalt ca 26 mål x 20,-/kvm krev litt over 500.000,- i investering – usikker på anslag kostnad sakshandsaming.
4. Etablering folkehelsekoordinator – partnerskapsavtale med hfk. Kommunalandel ca 200.000,-
5. Behov for styrking psykiatrifeltet. 50- 100% stilling miljøarbeid til heimebuande.
6. Behov for styrking rehabilfeltet. Har så langt formidla at vi nok må styrke dette feltet som interkommunal satsing – vi kan ikkje styrke både regionalt og lokalt.
7. PU brukarar frå ein nabokommune som ønskjer seg til Masfjorden/Hosteland i staden for det som var planlagt – Dalsøyra. Meldt inn som mogleg sak

## FAKTA

### *Kommuneoppbygging for 2011 - generelt:*

Det er rekna med ein realvekst i dei frie inntektene for kommunesektoren ( medrekna fylkeskommunane ) mellom kr. 2 ½ mrd. og kr. 3 mrd. frå 2010 til 2011. Av denne veksten vil kr. 400 mill. bli fordelt til kommunar som taper på omlegginga i inntektssystemet. Kr. 200 mill. av veksten går til fylkeskommunane. Veksten i dei frie inntektene er realauke, det vil sei utan prisjustering til 2011 - kroner. Prisindikatoren som vil bli nytta ved prisjustering vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten. Innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring er ikkje ein del av den signaliserte veksten, slik at auken i rammeoverføring som følgje av innlemming kjem i tillegg.

Veksten i dei frie inntektene må bli sett i samanheng med den demografiske utviklinga med fleire innbyggjarar og endra alderssamansetjing. Det blir fleire innbyggjarar med høgast alder i dei eldste aldersgruppene. Kommunane sine meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga er nesten like stor som den samla pårekna veksten i dei frie inntektene.

Det blir for 2011 lagt opp til å innlemma øyremerka barnehagetilskot i rammeoverføring. Dette omfattar både ordinært driftstilskot, skjøntilskot og tilskot til barn med funksjonshemming. Samla tilskot til barnehagar utgjer kr. 26,3 mrd. i 2010. Beløp innlemma i rammeoverføring for kvar kommune vil først vere kjent i statsbudsjettet til hausten. Dette har samanheng med heilårsverknaden i 2011 av nye plassar som blir oppretta i år.

Øyremerka tilskot til kvalifiseringsprogrammet ( samla kr. 769 mill. i 2010 ) vil bli innlemma i rammeoverføring i 2011. Ei viktig målsetjing med programmet er å redusera sosialhjelp som langtidsytning ved at fleire blir kvalifisert for arbeid. Dette vil vere ei særskilt fordeling i 2011 utanfor den ordinære fordelinga etter kriterium i inntektssystemet. Beløp innlemma for kvar kommune vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring i 2011 - i hovudsak barnehagetilskotet - inneber at dei frie inntektene vil utgjere ein større del av dei samla inntektene. Dei frie inntektene sin prosentdel vil med dette auka frå 68 prosent i 2010 til 76 prosent i 2011. Øyremerka tilskot sin prosentdel blir med dette redusert frå 12 prosent til 4 prosent.

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester vil bli nærare vurdert til framlegginga av statsbudsjettet i haust. Det var ein sterk vekst i tilskotet frå 2008 til 2009. Det er framlegg om å justera innslagsnivået med lønsvekst i det året det blir søkt refusjon for ( ikkje løns- og prisvekst som tidlegare ).



**Endring i kostnadsnøkane i inntektssystemet ( utgiftsutjamninga ) frå og med 2011**

Det er lagt opp til relativt store endringar i kostnadsnøkane i utgiftsutjamninga. Bakgrunnen for endringane er både innlemminga av barnehagetilskotet i rammeoverføring og utviklinga som har vore i kommunane sitt utgiftsbehov over ein lang tidsperiode. Førre revisjon var for over 10 år sia ( Rattsø - 1, 1997 ).

Noverande kostnadsnøklar til og med 2010 :

Innbyggjarar 0 - 5 år	0,023	
Innbyggjarar 6 - 15 år	0,316	
Innbyggjarar 16 - 66 år	0,120	
Innbyggjarar 67 - 79 år	0,084	
Innbyggjarar 80 - 89 år	0,132	
Innbyggjarar 90 år og over	0,049	
Basiskriterium		0,025
Berekna reisetid	0,016	
Sone	0,010	
Nabo	0,011	
Urbanitetskriterium	0,041	
Skilte og separerte 16 - 59 år	0,038	
Arbeidsledige 16 - 59 år	0,010	
Kriterium for dødstal	0,025	
Ikkje - gifte 67 år og over	0,025	
Innvandrarar	0,005	
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,062	
Psykisk utviklingshemma under 16 år		0,003
Landbrukskriterium	0,005	
		1,0

**Framlegg til nye kostnadsnøklar :**

	Vekt
Innbyggjarar 0 - 2 år	0,0084
Innbyggjarar 3 - 5 år	0,0934
Innbyggjarar 6 - 15 år	0,2944
Innbyggjarar 16 - 22 år	0,0212
Innbyggjarar 23 - 66 år	0,0952
Innbyggjarar 67 - 79 år	0,0455
Innbyggjarar 80 - 89 år	0,0692
Innbyggjarar 90 år og over	0,0463
Basiskriterium	0,0233
Sone	0,0133
Nabo	0,0133
Landbrukskriterium	0,0031
Innvandrarar 6 - 15 år, utanfrå Skandinavia	0,0085
Norskfødde 6 - 15 år med innvandrarforeldre,	0,0009 utanfrå Skandinavia
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0040
Kriterium for dødstal	0,0458
Barn 0 - 15 år med einsleg forsørgjar	0,0115
Fattige	0,0062
Uføretrygda innbyggjarar 18 - 49 år	0,0039

Opphopingsindeks	0,0119
Urbanitetskriterium	0,0153
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,0460
Ikkje - gifte 67 år og over	0,0435
Barn 1 - 2 år utan kontantstønad	0,0575
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0184
	1,0

Basiskriteriet vil få høgare relativ vekt i dei nye kostnadsnøklane. Dette grunnbeløpet i rammeoverføring gir like høgt tilskot uavhengig av innbyggjartalet i kommunen. Når dette kriteriet får ein relativt høgare vekt, er dette ein fordel for dei minste kommunane.

Vektlegginga må bli sett i samanheng med at det no vil bli fordelt meir tilskot gjennom rammeoverføring, i hovudsak som følgje av innlemminga av barnehagetilskotet. Det må også bli sett i samanheng med framlegg om å redusera småkommunetilskotet.

Kriteriet berekna reisetid til kommunesenteret blir teke ut. Meirkostnader som følgje av busetjingsmønsteret blir ivareteke i framlegget ved å auka vektlegginga på noverande sone- og nabokriteria.

I framlegget er det ei ny aldersinndeling. Aldersgruppa 16 - 22 år er skilt ut som eiga gruppe ( var tidlegare ein del av gruppa 16 - 66 år ). Dette er gjort for å ta omsyn til at ein del av tenestene i primærhelsetenesta er retta mot barn og ungdom, samt at barnevernsloven omfattar tiltak for barn og ungdom til og med 23 år. Alderskriteria skil også mellom 1 - 2 år, utan kontantstønad, og 3 - 5 år av omsyn til barnehagesektoren og innlemminga av barnehagetilskotet. Kriteriet for psykisk utviklingshemma 16 år og over har fått lågare vekt, og kriteriet for psykisk utviklingshemma under 16 år er teke ut.

Innbyggjarar med høgare utdanning er eit nytt kriterium i utgiftsutjamninga. Det er lagt til grunn at høgare utdanningsnivå hos innbyggjarane aukar etterspurnaden etter barnehageplassar.

Det er framlegg om nye kriterium for sosiale tilhøve. Dette er talet på uføretrygda personar 18 - 49 år og ein opphopingsindeks ( skilte, arbeidsledige og fattige ). Det noverande urbanitetskriteriet - som har teke omsyn til storbyproblematikk t.d. knytt til rus og psykiatri - har fått betydeleg lågare vekt. Kriteriet barn 0 - 15 år med einsleg forsørgjar vil erstatta noverande kriterium skilte og separerte 16 - 59 år.

Sum utslag av endring i kostnadsnøklane pr. innbyggjar er synleggjort med førebelse tal i vedlegg 7 i kommuneproposisjonen, kolonne 3. I denne utrekninga inngår også delkostnadsnøkkelen for barnehagar.

### ***Andre endringar frå og med 2011 :***

#### ***Småkommunetilskot***

Det er lagt opp til ein reduksjon i småkommunetilskotet. Dette tilskotet blir gitt til dei kommunane som har under 3000 innbyggjarar ( fullt tilskot ) og skattenivå under 120 % av landsgjennomsnittet. Utslag pr. innbyggjar er synleggjort i vedlegg 7 til kommuneproposisjonen, kolonne 4.

### ***Storbytilskot***

Hovudstadstilskotet til Oslo blir avvikla og i staden fordelt mellom Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Førebels er dette tilskotet utrekna til kr. 316,- pr. innbyggjar for aktuelle kommunar, men endeleg sats vil kome i statsbudsjettet til hausten.

### ***Redusert skattedel av inntektene***

Det blir lagt opp til å redusera skatteinntektene sin prosentdel av samla inntekter for kommunane frå 45 til 40 prosent i 2011. Dette blir gjort ved å redusera det kommunale skatteøyret slik at ein større del av inntektene kjem gjennom rammeoverføring frå staten. Skatteøyret i prosent vil bli endeleg fastsett for 2011 i statsbudsjettet på bakgrunn av at samla pårekna skatteinntekter også er knytt til sysselsetjing og lønsnivå.

Redusert skatteøyre vil vere ein fordel for mange av kommunane i fylket då skattenivået for aktuelle kommunar ligg under landsgjennomsnittet. For kommunar med personskattenivå over landsgjennomsnittet inneber denne omlegginga eit netto inntektstap. Kommunar som taper på denne omlegginga i fylket er Bergen, Austevoll og Austrheim. Naturressursskatten er uavhengig av ei endring i skatteøyret. Skatteøyret og endringar i dette er m.a.o. berre knytt til personskatten.

Utslag pr. innbyggjar av lågare skattedel av inntektene er synleggjort i vedlegg 7, tabell 7 til kommuneproposisjonen.

Kompensasjonsgraden i inntektsutjamninga vil auka til 60 % i 2011 ( i tillegg kjem kompensasjon for spesielt lågt skattenivå ). Når kompensasjonsgraden aukar, gir dette eit større trekk for kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet og vice versa.

### ***Ekstra skjønstilskot knytt til endringane i inntektssystemet***

Det er framlegg om å gi ekstra skjønstilskot som delvis kompensasjon for tap utover kr. 100,- pr. innbyggjar av endringane i inntektssystemet i 2011. Kompensasjon blir om lag 60 % av tap utover kr. 100,- pr. innbyggjar. Samla kompensasjon for kommunane i landet blir kr. 400 mill. Førebels utrekning av kompensasjonsbeløp pr. innbyggjar til aktuelle kommunar er synleggjort i vedlegg 7 i kommuneproposisjonen, kolonne 8.

Endringane som blir kompensert omfattar både summen av ny kostnadsnøkkel, lågare skattedel og redusert småkommunetilskot.

Fordelinga av tilskotet mellom kommunane vil bli gjort av Kommunaldepartementet og inngå i statsbudsjettet til hausten. Dette ekstra skjønstilskotet vil liggje fast med same årlege fordeling til neste revisjon av kostnadsnøklane, det vil sei i ca. 4 år.

### ***Inntektsgaranttilskot ( INGAR )***

INGAR skal sikra at kommunar ikkje får ein for stor nedgang i rammetilskotet frå det eine året til det neste. Dette blir gjort ved å gi kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste.

INGAR vil omfatta endring i kostnadsnøklane og inntektssystemet ( t.d. redusert småkommunetilskot ). INGAR omfattar også innlemming av øyremerka tilskot ( t.d. barnehagetilskotet ) og endringar i kriteriedata ( t.d. talet på eldre innbyggjarar ). INGAR tek ikkje omsyn til endringar i inntektsutjamninga eller endring i skjønstilskot og veksttilskot.

**Skjønstilskot**

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i ordninga med skjønstilskot for kommunane.

I skjønnsramma er det rekna med kompensasjon for kommunar som i 2004 fekk høgaste sats for arbeidsgivaravgift utan å ha blitt tilbakeført til lågare avgiftssats seinare ( 2007 ). Denne kompensasjonen vil bli justert med pårekna lønsvekst.

Prosjektskjøn inngår som ein del av skjønnsramma.

Basisramma for kommunane samla blir om lag uendra frå 2010 til 2011.

Kr. 100 mill. i skjønstilskot for heile landet vil, som i 2010, bli sett av til inntektssvake kommunar i Sør - Noreg. Denne ramma vil bli fordelt mellom fylka, og fylkesmennene vil deretter fordela rammene mellom kommunane.

I tillegg kjem, som nemnd over, ei utviding av skjønnsramma knytt til tap av endringar i inntektssystemet frå 2010 til 2011. Ramma på kr. 400 mill. vil bli fordelt av departementet mellom kommunane og omfatta om lag 150 kommunar i landet.

**Samla utslag av endringar**

I vedlegg 7 i kommuneproposisjonen, kolonne 9, er sum systemendring av framlegg synleggjort med førebelse tal. Her inngår sum utslag av ny kostnadsnøkkel, medrekna også delkostnadsnøkkel for barnehagar.

I kolonne 10 er 1. års verknad i 2011 av framlegg til endringar synleggjort. I denne utrekninga inngår INGAR. I utrekninga er det lagt til grunn ei samla vekst i dei frie inntektene med kr. 2,5 mrd., det vil sei med inntektsauke som i hovudsak er kompensasjon for utviklinga i demografi.

Oversynet i vedlegg 7 - med utslag av endringar - er førebelse tal og i 2010 - kroner. Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling som grunnlag for rammeoverføring 2011 vil vere 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2011 er telletidspunktet 01.01.2011.

**NB! Tala i tabellen er berre illustrasjonsberekningar – endelege tal i statsbudsjettet.**

**Tabellforklaring:**

- 1) viser innbyggertallet per 1. januar 2009
- 2) viser isolert virkning av ny delkostnadsnøkkel på barnehage
- 3) viser virkning av ny kostnadsnøkkel
- 4) viser endring av småkommunetilskuddet
- 5) viser endring av Nord-Norge- og Namdalstilskuddet
- 6) viser storbytilskuddet
- 7) viser virkning av å redusere skatteandel fra 45 pst. til 40 pst.
- 8) viser 400 mill.kr. i skjønn til kommuner som taper på endringer i inntektssystemet
- 9) viser totale systemvirkninger (3+4+5+6+7+8)
- 10) viser første års virkning av endringer inkludert inntektsgarantitilskuddet og anslått vekst i frie inntekter i 2011 på 2,5 mrd. kroner

Kommune	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
1266 Masfjorden	1 652	102	148	-572	30	0	114	111	-168	286

MASFJORDEN	Inngang/A1	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
<b>MASFJORDEN</b>									
<i>faste år 2010-priser for årene 2010 - 2014</i>									
<b>PROGNOSE</b>									
<b>1000 kr</b>		<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		11 588	12 424	15 672	16 730	17 336	17 336	17 336	17 336
Utgiftsutjevning		14 682	14 524	16 991	19 400	19 687	19 687	19 687	19 687
Overgangsordninger/(INGAR fra 2009)		-62	-4	-100	-41	-	-	-	-
Saker med særskilt fordeling		71	281	178	227	227	227	227	227
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd Oslo		-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		5 083	5 296	5 535	5 707	5 707	5 707	5 707	5 707
Distriktstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.		1 209	1 209	1 004	500	-	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift		-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedskjønn i 2010)		-	-	-	-	-	-	-	-
Systemomlegging inntektssystemet,jf tabell 7.1 kol 9		-	-	-	-	-278	-278	-278	-278
Inntektsgarantistilskudd (INGAR) tilknyttet omleggingen av IS		-	-	-	-	27	-26	-	-
Justert skjønn momskomp 08		-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD		914	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntekstutj 2007/Komp Fysioterapeutmidler 09		-	-3	21	-	-	-	-	-
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap		-	-	903	-	-	-	-	-
RNB2009 - økt innbyggertilskudd/trekk storbymidler til psykisk helse		-	-	414	3	-	-	-	-
<b>Sum rammetilsk uten selskapskatt</b>		<b>33 485</b>	<b>33 727</b>	<b>40 618</b>	<b>42 527</b>	<b>42 705</b>	<b>42 652</b>	<b>42 678</b>	<b>42 678</b>
Selskapskatt		946	6 714	-	-	-	-	-	-
<b>Sum rammetilsk. ekskl inntekstutj.</b>		<b>34 431</b>	<b>40 441</b>	<b>40 618</b>	<b>42 527</b>	<b>42 705</b>	<b>42 652</b>	<b>42 678</b>	<b>42 678</b>
"Bykjetrekke" (anslag)		-6	-5	-2	-1	-1	-1	-1	-1
Netto inntekstutjevning		-3 152	-5 853	-4 532	-3 621	-3 705	-3 705	-3 705	-3 705
<b>Sum rammetilskudd</b>		<b>31 273</b>	<b>34 583</b>	<b>36 084</b>	<b>38 905</b>	<b>38 999</b>	<b>38 945</b>	<b>38 972</b>	<b>38 972</b>
Rammetilskudd - endring i %		-	10,6	4,3	7,8	0,2	-0,1	0,1	-
<b>Skatt på formue og inntekt</b>		<b>39 326</b>	<b>40 202</b>	<b>44 508</b>	<b>44 115</b>	<b>44 497</b>	<b>44 497</b>	<b>44 497</b>	<b>44 497</b>
Skatteinntekter - endring i %		-	2,2	10,7	-0,88	0,87	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>		<b>70 599</b>	<b>74 785</b>	<b>80 592</b>	<b>83 000</b>	<b>83 500</b>	<b>83 400</b>	<b>83 500</b>	<b>83 500</b>

### Utfordringar for kommunane

Kommunane står overfor fleire større utfordringar som i stor grad har samanheng med samfunnsutviklinga, for eksempel fleire og meir kompliserte saker innan barnevernet. Kommunane får i aukande grad utfordringar knytt til befolkningsutviklinga, særleg med omsyn til at det blir fleire eldre og derav eit behov for å yte meir omfattande omsorgstenester.

Nokre sentrale forhold som ikkje er ein del av Kommuneproposisjonen frå regjeringa, er;

- Pensjon
- Momskompensasjon
- Gjeldsnivå
- renteutviklinga

### Pensjon

Pensjonsutgiftene har vore aukande dei siste åra bl.a. på grunn av lengre levetid i befolkninga. Frå og med 2002 blei det innført nye rekneskapsreglar for pensjon kor det blei gitt høve til å inntektsføre eit premieavvik når pensjonsinnbetalinga frå kommunen til pensjonsselskapet er større enn berekna pensjonsutgift. Kommunane har kunne velje om ein vil utgiftsføre dette premieavviket i det neste året i sin heilskap eller fordele denne utgifta rekneskapsmessig dei neste 15 årene. Vi har valt 15 år.

Dette har ført til at ein har akkumulert store premieavvik som må utgiftsførast over tid. Dette fører også til eit avvik mellom rekneskap og likviditen. På denne bakgrunn vil det i aukande grad bli nødvendig å utgiftsføre premieavvik frå tidlegare år.

## PREMIEAVVIK

Inntektsført premieavvik				Amortisert							
Kto 2 1941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
KLP 2002	1 161 488	-1 016 302	2 177 790		-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186
SPK 2003	190 920	-127 280	318 200			-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213
KLP 2004	89 019	-34 509	103 528				-8 902	-8 902	-8 902	-8 902	-8 902
SPK 2004	140 467	-70 233	210 700				-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047
SPK 2005	234 453	-85 255	319 708					-21 314	-21 314	-21 314	-21 314
KLP 2006	66 477	-16 819	83 096						-5 540	-5 540	-5 540
SPK 2006	94 596	-23 649	118 245						-7 883	-7 883	-7 883
KLP 2007	838 010	-128 925	966 935							-84 462	-84 462
KLP 2008	2 350 649	-167 904	2 518 553								-167 904
KLP 2009	335 417	-	335 417								
<b>Kto: 2 1941 010 AAG 14,1%</b>	<b>5 491 495</b>	<b>-1 670 677</b>	<b>7 152 172</b>	<b>-</b>	<b>-145 186</b>	<b>-186 399</b>	<b>-187 348</b>	<b>-208 862</b>	<b>-222 084</b>	<b>-286 547</b>	<b>-454 450</b>
	772 891										

Utgiftsført premieavvik				Amortisert							
Kto 2 3941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
SPK 2002	-80 533	70 467	-151 000		10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067
KLP 2003	-38 400	26 800	-64 000			4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267
KLP 2005	-1 019 072	370 572	-1 389 644					92 843	92 843	92 843	92 843
SPK 2007	-206 716	31 803	-238 519							15 901	15 901
SPK 2008	-323 210	23 086	-346 296								23 086
SPK 2009	-97 182	-	-97 182								
<b>Kto: 2 3941 010 AAG 14,1%</b>	<b>-1 765 114</b>	<b>521 527</b>	<b>-2 286 641</b>	<b>-</b>	<b>10 067</b>	<b>14 333</b>	<b>14 333</b>	<b>106 976</b>	<b>106 976</b>	<b>122 878</b>	<b>145 964</b>
	-248 881										

Netto premieavvik	3 716 382										
Kto: 2 3941 010 AAG 14,1%	524 010										

Masfjorden kommune har sett av i alt 6,8 mill.kr. pr. 31.12.2009 som pensjonsfond under balansekonto 2.5600.100 knytt til pensjonsmidlar og det faktum at kommunane skyver framfor seg store deler av pensjonskostnaden, til dekking av premieavvik og eigenkapitalinnskott KLP – og har difor reservar til å dekke denne utfordringa.

### Momskompensasjonsordninga

Ordninga med momskompensasjon er lagt om frå og med 2010 ved at 1/5 av momskompensasjonen frå investeringar skal overføres frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Overføring skal trappast opp dei neste åra med 1/5 årleg. Frå og med 2014 skal som kjent heile kompensasjonen frå investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. I overgangsperioden 2010 - 2013 er driftsfinansieringa av investeringane i samsvar med opptrappingsplanen pålagt, det vil seie at den må gjennomførast sjølv om kommunen skulle ha rekneskapsmessig underskot. Den planlagde omlegginga vil bidra til ein sunnare økonomiforvaltning med lågare låneopptak. Samtidig er dette ein innstramming driftsmessig dei første åra, når ein mindre del av momskompensasjonen kan disponerast i driftsrekneskapen. Mange kommunar har hatt eit høgt investeringsnivå dei siste åra, og det er derfor blitt inntektsført betydelig momskompensasjon i driftsrekneskapen. Overgangen for Masfjorden sin del blir ikkje stor, då vi har praktisert 100% tilbakeføring av momskompensasjon som ein får på investeringane, frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. **For 2009 utgjorde denne overføringa frå drift til investeringsrekneskapen kr. 3.524.526,24.** Dei fleste kommunar ville ha inntektsført dette i drift utan overføring til investeringsrekneskapen, og heller lånefinansiert investeringa – og dermed indirekte lånefinansiert drifta. For dei kommunane som har praktisert den siste løysinga, vil få betydelege utfordringar med omlegging av momskompensasjon investeringar.


### Gjeldssituasjonen

Kommunane sin lånegjeld har auka mykje samla sett dei seinare åra. Gjeldsnivået er no høgt, også når ein vurderer det i forhold til inntektene. Det er grunn til bekymring om denne utviklinga fortsetter dei neste åra slik at gjeldsbelastninga aukar ytterlegare. Sjølv om kommunane kan betene gjeldsforpliktingane, fører eit høgt gjeldsnivå til at ein større del av inntektene blir bundet opp i renter og avdrag istadenfor å bli nytta til direkte tenesteyting for innbyggjarane. Ein del av gjelda er heilt eller delvis sjølvfinansierende, for eksempel gjennom avgifter eller statleg rentekompensasjon. Viser i denne samanheng til note 11 i 2009 rekneskapen.

### Rentenivå

Noverande rentenivå er spesielt lågt, sett i eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om det er ein politisk målsetning at rentenivået fortsatt skal være lågt, må det over tid forventast eit høgare rentenivå. Kommunane er sårbare om eit fortsatt lågt rentenivå er nødvendig for å oppretthalde den økonomiske handlefridomen. Det noverande låge rentenivået må sjåast i samanheng med finanskrisa og behovet for å stimulere den økonomiske aktiviteten.

I revidert nasjonalbudsjett reknar ein med at pengemarknadsrenta vil auke med eit ½ prosentpoeng frå 2010 til 2011.



Kilde: Finansdepartementet, Norges Bank, Statistisk sentralbvrå

## VURDERING

Rammesaka har som hovudfokus å seie noko om kommunen sitt inntektsgrunnlag kommande budsjettår og økonomiplanperiode, og fordele desse midlane mellom rammeområda slik at ein får mest og best mogleg tenesteproduksjon ut av midlar til rådvelde – og vere det styringsdokument administrasjon legg detaljbudsjett etter.

### Kommunale inntekter - vurderingar kring budsjetttramme år 2011

**Finansiering** – inntektsgrunnlaget for driftsbudsjett 2011/økonomiplan 2011-14 → skjema 1A

**Frie inntekter** = summen av (1) Skatt på inntekt og formue og (2) Rammetilskot, og ut i frå KS prognosemodell oppdatert etter kommuneproposisjonen 2011 tilseier følgjande inntektsutvikling i kommunen – (NB! Basert på folketal i kommunen pr. 1.1.2010, slik at her vert det endringar med tal pr. 1.7.2010 og 1.1.2011) + endringar i inntektssystemet og at barnehagetilskotet ikkje er lagt inn i prognosen.

For 2010 utgjer ulike øymerka barnehagetilskot 6,5 mill.kr., og frykta er at når denne finansieringa vert gjort om frå øymerka som ein del av det ordinære rammetilskotet, at nettosummen som kommunen får vert betydeleg lågare enn 6,5 mill.kr., men dette får ein først svar på når statsbudsjettet kjem i oktober 2010.

faste 2010 priser	Rekneskap		Budsjett	Prognose			
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Frie inntekter							
Innbyggjartilskot	12.424	15.672	16.730	17.336	17.336	17.336	17.336
Utgiftsutjamning	14.524	16.991	19.400	19.687	19.687	19.687	19.687
Overgangsordninga	277	78	186	227	227	227	227
Regionaltilskot	5.296	5.535	5.707	5.707	5.707	5.707	5.707
Ekstra ord.skjøn	0	0	0	0	0	0	0
Ordinært skjøn	1.200	1.004	500	0	0	0	0
Selskapskatt/andre f.	6.714	0	0	0	0	0	0
Tiltakspakke 26.1.09/ revidert nasjonalbudsjett	6.714	903 421	0	0	0	0	0
Systemomlegging/INGAR	0	0	0	-251	-304	-278	-278
Netto inntektsutjamning	-5.858	-4.532	-3.621	-3.705	-3.705	-3.705	-3.705
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>34.583</b>	<b>36.084</b>	<b>38.905</b>	<b>38.999</b>	<b>38.945</b>	<b>38.972</b>	<b>38.972</b>
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>40.202</b>	<b>44.508</b>	<b>44.115</b>	<b>44.497</b>	<b>44.497</b>	<b>44.497</b>	<b>44.497</b>
Sum frie inntekter	74.785	80.592	83.000	83.500	83.400	83.500	83.500

Ved 2,5% årleg prisstigning;

Sum frie inntekter	74.785	80.592	83.000	83.500	85.500	87.600	89.800
--------------------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

### Andre inntekter

Kommunale inntekter – brukarbetaling som kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar, øymerka tilskot etc. vert innarbeidd i dei einskilde driftseining sitt budsjett og ein legg til grunn samme auken her som i det generelle prisvekst lagt inn i statsbudsjettet/revidert statsbudsjett



### Eigedomsskatt

Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per KWh til at ein no nærmar oss maksgrensa. Maksgrensa er no stadfesta nådd, jf. dokumentasjon frå sentralskattkontoret for storbedrifter. Masfjorden kommune kunne ha teke inn 25,7 mill.kr. i 2010 om makstaket på eigedomsskattegrunnlaget hadde vorte opphøyrte – no får ein 19,7 mill.kr. Tilrår at vi legg eigedomsskatten for 2011 på 20 mill.kr., og flatt elles i økonomiplanperioden.

### Konsesjonskraft

Kommunen har krav på konsesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10% av kraftmengda går som konsesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. Etter semje med fylkeskommunen, tek Masfjorden ut 32 GWh for 2010. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 32 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjer. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjer om forbruket aukar i kommunen.

Konsesjonskrafta er ei variabel inntekt, med nær 10 mill.kr. i 2009, og garantipris på litt over 5 mill.kr. for 2010. Utviklinga i kraftmarknaden avgjer kva pris ein oppnår i økonomiplanperioden. Legg til grunn 7,5 mill.kr. i rammesaka (heile planperioden 2011-14), men då med fare for redusert kraftpris som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 32 GWh), og ein er veldig sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgangstider.

### Andre statlege tilskot

Det vert gjeve ein del statlege tilskot som for eksempel barnehage (fram til 2011) som er med på å finansiere drifta av kommunane, bustadtilskot – og i 2009 ekstra i form av tiltakspakken av 26.1.09, med 1.1 mill.kr vedteke brukt til kommunale vegar. Siktemålet til regjeringa er at øyremerka tilskot skal vere minimal – 4%.

## Finansinntekter og finansutgifter

### Finansinntekter

Finansinntekter er summen av rente bankinnskot, plasserte fondsmidlar, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidlar var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar), dårleg 2008 – svært god i 2009, og 2010 ? Låg rente kommande år, gir liten avkastning midlar plassert i bank. – samla sett legg ein til grunn 1,0 mill.kr. i finansinntekter i perioden 2011-14, men håpar at ny bankavtale skal gje betre utteljing .

**Rente- og avdrag**

Masfjorden kommune hadde pr. 31.12.2009 ei samla lånegjeld på 67,3 mill.kr, som vart redusert til 63,9 mill.kr. ved utgangen av 2008 – og ein legg til grunn følgjande øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden;

Låneopptak 2010:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2011:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2012:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2013:	kr. 3.900.000
Låneopptak 2014:	kr. 3.900.000

noko som inneber at lånegjelda vil bli uendra med 67,3 mill.kr. ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 3,0 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2011-2014 (tal i heile 1000);

År	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Rente	4 963	4 166	3 317	1 778	2 189	3 010	4 109	4 400	2 300	2 000	2 000	2 000	2 000
Avdrag	3 816	3 462	3 624	3 621	3 546	3 355	3 652	3 700	3 900	3 900	3 900	3 900	3 900

**Avsetjinga og bruk av avsetjinga**

Ein legg til grunn at netto sum avsetjinga og bruk av avsetjinga går i balanse og ikkje får nokon netto verknad for drifta i økonomiplanperioden.

**Føresetnader** – utgiftsforhold for driftsbudsjett 2011/økonomiplan 2011-14 → skjema 1B

Sjå innspel/uttale frå enkelte driftseiningar under uttale.

**Felles for alle rammeområda****Lønskostnader**

**Tariff/lønsoppgjeret** pr. 1.5.2010 ikkje avklart → streik. KS legg opp til eit moderat oppgjer.

Ein legg til grunn eit forsiktig lønsvekst for 2011 på 3,5 %.

**Pensjonskostnader**

Legg til grunn satsar frå 2010 budsjettet (netto 13% - brutto 15%), til tross for at premiane er høgare, vil ordninga med premieavvik / pensjonsforskrifta medføre at dette er tilstrekkeleg avsetjing. Ein har elles fondsreservar innan dette område. Ein må elles byrje å budsjettere med amortiseringsavvik – inntektsførte premieavvik skal dekkast inn over 15 år, slik at her kjem ein kostnad årleg framover.

**Arbeidsgjevaravgift**

Ein legg til grunn avgift i tråd med sone 2, dvs. 10,6% arb.gj.avgift for alle tilsette i Masfjorden kommune.

**Prisvekst**

Legg til grunn ein generell prisvekst på 3,5%

**Investeringa 2010-14**

Viser til budsjettsalderingssaka 2010 som var oppe 27.mai i Kommunestyret, som korrigerer innhaldet i 2010 i oversyn investeringsbudsjettet 2010-13. Ein har ikkje endringsframlegg 2011-13 i høve slik økonomiplanen vart vedteken des. 2009.

**Investeringsbudsjett 2010-2013**

Oversikta under viser oppstart nye tiltak.

Fullføring av iverksette prosjekt eller prosjekt med budsjettvedtak tidlegare fram til og med budsjett 2009 kjem i tillegg

Alle tal i heile 1000 & nettobudsjett (eksl.mva)																	
Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	750	250		250		250	250			250	250			0	0		
IKT/felles	3 500	2 500	1500		1000	500	0		500	500	0		500	0	0		0
IKT/Skulane	500	500	500		0	0		0	0	0			0	0			0
Opprusting komm.bygg	8 800	3 000	2 000		1 000	3 000	2 000		1 800	2 800	500		2 300	0	0		0
Kommunale vegar	1 000	500			500	500			500	500			500	0	0		0
Vassforsyning	4 000	2 000	700	1000	300	1 000	500		500	1 000	500		500	0	0		0
Avlaup	1 250	250	250		0	500	0		500	500	0		500	0	0		0
Utleigebustadar	3 000	3 000	1000	500	1500	3 000	1000		500	3 000	1000		500	0	0		0
Bustadfelt	1 500	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0	0	0	0	0
Omsorgsbustadar	0																
Masfjorden sjukeheim	200	200	0	0	200	200				200			200	0	0		0
<b>Sum investeringar</b>	<b>24 500</b>	<b>12 700</b>	<b>6 700</b>	<b>1 500</b>	<b>4 500</b>	<b>6 250</b>	<b>3 250</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>	<b>5 550</b>	<b>1 750</b>	<b>0</b>	<b>3 800</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

EK-innskot KLP: Siste år har KLP krevd inn årlege eigenkapitaltilskot, som ein tilrår vert finansiert med avsette midlar til pensjon i tidlegare års rekneskap - dvs. bruk av fond

IKT; Løpande investeringsbehov - pott lagt samla under IKT felles, men midlar kan gå til IKT skule og eigenfinansieringsdel rest utbygging breiband

Kommunale bygg: Storsatsing på oppgradere kommunale bygg jf. handlingsplan

Vatn & avlaup (VA): Til dels store prosjekt på gong - netttotal i investeringsplan, på ein skilde prosjekt stor del anleggsbidrag frå eksterne

Utleigebustadar: i tråd med gjeldane økonomiplan - kjøp eller oppføring i eigen regi.

Bustadfelt/føremål: Det er lagt opp til kommunal medverkand private bustadfelt, kor etableringstilskot vert nytta til veg & VA tiltak - finansiert med bruk av kraftfondet

Sandnes kyrkjegard: Tiltak trekt ut av kommunen sin investeringsplan, overført til fellesrådet si finansieringsramme investeringar

Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
Kyrkja/kyrkjegardar:	3 500	1500	0	0	1500	1000	0	0	1000	1000	0	0	1000	0	0	0	0

Kommunen står for indirekte finansiering - MKF eige juridisk eining - kommunen kompensere for avdrag på lån fellesrådet tek opp. Statleg finansieringsordning

Avdrag vert ført i kommunen sin driftsrekneskap- og midlar må budsjetterast inn i framtidige driftsbudsjett.

## KONKLUSJON

Ein har i rammesaka hatt fokus på framtidig inntektsgrunnlag – usikre forhold er knytt til

- folketalsutviklinga,
- endring i kriteriedata og endringar i inntektssystemet frå og med 2011,
- resultat av innlemming av tidlegare øyremerka tilskot barnehagane i rammetilskotet
- kraftprisen og evt. reduksjon av kraftprisen vil gje reduserte inntekter som kan få store konsekvensar for den økonomiske ramma kommande år og for heile økonomiplanperioden.

Rådmann utarbeidar balansert budsjett 2011 og økonomiplan 2011-14 ut i frå gitte føresetnader i denne saka (dvs. rammetilskot som om vi får behalde øyremerka tilskot barnehagane fullt ut). Budsjetttrammene danner grunnlag for vidareføring av noverande driftsnivå i økonomiplanperioden.

Ein er kjent med faktorar som gjer at rammetilskot vil gå ned, reduksjon av PU brukarar – reduserer åleine driftsbudsjettet med minimum 1,5 mill.kr., og innspela frå driftseiningane har eit til dels stor omfang i meirutgifter – slik at alle innspel kan ikkje innfriast. Det er såleis viktig i det vidare arbeid med utarbeiding av budsjett 2011 og økonomiplan at ein politisk tek ei klar prioritering av kva som skal styrkast og kva som ein må redusere på.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.06.2010	054/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/446
-----------	---------------------

### SAK 054/10 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/2623	X	02.06.2010		Oppsummering etter samtale

### Tilleggsskriv:

2. Vedtak – utalar frå Hovedstyrets junimøte 2010  
Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert Sektor
3. Barne – likestillings og inkluderingsdepartementet- Invitasjon til nominering av Årets barne og ungdomskommune 2010
4. Barne- og ungdomskonferansen 2010 – Førehandsvarsel
5. Notat frå rådmannen til formannskap/kommunestyre vedk. Skolten vassverk

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### KS-054/10 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet - utsett	03.06.2010	015/10	Jane Britt Daae
Formannskapet - utsett	08.06.2010	051/10	Jane Britt Daae
Arbeidsmiljøutvalet	16.06.2010	015/10	Alf Strand
Formannskapet	17.06.2010	054/10	Alf Strand
<b>Kommunestyret</b>	<b>17.06.2010</b>	<b>055/10</b>	<b>Jane Britt Daae</b>
Administrasjonsutvalet	17.06.2010	013/10	Jane Britt Daae

Arkiv: N-211, N-031	Arkivsaknr.: 08/490
---------------------	---------------------

### SAK 055/10 - BARNEHAGEPROSJEKTET 2008 - 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehageprosjektet vert avslutta og fylgjande fokusområde vert prioritert i det vidare utviklingsarbeidet for barnehagane;

- ❖ Kvalitetsutvikling og årlege brukarundersøkingar.
- ❖ Auka innsats for å sikre kompetanseheving. Spesielt gjeld dette tiltak for å utdanne fagarbeidarar.
- ❖ Tiltak for å halde tilsette friske og i arbeid.
- ❖ Tydeleggjering av forventningar. Kva forventar tilsette av arbeidsgjevar og leiarane, og kva forventar arbeidsgjevar av tilsette.

Styrarmodell vert vidareført.

#### **FS-051/10 VEDTAK:**

Saka er utsett.

#### Det skjedde i Formannskapet den 08.06.2010:

Formannskapet vart samde om at saka vart utsett pga av den ikkje har vore til handsaming i Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet.

**Formannskapet vedtok samrøystes at saka vart utsett.**

**AMU-015/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Barnehageprosjektet vert avslutta og fylgjande fokusområde vert prioritert i det vidare utviklingsarbeidet for barnehagane;

- ❖ Kvalitetsutvikling og årlege brukarundersøkingar.
- ❖ Auka innsats for å sikre kompetanseheving. Spesielt gjeld dette tiltak for å utdanne fagarbeidarar.
- ❖ Tiltak for å halde tilsette friske og i arbeid.
- ❖ Tydeleggjering av forventningar. Kva forventar tilsette av arbeidsgjevar og leiarane, og kva forventar arbeidsgjevar av tilsette.

Styrarmodell vert vidareført for barnehageåret 2010/2011.

**Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 16.06.2010:**

AMU drøfta saka.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet er eintydige i at det skal vere ein styrar i kvar barnehage, men ser på bakgrunn av barnetalet i Sandnes barnehage og rekrutteringssituasjonen vanskar med å få endra dette i neste barnehageår.

AMU ser at organisering av ubunden tid kan skape konsekvensar for arbeidsmiljøet, og oppmoder partane om å drøfte løysingar.

**ADM-013/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Barnehageprosjektet vert avslutta og fylgjande fokusområde vert prioritert i det vidare utviklingsarbeidet for barnehagane;

- ❖ Kvalitetsutvikling og årlege brukarundersøkingar.
- ❖ Auka innsats for å sikre kompetanseheving. Spesielt gjeld dette tiltak for å utdanne fagarbeidarar.
- ❖ Tiltak for å halde tilsette friske og i arbeid.
- ❖ Tydeleggjering av forventningar. Kva forventar tilsette av arbeidsgjevar og leiarane, og kva forventar arbeidsgjevar av tilsette.

Styrarmodell vert vidareført for barnehageåret 2010/2011.

**Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 17.06.2010:**

Saka vart drøfta.

Tilrådinga frå AMU vart samrøystes vedteke.

**FS-054/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Barnehageprosjektet vert avslutta og fylgjande fokusområde vert prioritert i det vidare utviklingsarbeidet for barnehagane;

- ❖ Kvalitetsutvikling og årlege brukarundersøkingar.
- ❖ Auka innsats for å sikre kompetanseheving. Spesielt gjeld dette tiltak for å utdanne fagarbeidarar.
- ❖ Tiltak for å halde tilsette friske og i arbeid.
- ❖ Tydeleggjering av forventningar. Kva forventar tilsette av arbeidsgjevar og leiarane, og kva forventar arbeidsgjevar av tilsette.

Styrarmodell vert vidareført for barnehageåret 2010/2011.

**Det skjedde i Formannskapet den 17.06.2010:**

**Tilrådinga frå Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.**

**KS-055/10 VEDTAK:**

Barnehageprosjektet vert avslutta og fylgjande fokusområde vert prioritert i det vidare utviklingsarbeidet for barnehagane;

- ❖ Kvalitetsutvikling og årlege brukarundersøkingar.
- ❖ Auka innsats for å sikre kompetanseheving. Spesielt gjeld dette tiltak for å utdanne fagarbeidarar.
- ❖ Tiltak for å halde tilsette friske og i arbeid.
- ❖ Tydeleggjering av forventningar. Kva forventar tilsette av arbeidsgjevar og leiarane, og kva forventar arbeidsgjevar av tilsette.

Styrarmodell vert vidareført for barnehageåret 2010/2011.

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

**Kari Skår Sørheim, KrF**, sa at dette er ei viktig sak og det er ein viktig og god prosess som no har vore gjennomført. Det har vore sett fokus på mange spørsmål.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**



## Sakstilfang:

### SAKSUTGREIING:

#### BAKGRUNN

I juni 2008 tok rådmannen initiativ for eit utviklingsprosjekt for alle barnehagane i Masfjorden.

Bakgrunnen var:

- Ulikt innhald i barnetilbodet ved dei tre barnehagane
- Stor nedgang i barnetalet ved Sandnes barnehage
- Mange styrarar ved Nordbygda barnehage på kort tid (fire styrarar som har sagt seg opp på fire år)
- Høgt sjukefråvær og stor bruk av vikarar i to av tre barnehagar
- Arbeidsmiljø prega av både positive og negative element, der det negative går i uro på grunn av fråvær, fysiske belastningar (støy og arbeidsstillingar), og utfordringar i samarbeid og kommunikasjon i personalgruppa.
- Tilbakemeldingar frå foreldra særleg i eine barnehagen viste uro i foreldregruppa og tyda på låg opplevd kvalitet.

Det vart etablert eit barnehageprosjekt for barnehage åra 2008/2009 og 2009/2010 for å styrke fagleg fokus, kvalitet, stabilitet og trivsel i barnehagane. Overordna mål vart definert som å få eit likeverdig barnehagetilbod.

#### **Erfaringar og status etter 2 år med utviklingsprosjekt**

Tiltak for den faglege delen har vore:

- Barnehagane har fått felles leing, satsingsområde, opplæring, sosiale arenaer, arbeidsformer og planlegging. Prioritert er:
  - Stjernestunder i garderobesituasjonen og i uteaktivitetar
  - ”Tidleg tiltak – varig verknad” - eit prosjekt med skulen
  - Skrivedans – eit prosjekt med helsesystem og kommunefysioterapeut
  - I 2008/2009 samla barnegruppe ved Sandnes og Nordbygda barnehage. (for 2009/2020 ingen førskulebarn ved Sandnes barnehage)
- Auka involvering frå foreldre i planlegging av aktivitetar (brukarundersøking og dialog)
- Styrking av pedagogiske leiarar – opplæring og rettleiing
- Fagleg rettleiing av personalet
- Opplæring i ”Tydelege vaksne” og IKT
- Tilsetting av førskulelærar ved Indre Masfjorden barnehage og Nordbygda barnehage (assistent/fagarbeidar stilling gjort om til førskulelærar)

Tiltak for den arbeidsmiljøretta delen har vore:

- Styrking av leiingfunksjonen for å handtere utfordringar og få auka fokus på fagutvikling. Ved Nordbygda barnehage vart det etablert ein styrarduo av styrane for dei to andre barnehagane. Anita Solheim styrar i 60 - 80% stilling og Inger Marie Duesund ass. styrar i 40 - 50% stilling. Styrardelen var ”skilt ut” ved Sandnes barnehage og Indre Masfjorden barnehage slik at styrar ikkje har hatt anna arbeid enn leiing/administrativt arbeid (tidlegare kombinert med arbeid i avdelingane).
- Merkantile oppgåver vart overført frå styrar til 50% kontormedarbeidar. Styrarane har vore i regelmessige dialogmøte med rådmann, kommunalsjef og rådgjevarar.
- Gjennomgang av etiske retningslinjer og køyrereglar
- Rolleavklaring og ”Det er lov å gjere kvarandre god!”
- Felles personalmøte for tilsette i alle barnehagane
- Individuell rettleiing og oppfølging
- Medarbeidarsamtalar for alle
- Redusere talet på deltidsstillingar
- Tilrettelegging for sjukmelde
- Tilsetting av ”fast” vikar i 6 månader
- Vikarkurs
- Studietur

Det har i prosjektperioden vore gjennomført tre evalueringsmøte med dei hovudtillitsvalte for Utdanningsforbundet og Fagforbundet, hovudverneombod, styrarane og administrasjonen/rådmannen. Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet har vore orientert om prosjektet. No i avslutning av prosjektet har styrarane og dei hovudtillitsvalte kvar for seg evaluert prosjektet. Det er gjennomført brukarundersøking blant foreldre/føresette, og arbeidsmiljøundersøking blant dei tilsette, i februar/mars 2010. Rådmannen oppsummerar desse og eigne erfaringar slik:

Positive erfaringar har vore/er:

- **Brukartfredshet** blant foreldre og føresette har auka, spesielt ved Nordbygda Barnehage. Vi har fått gode og konstruktive bidrag frå foreldra undervegs. Foreldra gjev attendemelding om utfordringar knytt til dei fysiske tilhøva. Det er avgrensa med plass, noko støyproblem på fulle avdelingar og for lite utstyr i Nordbygda. I 2008 var spesielt utfordringa grad av informasjon og brukarmedverknad tema. Av undersøkinga ser ein merkbar betring på desse områda.

	2010	2008	
			Snitt land
Nordbygda barnehage			
Resultat for brukerne	4,8	3,9	4,9
Trivsel	5,0	4,4	5,1
Brukermedvirkning	4,3	3,7	4,6
Respektfull behandling	5,0	4,3	5,3
Tilgjengelighet	5,3	4,8	5,3
Informasjon	4,4	3,3	4,7
Fysisk miljø	4,3	3,7	4,5
Generelt	4,7	4,4	5,0
<b>Snitt totalt:</b>	4,7	4,0	4,9

- **Arbeidsmiljøundersøkinga** viser også positiv utvikling innanfor alle barnehagane. Også her er utviklinga mest positiv på Nordbygda. Framleis har vi litt å hente på viktige punkt. Utdanningsforbundet og Fagforbundet har delteke i prosjektet og har meldt inn sine synspunkt som er innarbeida i punkta under.

	2010	2008	
			Snitt land
Nordbygda barnehage			
Organisering av arbeidet	4,2	4,0	4,4
Innhold i jobben	4,8	5,0	4,9
Fysiske arbeidsforhold	3,9	2,9	4,1
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,6	2,3	5,0
Mobbing, diskriminering og varsling	4,3	2,7	4,8
Nærmeste leder	4,2	3,9	4,5
Medarbeidersamtale	3,8	3,3	4,7
Overordnet ledelse	4,2	3,3	3,8
Faglig og personlig utvikling	3,9	2,7	4,2
Systemer for lønns- og arbeidstidsordninger	3,9	3,9	3,8
Stolthet over egen arbeidsplass	4,1	2,7	4,7
Helhetsvurdering	4,1	2,0	4,5
<b>Snitt totalt:</b>	4,2	3,5	4,4

- Ny satsing på kompetanseutvikling og rettleiing. "For første gang tid til å utvikle rolla som pedagogisk leiar". Auka motivasjon i personalgruppa for kompetanseutvikling og personleg rettleiing.
- "Rydding" i roller, forventningar, køyrereglar og auka bevisstgjering på hovudmål: Eit fagleg styrka barnehagetilbod, til borna sitt beste
- Auka samarbeid mellom barnehagane, og mellom ulike yrkjesgruppe/fagpersonar. Det er kjekt å arbeide i lag og det har gjeve gode resultat både for enkeltborn og grupper.
- Effektiv handtering av merkantile oppgåver som frigjer leiarressursar
- Styrka oppfølging av enkelte medarbeidarar

Mindre positive erfaringar har vore/er:

- Relativ rask oppstart av prosjektet og ulik motivasjon i personalgruppa for å gjere endringar.
- Høgt sjukefråver og vanskar med å skaffe vikar som gjev ustabil drift. Spesielt medfører dette redusert kontinuitet og tryggleik i barnegruppene. Sjukefråværr gjev høge utgifter og medfører psykososiale belastningar i personalgruppa.
- Styrarane brukar mykje tid til oppfølging av personale, skaffe vikarar, og organisere "endane til å møtast".
- Fagforbundet formidlar misnøye blant assistentane og fagarbeidarane med at førskulelærarane og pedagogiske leiarar har førebuingstid der dei forlet avdelinga (ubunden tid er 4 timar pr. veke for førskulelærar jmf sentralt inngåtte avtalar)
- Fagforbundet formidlar misnøye med at ein "ser mindre til" styrar.
- Endringar i kultur og arbeidsmiljø tek tid. Ein ønskjer å redusere problemorientering til fordel for løysingsorientert tilnærming til kvardagen. Det er lite tolmod i personalet for at endringar må skje raskt, samstundes som endringsviljen/-evna er ulik.
- Stor arbeidsbelastning for styrarane både i arbeidstid og med komplekse arbeidsdagar.

## Økonomi

Frå hausten 2008 vart bemanninga i Nordbygda barnehage styrka med ein førskulelærar. Samstundes vart det tilsett ein ekstra førskulelærar i Indre Masfjorden barnehage.

I høve til å ha hatt to fagarbeidarar i desse stillingane auka årsløna med kr 55000.

Frå 1. august 2008 vart det felles styrar for Nordbygda barnehage og Sandnes barnehage. Styrar i Indre Masfjorden barnehage fekk delt stillinga si mellom styrar i den barnehagen og assisterande styrar i Nordbygda. Dei to styrarane fekk auka årsløna si etter lokale forhandlingar som følgje av omorganiseringa. Ein av styrarane gjekk attende til stillinga si frå 80 til 100 %. Det vart samstundes tilsett kontormedarbeidar i 50% stilling for alle tre barnehagane samla.

Lønsutgiftene til tre styrarar var kr 1040800 pr. 1. juli 2008.

Lønsutgiftene til to styrarar frå 1.8. 2008 var kr 826000.

Løn til kontormedarbeidar er kr 158250.

Lønsmessig har kommunen spart kr 57000 på å ha to styrarar og ein kontormedarbeidar i staden for tre styrarar.

Dei grep ein har gjort i høve til stillingsheimlar, har såleis ikkje auka kostnadene.

Sjukefråveret i barnehagane har vore høgt gjennom fleire år. Det fører til mykje vikarbruk, noko som ikkje er heldig for drifta. Dessutan brukar styrar mykje tid til å skaffa vikar. Noko er korttidsfråver, men her er også ein god del fråver som går ut over arbeidsgjevarperioden og som ein såleis får inn sjukepengar på.

**Utgifter til sjukevikar:**

Brutto rekneskapstal for sjukevikar i den tid barnehageprosjektet har gått, samanlikna med dei to føregåande åra. (Budsjettala i parentes).

Barnehage	2006	2007	2008	2009	2010 (4 mnd)	
Nordbygda	134431 (55000)	272768 (55000)	205575 (75000)	468480 (75000)	139310 (75000)	364 %
Indre Masfjorden	220444 (130000)	271633 (100000)	163954 (70000)	277424 (70000)	177911 (70000)	252%
Sandnes	14991 (39600)	19902 (20000)	73184 (20000)	38426 (20000)	1494 (10000)	135%

Det er vanskeleg å sjå nokon klår tendens til nedgang i sjukefråveret. Berre ein av barnehagane har klart å halda vikarutgiftene i nærleiken av budsjettet gjennom perioden. Sjukefråveret er framleis altfor høgt i to av barnehagane.

**Oppsummering så langt:**

Barnehageprosjektet var eit heilt naudsynt grep for å handtere dei ulike utfordringane barnehagane sto overfor våren 2008. Ein har lukkast med mykje og spesielt er det å framheve at brukarundersøkinga viser positiv utvikling. Me har fått barnehagane på rett spor og ser fram til vidare arbeid for å styrke kvaliteten i barnehagetilbodet. Også medarbeidarundersøkinga viser framgang.

**Vidare utviklingsarbeid**

Erfaringar som ein vil byggje vidare på er:

**Kompetanse:** Kompetanseutvikling gjev auka fagleg fokus og kvalitet i oppgåveløysinga. I tillegg er fagleg meistring er blant dei fremste trivsel- og nærverskapande faktorane. Kompetansekartlegginga som vart gjort for alle tilsette i kommunen viste at tilsette i barnehagane i liten grad har teke vidareutdanning. Fleire assistentar er motivert for å ta fagbrev, og blant pedagogane er det ønskje om meir vidareutdanning.

- **Tiltak:** Definere kompetansebehov/krav og bemanningsnorm for barnehagane. Kva er naudsynt av pedagogisk kompetanse? Kva er naudsynt av yrkjesfageleg kompetanse? Skal ein ut frå barna sitt behov vurdere andre profesjonar som vernepleiar, sjukepleiar, barnevernspedagog o. l.? Barnehagelova kap. V viser kompetansekrava til personalet.
- **Tiltak:** Satsing for at alle assistentane tek fagbrev. Samarbeid med andre kommunar for å skaffe praksisplassar. Assistentar som er i eit planlagt utdanningsløp får 1,5 timar ubunden arbeidstid pr. veke for å arbeide med teori. Fagarbeidarane får 1 time ubunden tid til planlegging av aktivitetar og fagleg oppdatering.

Dersom me reknar med at 8 assistentar skal få 1,5 t ubunden arbeidstid pr. veke til å arbeida med teori og like mange fagarbeidarar får 1 time tid pr. veke til planlegging og fagleg oppdatering, vil det til saman utgjera 53 % stilling. Med utgangspunkt i fagarbeidarløn vil det seia kr 170000 årleg.

**Redusere sjukefråveret:** Sjukefråveret er for høgt i to av barnehagane, og det har fleire grunnar. Det dreier seg både om langtidsfråver og stor bruk av eigenmeldingar (korte fråver).

- Tiltak: Temaet inkluderande arbeidsliv og oppfølging av sjukemeldte inn som eit obligatorisk tema i HMT-årshjulet for barnehagane
- Tiltak: Ny handlingsplan for Indre Masfjorden barnehage og Nordbygda barnehage. Helsefremmande tiltak både på arbeidsplassen og forventningar om ansvar for eiga helse. Vurdere nytt arbeid for personar med kronisk sjukdom som reduserar deira fungering og trivsel.

**Styrka leiing:** For å utvikle barnehagane må styrarane sikrast leiarressursar. Etter norm gjev barnetalet til ei kvar tid kor stor styrardelen skal vere. Barnetala for 2010 er: 24 ved Indre Masfjorden barnehage, 18 i løpet året ved Sandnes barnehage og 37 ved Nordbygda barnehage. Felles leiarskap for barnehagane har vore vesentleg for få til prosjektet utover det den einskilde barnehage hadde klart aleine. For Nordbygda barnehage sin del måtte ein gjere endringar for å få stabilitet i leiarfunksjonen.

Leiarmodellen vår med to styrarar i tre barnehagar er av tilsette oppfatta som eit tilbakesteg i høve ynskt utvikling i barnehagane. Styrar vert meir distansert og konsentrert om oppgåver utanfor avdelingane. Spesielt assistentar saknar ein styrar som er tilstade, legg til rette, gjer beskjed og er tydeleg på kva oppgåver som skal utførast.

Rådmannen sine erfaringar frå arbeid med kvalitet og utviklingsprosessar (kanskje spesielt frå pleie og omsorg med myndiggjorte medarbeidarar) tilseier at dette er krevjande. Det krev kompetanseheving parallelt og ein kan blottlegge konfliktfylte samarbeidslinjer som styrar har ”skjult” ved å vere tett på og fatte beslutningar.

Rådmannen har nytta tid på å vurdere Fagforbundet og Utdanningsforbundet sine ynskje om anna styrarmodell. Å gå attende til ein styrar i kvar barnehage med styrar som delvis arbeider på avdeling, tar sjukevikaroppdrag i avdelingane og delvis arbeider med leiing og administrasjon, vil gje ei heilt anna utviklingsretning for barnehagane våre. Det er eit mål å myndiggjere alle arbeidstakarane og utvikle lærande arbeidsmiljø der alle tek ansvar for eigen læring. Dette gjer ein ikkje ved å ha leiarar som primært legg til rette og gjer beskjed om kva som skal gjerast.

Våre styrarar vil etter kvart i ein utviklingsprosess tydeleggjere våre mål og våre intensjonar – vårt oppdrag. Det vert forventa at alle tilsette bidreg i det daglege, i fellesskap ovanfor arbeidsgjevar med ei bevisst haldning til kva eg skal gjere og kva vi alle skal gjere i fellesskap for å utvikle kvalitet for barna i barnehagen – for å styrke vårt oppdrag.

Spørsmålet vert då til organisasjonane; Kva må til for at alle tilsette føler seg trygg på kva dei skal gjere? Kva må til for at eg kan myndiggjerast? Involvering? Informasjon? Kompetanseutvikling? Arbeidsmiljø? Desse spørsmåla må fylgjast opp i dialog med organisasjonane og einskildtilsette vidare.

Når det gjeld styrarmodellen konkluderar rådmannen med at vi på dette tidspunktet ikkje kan gå attende til tidlegare modell sjølv om dei tilsette sine organisasjonar oppmodar til det. Vi har forsøkt den modellen med lite hell med stadige utskiftingar av styrarar. Vi tar lærdom av innspela og fokuserer på kompetanseheving, tydeleg involvering og tydelege forventningar.

- Tiltak: For å vidareutvikla eit samla barnehagetilbod i kommunen og for å leiarkapasitet til å drive endringsarbeid, vert styrar - modellen i prosjektet vidareført som ei permanent ordning.
- Tiltak: Det vert oppretta ei fast 40% merkantil stilling for alle tre barnehagane. I prosjektperioden har kontormedarbeidaren hatt 50% stilling. Dette er i overkant av behovet.
- Tiltak: Auka bruk av landtidsplanlegging. Planane og prosjektaktivitetane har vore gode verktøy for å halde tråden i utviklingsarbeidet. Det må vurderast om barnehagane lagar ein 3 årsplan med felles satsingsområde for alle tre barnehagane. Føremålet er vidare arbeid med progresjonsplanar for fagområda. Det er viktig å ha eit større fagmiljø og at planen vert sett i samanheng med kompetanseutviklinga for barnehagane.

**Fysisk miljø**: Brukarundersøkinga viser tydelege tilbakemeldingar for at barnehagane sitt innvendige miljø må oppgraderast. Det går på inneklima, støy, plassmangel, innreiing og fornying.

- Tiltak: Vedlikehaldsplanen til barnehagane må effektuerast.

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.06.2010	055/10	Olaf Mørch
Kommunestyret	17.06.2010	056/10	Olaf Mørch

Arkiv: N-102.1	Arkivsaknr.: 10/421
----------------	---------------------

### SAK 056/10 - INVESTERINGSBUDSJETT FOR KOMMUNALE VEGAR - 2010

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Utbetringar Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.

#### 2. konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Bru vedlikehald	Kommunale bruar	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

3. Auka løyving frå 500.000 til 800.000 vert dekkja ved overføring frå driftsrekneskapen

#### Finansiering

Auka overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen med 300.000 vert innarbeidd i budsjett 2010

#### Heimel



**KS-056/10 VEDTAK:**

1. Utbetringar Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.
2. konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Bru vedlikehald	Kommunale bruer	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

3. Auka løyving frå 500.000 til 800.000 vert dekkja ved overføring frå driftsrekneskapen

**Finansiering**

Auka overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen med 300.000 vert innarbeidd i budsjett 2010

**Heimel****Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om at saka frå vegnemnda vil koma til kommunestyret i september.

**Spørsmål til ordførar frå Vigdis Søvik, Sp:**

Har det i den seinare tid vore utført kontroll og inspeksjon av Risnes bru, fylkesveg 570 som er førelagt Masfjorden kommune? Dersom slik rapport ikkje ligg føre vil ein be om at ordføraren tek dette opp med Statens vegvesen med tanke å at brusambandet til Byrknes vert ferdigstilt til hausten, og at ein då kan forventa ein trafikkauke med tyngre køyretøy.

Ordførar Håkon Matre svara Statens vegvesen kjem til Masfjorden i morgon den 18.06. Dei skal då til Risnes på synfaring. Det kan då passa bra at dei kan sjå på brua med det same.

**Willy Borge**, Frp, sa at då må ein få vegvesenet til å sjå på tunellen på Hosteland med det same. Veggane som vart malt for nokre år sidan er blitt mørke og det trengs gjerast noko for å få tunellen sikrere.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**FS-055/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. **Utbetringar** Haugsdal bru vert lagt ut på anbod, og teke opp som eiga løyvingssak.

**2. Konkretisering av investeringstiltak kommunale vegar 2010;**

<b>Tiltak</b>	<b>Adresse</b>	<b>Beskrivelse</b>	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Bru vedlikehald	Kommunale bruar	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	490.000,-
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	110.000,-
Flomsikring	Veg til Storemyr		200.000,-

3. Auka løyving frå 500.000 til 800.000 vert dekkja ved overføring frå driftsrekneskapen

**Finansiering**

Auka overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen med 300.000 vert innarbeidd i budsjett 2010

**Det skjedde i Formannskapet den 17.06.2010:**

Det ligg ikkje føre komplett liste over utført vedlikehald på kommunale vegar til denne saka.

Willy Borge, Frp, sa at me må bevilga meir pengar til vegvedlikehald. Intensjonen er at kommunen skal satsa på vegar.

Borge spurde og om det skulle vore løyvd meir pengar til driftsbudsjettet, sidan ein kom i minus grunna brøyteutgiftene i vinter.

Det er naturleg å ta ekstraløyving til vegvedlikehald opp under budsjettrevisjonen til hausten.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om at intensjonen er å få Haugsdal bru gjennomført i 2010. Ein totalkostnad her vil liggja på om lag 3 mill.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Brurapport frå Safe Controll as datert 25.05.2010

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret ba i mai 2010 administrasjonen om å få lagt fram ei rammesak på bru- og vegvedlikehald for 2010.

### FAKTA

#### Oppgåver utført i 2009 og fram til no i 2010

I det nedanståande vert det synt til ei oppstilling av vedlikehaldsoppgåver som er gjennomført i 2009 og første halvår 2010. I utgangspunktet blei deler av oppgåvene planlagt utført i 2010, men dei blei omprioritert og framskunda til 2009 grunna auka rammer til vedlikehald i forbindelse med finanskrisa.

### Veg

#### Planlagt utført veginvesteringar 2010 – men gjennomført i 2009

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Asfaltering	<b>Matre</b>	Veg til basseng og parkeringsplass	<i>50.000,-</i>
Asfaltering	<b>Solheimslia</b>	Frå kryss Fv 379 Solheim kai retning Vågset ca 500 m	<i>150.000,-</i>
Asfaltering	<b>Kalhovda. Sideveg mot nordøst</b>	Frå kryss kommuneveg	<i>100.000,-</i>
Asfaltering	<b>Indre Hope</b>	Rest ca 300 m	<i>80.000,-</i>
Asfaltering	<b>Stokkevikfeltet</b>	Rest ca 200 m vd enden av vegen	<i>60.000,-</i>
Asfaltering	<b>Sandnes skule</b>	Veg til brannstasjon og skuleplass	<i>70.000,-</i>

#### Tilleggsoppgåver vedteke i 2009 og gjennomført i 2009 og 2010 – del av tiltak finanskrise/vedlikehald

Tiltak	Adresse	Beskrivelse	<i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i>
Parkeringsplass	<b>Areklett</b>	Opparbeiding av ny parkeringsplass (2010)	<i>50.000,-</i>
Veg sikring	<b>Matre berget</b>	Nødvendig sikrings arbeid	<i>100.000,-</i>
Omlegging av veg	Kvingedal	Omlegging av veg på grunn av utbygging av mini kraftverk, deling av kostnader med selskapet småkraft	<i>100.000,-</i>

**Planlagd veginvesteringar 2010 –**

Den mest presiserande og kostnadskrevjande oppgåva som må utførast er reparasjon av Haugsdal brua. Rapport frå 2006 viser at brua treng ein omfattande og nødvendig rehabilitering. Det er sett i gong etterberekning av brua, dette for å sikre at brua held den bruksklasse (akseltrykk) som den i dag er klasset til, eller om den må klasses ned til eit lågare akseltrykk. Så snart denne rapporten føreligg, sannsynlegvis veke 23, vil arbeidet med rehabiliteringa av brua bli lagt ut på Doffin for innhenting av anbod på arbeidet. Berekna oppstart er september månad.

**Konkrete veginvesteringar som vert innarbeidd i 2010 – budsjettet**

<b>Tiltak</b>	<b>Adresse</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b><i>Estimerte kost. kr. Eks mva</i></b>
Bru vedlikehald	Kommunale bruar	Sjå eigen rapport om bruvedlikehald datert 21.05.2010 Rapporten omfattar inspeksjon av alle dei 11 kommunale bruene kommunen. Den estimerte totalkostnaden på kr 645.000,-som det vert synt til i rapporten omfattar ikkje reparasjon av Haugsdal bru.	<i>645.000,-</i>
Asfaltering	Skaret (Haugsvær)	Ca 50 m sør for andre ferist til snuplass i Skaret	<i>110.000,-</i>
Flomsikring	Veg til Storemyr		<i>200.000,-</i>

**KONKLUSJON**

**Rådmannen rår til at løyvinga til veginvesteringar 2010 vert auka frå 500.000 til 800.000,- i tråd med framlegg til vedtak.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.06.2010	009/10	Alf Strand
Kommunestyret	17.06.2010	057/10	Alf Strand

Arkiv: N-105	Arkivsaknr.: 06/954
--------------	---------------------

### SAK057/10 - TILSKOT TIL FØRARKORT

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Masfjorden kommune vidarefører ordninga med økonomisk støtte til sertifikat for ungdom mellom 16 og 20 år som i tillegg til vanleg opplæring ved kjøreskular deltek i eit haldningsskapande kurs om trafikktryggleik, fart og rus. Masfjorden kommune arrangerer slikt kurs i første omgang for ungdommar fødde i 1990-1993.

#### **Finansiering**

Det er årleg sett av midlar på Kraftfondet sitt budsjett. Kostnad med nytt kurs må også dekkast over Kraftfondet.

#### **Heimel**

### **KRFT-009/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Masfjorden kommune vidarefører ordninga med økonomisk støtte til sertifikat for ungdom mellom 16 og 20 år som i tillegg til vanleg opplæring ved kjøreskular deltek i eit haldningsskapande kurs om trafikktryggleik, fart og rus. Masfjorden kommune arrangerer slikt kurs i første omgang for ungdommar fødde i 1990-1993.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.06.2010:**

Saka vart drøfta.

Det kom innspel om at ein burde vurdere tilsvarende kurs/opplegg for båtførarbevis. Dette vart drøfta som tillegg til saka elles. Det kom ingen konkrete framlegg kring kurs/opplegg for båtførarbevis i denne omgang.

**Innstillinga samrøystes tilrådd.**

**KS-057/10 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune vidarefører ordninga med økonomisk støtte til sertifikat for ungdom mellom 16 og 20 år som i tillegg til vanleg opplæring ved kjøreskular deltek i eit haldningsskapande kurs om trafikktryggleik, fart og rus.**

**Masfjorden kommune arrangerer slikt kurs i første omgang for ungdommar fødde i 1990-1993, med oppstart hausten 2010.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Saka vart drøfta.

**Marit Steinestø, KrF**, gjorde framlegg om ein tilleggssetning:

*Masfjorden kommune arrangerer slikt kurs i første omgang for ungdommar fødde i 1990- 1993, med oppstart hausten 2010.*

Ordfører Håkon Matre spurde om det var greitt å føra oppstart hausten 2010 til siste setning i vedtaket.

**Tore Helland, Frp**, spurde om kommunen kunne vurdere å legge tilrette for liknande kurs/opplegg til båtførarbevis.

Ordfører svara at det er for seint for i år, men vil be administrasjonen utgreia dette i samband med neste års budsjett.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå Kraftfondsstyret med tillegget frå KrF vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	22.10.2006	Gustav Landro	Trafikksikringskurs 2006 - evaluerings

## BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret gjorde 14.12.2006, sak 63/06 følgjande vedtak:

**Kommunestyret set av midlar frå Kraftfondet til tilskot til sertifikat slik at alle som deltok på kurset i vår, kan få støtte til førarkort slik det har vore lova. For å hausta meir erfaring bør det gjevast tilbod om kurs og tilskot også for årskulla 1990 og 1991. Deretter må ordninga evaluerast på nytt.**

Kurset i 2006 vart tilbode til ungdommar fødd i åra 1986-1989. Dei som gjennomførte kurset og har søkt om støtte til førarkort, har fått slik støtte. Kommunestyrerepresentantar har fleire gonger etterlyst ein diskusjon på om ordninga med støtte til førarkort kan halda fram. I så fall må me ha eit haldningsskapande kurs av liknande sort som i 2006 for nye kandidatar. Ungdommar fødte i 1990 og seinare har ikkje fått tilbod om kurs. Gustav Landro, som hadde kurset hausten 2006, har på førespurnad sagt seg villig til å halda nytt kurs hausten 2010.

## VURDERING

I saksframstillinga til kommunestyremøtet 14.12.2006 skriv rådmannen følgjande:

”Rådmannen meiner det er viktig å påverka ungdommane til gode haldningar i trafikken. Det gjeld både fart, promille og generell åtferd i trafikken. Det er liten grunn til å tru at eit slikt kurs åleine vil ha stor innverknad på korleis ungdommane vil oppføra seg når dei får førarkort. Påverknaden frå foreldra i teori og praksis gjennom heile oppveksten er mykje viktigare. På den andre sida er det svært positivt at så mange ungdommar i lag får opplæring i trafikkspørsmål og høve til å diskutera haldningar og åtferd i trafikken. Det kan gjera dei tryggare og gje dei større mot til å seia frå.”

Dette er ei vurdering som gjeld framleis.

Politiet seier at det ikkje har vore ungdomsulukker i trafikken i Masfjorden den seinare tid. Ingen i denne gruppa har mist sertifikatet dei siste to åra, det har heller ikkje vore ulukker med personskade eller materiell skade der føraren høyrer til denne aldersgruppa. Kor mykje av dette som kan tilskrivast det haldningsskapande kurset, er vanskeleg å avgjera. Men me kan ikkje sjå bort frå at det har vore ein samanheng. At så mange ungdommar har vore på kurs i lag og lært det same, kan ha ein positiv effekt. For seinare årskull må ein tru at også arbeidet innan MOT har ein liknande påverknad.

Gjennom skuleringa i MOT har ungdomsskuleelevane våre gjennom dei siste åra fått hjelp til å utvikla gode haldningar med omsyn til m.a rus og til å bli trygge nok til å seia nei til ting dei ikkje har lyst å vera med på.

Kommunestyret må vurdera om den skulering ungdommane får gjennom MOT er nok til å gje dei gode haldningar i høve til rus og trafikk. Då må ein og ta med i vurderinga at det går eit par år frå dei er ferdige med ungdomsskulen til dei tek førarkort for bil.

Det kan verka positivt på ungdommane si tilknytning til kommunen at dei får tilskot til å ta førarkort. Med dette kurset skaper ein ein møteplass for ungdom på eit visst alderssteg. Dette er ungdommar det òg er interessant for kommunen å ha kontakt med, både med tanke på framtidig busetnad og skaping av arbeidsplassar. Rådmannen vil difor at ved framtidige kurs må ordførar og rådmann nytta høvet til å møte ungdommane for å marknadsføra kommunen og visa at me er interesserte i og har bruk for dei.

Rådmannen meiner det er fornuftig å bruka midlar på haldningsskapande arbeid for aldersgruppa 17-18 år samstundes som me nyttar høvet til å visa at me satsar på ungdommen for framtida.

Økonomi: Kurs for dei fire årskulla i 2006 kosta kr 30000. Det dekkja løn til kurshaldar, diett, reiser og andre utgifter i samband med kurset. Ein må nok budsjettera med 35000 for tilsvarande kurs i 2010.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune vidarefører ordninga med økonomisk støtte til sertifikat for ungdom mellom 16 og 20 år som i tillegg til vanleg opplæring ved kjøreskular deltek i eit haldningsskapande kurs om trafikktryggleik, fart og rus. Kommunen arrangerer så snart råd er eit slikt kurs for ungdommar fødde i åra 1990-1993.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.06.2010	058/10	Alf Strand

Arkiv: N-132, N-21	Arkivsaknr.: 10/453
--------------------	---------------------

### SAK 058/10 - GARDEROBEANLEGG NORDBYGDA SKULE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner opprusting av gymgarderobane på Nordbygda skule innanfor ei kostnadsramme på netto 1,8 mill. kroner.

#### Finansiering

Innan budsjettsummen avsett i budsjettet for 2010.

#### Heimel

#### KS-058/10 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner opprusting av gymgarderobane på Nordbygda skule innanfor ei kostnadsramme på netto 1,8 mill. kroner.

#### Finansiering

Innan budsjettsummen avsett i budsjettet for 2010.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at denne saka har det vore stilt mange spørsmål til og det er bra at opprusting av garderobeanlegget på Nordbygda skule no kjem i gang.

Ber om at kommunestyret får rapport på økonomibruken etter kvart.

#### Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	12.04.2010	Ing. Aarland AS	Revidert forkalkyle for garderobar ved Nordbygda skule
3	I	23.04.2010	Skulemiljøutvalet ved Nordbygda skule v/Linda Myrvang og Marta Midtbø	Planar for opprusting av garderobeavdelinga - garderobar ved Nordbygda skule
2	I	28.04.2010	Elevrådet ved Nordbygda skule v/Lisbeth Rørvik Myrvang og	Brev_om_garderobetilhøva
5	I	20.05.2010	Ing. Aarland AS	Teikningar for underetasje Nordbygda skule dat. 200510

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/ FAKTA

Opprusting av garderobane under gymsalen på Nordbygda skule har vore tema ei tid. Gymsalen og garderobane vart bygde i midten av 1970-åra og det er pga alderen og slitasje på tide med ei opprusting. I tillegg kjem at ventilasjonsanlegget har vore ute av drift sidan nybygget på skulen vart sett opp tidleg på 1990-talet. Dårleg lukt har vore og er eit problem. Opprustinga av garderobane vil m.a bestå av:

- Vindauge i gangen nede
- Nytt toalett for funksjonshemma
- Ny lærargarderobe
- Rehabilitering av dusjromma
- Maling av alle vegger og tak som ikkje blir fornya
- Nytt ventilasjonsanlegg
- Nye toalett, ny belysning
- Delvis nytt røropplegg

Tømrararbeidet vert utført av kommunen sine folk. Elektro- og rørleggararbeidet vert ikkje sendt ut på anbod no, då det er vanskeleg å fastslå omfanget av det arbeidet som må gjerast. Her vert gjort avtale med lokale firma etter kvart. Malings-, golv- og betongarbeid vert utlyst i ein lukka anbudsrunde.

### VURDERING

Tilstanden på garderobeanlegget er ikkje tilfredsstillande. Det er nødvendig både å rusta opp garderobar og dusjar og å prøva å få vekk dei luktplagene som pregar anlegget. Ing. Aarland, som er kommunen sin konsulent i prosjektet, har rekna kostnaden til å bli kr 1868000 ekskl. moms.

Arbeidet må setjast i gang så snart det/dei firma som får arbeidet, er klare til å begynna. Med god framdrift bør garderobane kunne takast i bruk i januar 2011.

## KONKLUSJON

Kommunestyret godkjenner opprusting av gymgarderobane på Nordbygda skule etter forkalkyle og prosjektbeskrivelse frå ing. Aarland AS innanfor ei kostnadsramme på netto 1,8 mill. kroner.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.06.2010	059/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 10/24
---------------------	--------------------

### **SAK 059/10 - VEDTAK AV PLANPROGRAM FOR ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR MATRE - ETABLERING AV VEGUTLØYSING TIL MATRESØYA -**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**I medhald av pbl § 4-1 (planprogram), jf § 12-9 (behandling av planprogram for planer med vesentlig virkning) vert planprogram for endring av reguleringsplan for Matre vedteken slik han ligg føre med følgjande tilleggspunkt:**

- **Rådmannen får fullmakt til å innarbeide ein eventuell merknad frå Havforskningsinstituttet i planprogrammet før melding om vedtak vert sendt ut.**

**I medhald av pbl § 12-8 (oppstart av reguleringsplanarbeid) jf § 12-2 (områderegulering) vert det meldt oppstart av planarbeidet for endring av reguleringsplan for Matre.**

#### **Finansiering**

Lønsmidlar over driftsbudsjettet

#### **Heimel**

Plan- og bygningslova

Naturmangfaldslova

## **KS-059/10 VEDTAK:**

**I medhald av pbl § 4-1 (planprogram), jf § 12-9 (behandling av planprogram for planer med vesentlig virkning) vert planprogram for endring av reguleringsplan for Matre vedteken slik han ligg føre med følgjande tilleggspunkt:**

- **Rådmannen får fullmakt til å innarbeide ein eventuell merknad frå Havforskningsinstituttet i planprogrammet før melding om vedtak vert sendt ut.**

**I medhald av pbl § 12-8 (oppstart av reguleringsplanarbeid) jf § 12-2 (områderegulering) vert det meldt oppstart av planarbeidet for endring av reguleringsplan for Matre.**

### **Finansiering**

Lønsmidlar over driftsbudsjettet

### **Heimel**

Plan- og bygningslova

Naturmangfaldslova

### **Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Det vart delt ut skriv dagsett 160610 frå Havforskningsinstituttet til denne saka.

Ordførar Håkon Matre sa seg ugild i denne saka sidan han er grunneigar på Matresøya.

Varaordførar Kari Skår Sørheim overtok no som ordførar.

Det vart røysta over om ordførar er ugild i denne saka.

Ordførar vart samrøystes kjent ugild.

Frode Langhelle opplyste om at han er leiar på BKK og spurde om han er ugild pga av det.

Det vart røysta over dette.

Frode Langhelle vart samrøystes kjent gild i denne saka.

Saka vart drøfta.

Lovisa Midtbø orienterte.

Merknader frå Havforskningsinstituttet vil bli arbeidd inn i konsekvensutgreiinga.

**Willy Borge, Frp**, spurde om innspelet frå HI og kven som må ta kostnaden med konsekvensutgreiinga.

Lovisa Midtbø sa at dette går inn under det som BKK må dekkja.

### **Røysting:**

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	28.12.2009	Asplan Viak	Forprosjekt for etablering av molo mellom Store Matre og Matresøya
3	U	08.02.2010	Frank Lorenzen Rønhovde; Trond Lorenzen Rønhovde	Orientering om prosess og oversending av rapport frå forundersøkinga som gjeld mogeleg vegutløysing til Matresøya
4	I	09.02.2010	Opphavelge grunneigarar på Matre v/Ivar Helge Matre	Veg til Matresøya - førebelse merknader i høve planprogram for vegutløysing
5	I	15.02.2010	Trond Rønhovde	Uttale til forprosjekt molo/veg mellom Storematre og Matresøya
7	I	19.02.2010	Asplan Viak AS	Forprosjekt vegutløysing - molo til Matresøya
8	U	09.03.2010	Håkon Matre; Barnas representant; BKK nett As; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Matre skule; Indre Masfjorden barnehage; Havforskningsinstituttet Matre; Statsbygg V/Bjørn Rune Kvinge; BKK Produksjon; Heimetenestene i Indrefjorden v/Elin Eikemo; Arnold Matre; Martin Peter Matre; Håvard Bjørnevoll; Torgeir Matre; Ivar Matre; Trond Lorenzen Rønhovde; Frank Lorenzen Rønhovde; Rolf Johan Rønhovde;	Melding om politisk vedtak - planprogram for endring av reguleringsplan for Matre - etablering av vegutløysing til Matresøya

13	I	16.04.2010	Matre Utvikling AS Havforskningsinstituttet	Merknader til planprogram for endring av reguleringsplan for Matre
9	I	16.04.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til planprogram for endringa av reguleringsplan for Matre - Vegutløysing Matresøya
11	I	19.04.2010	Trond Rønhovde	Innspill/kommentarer til høring vedr endring av reguleringsplan for Matre
12	I	19.04.2010	NVE	Forprosjekt til planprogram og varsel om oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan Matre
15	I	19.04.2010	Regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune	Uttale til endring av reguleringsplan for Matre
14	U	27.04.2010	Havforskningsinstituttet v/Øivind Torslett; Havforskningsinstituttet v/Tore Nepstad	Ad HI, Matre sine merknader til endring av reguleringsplan for Matre - ber om møte

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune ba Asplan Viak AS om å utarbeide eit forprosjekt med tanke på molo / fylling til Matresøya slik at ein kunne nytta steinmassane frå BKK sitt prosjekt til dette. Rapporten frå forprosjektet konkluderer mellom anna med at det vil vere nok massar til å etablere ein trygg molo / fylling til Matresøya som kan vere ein god basis for å etablere veg til øya.

Det er behov for etablering av nytt / oppgradering av eksisterande vassverk på Matre. Ved nyetablering må aktuelt areal inn som formål i reguleringsplanen.

Kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen når det gjeld justering av senterlina for E39 og krysset til Stordalen. Stordalskrysset er avklara, mens utgreiinga som gjeld senterlina ikkje er kommunisert til kommunen endå. Det kan difor bli aktuelt å justere traseen for E39 gjennom Matre som ein del av planprosessen.

### HØYRING

Planprogrammet vart sendt på høyring den 09.03.2010 med uttalefrist sett til 19.04.2010. Det har kome 5 høyringsuttalar innan fristen.

Masfjorden kommune tok initiativ til eit nytt møte med HI etter å ha motteke deira merknader på planprogrammet. På dette møte møtte og representantar for BKK. Møte vart halde i HI sine lokale i Bergen den 03.06.2010. Det har i skrivande stund ikkje kome ny uttale frå HI i etterkant av dette møte.

## UTTALE

### **Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga**

Fylkesmannen peikar på viktigheita av å greie ut korleis vegutløysinga og bustadbygginga vil påvirke landskap, biologisk mangfald og friluftsliv. Ein reguleringsplan må sikre ålmenta god tilgjenge til strandsona og at minst mogleg strandareal vert bygd ned. Fylkesmannen skriv vidare at føresegnene må sikre god landskapsmessig og estetisk tiltalande utforming av planlagde bygg og infrastruktur og at det er viktig at planen ikkje heimlar utbygging / arealbruk som vert uheldig dominerande i landskapet. Til slutt minner fylkesmannen om at det er eit kommunalt ansvar å passe på at dyrka og dyrkbar jord ikkje vert bygd ned.

Rådmannen er samd i at det er viktig å greie ut korleis vegutløysinga og bustadbygginga vil påvirke landskap, biologisk mangfald og friluftsliv men meiner at dette er innarbeidd i planprogrammet. Dei andre kommentarane frå fylkesmannen vert vidareført til arbeidet med reguleringsplanen.

### **Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga**

Hordaland fylkeskommune rår til at ein ser vegutløysing og arealbruk på Matresøya i samanheng og at planprogrammet tek for seg begge desse tiltaka. Det må bli utarbeidd konsekvensutgreiing både for vegutløysing og arealbruksendringa på øya. Fylkeskommunen meiner at dette må kome tydeleg fram av planprogrammet.

Fylkeskommunen nemner at i lista over sentrale og lokale planar som gjev premissar for arbeidet må ein og liste klimaplan for Hordaland 2010 – 2020.

Vidare skriv fylkeskommune at det bør kome betre fram av planprogrammet korleis Masfjorden kommune vil legge opp til styring og medverknad i planarbeidet. Det vert og rådd til at tidspunkt for gjennomføring og ferdigstilling av konsekvensutgreiinga vert nedfelt i framdriftsplanen.

Når det gjeld konsekvensutgreiinga meiner fylkeskommunen at det bør kome klart fram av planprogrammet kva tema som skal skildrast og kva tema som skal konsekvensutgreiast. Dei rår til at følgjande tema vert konsekvensutgreidd:

- Biologiske mangfald / naturmiljø
- Friluftsliv / nærmiljø
- Klima
- Kulturminne / kulturmiljø
- Landskaps / estetikk
- Naturressursar (herunder landbruk)

Fylkeskommunen har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet og har ingen andre merknadar som gjeld kulturminne og kulturmiljø.



Rådmannen er einig i at ein må sjå vegutløysing og arealbruk på Matresøya i samanheng og har gjennom planprogrammet lagt til rette for endring av arealformål frå (gjeldande) landbruk til (framtidig) byggeområde. Detaljplan for Matresøya må ein kanskje vente med til områdeplanen er klar pga kapasitetsproblem i administrasjonen. Det er viktig å få fatta eit gjeldande vedtak for områdeplanen inkludert sjølve vegutløysinga innafør tidsfristane som er sett for BKK sitt prosjekt.

Klimaplanen for Hordaland er tatt med i lista over sentrale og lokale planar som gjev premissar for planarbeidet.

Rådmannen har lagt opp til å orientere planutvalet om status og framdrift i prosjektet på kvart politiske møte framover, men det er kommunestyret som fattar alle naudsynte planvedtak. Sidan denne planprosessen heng tett saman med BKK si framdrift i sitt prosjekt, er det vanskeleg å tidfeste milepælane i planprosessen isolert. Dette er innarbeidd i planprogrammet.

Konsekvensutgreiinga vert kanskje delt i to der alle utgreiingane som er naudsynt med omsyn til HI si drift vert tatt først. Vert konklusjonen av desse utgreiingane at det er mogeleg å gjennomføre tiltaket innafør ein akseptabel risiko for HI, vert dei andre utgreiingane gjennomført. Det tette samarbeidet med BKK når det gjeld KU gjer det lite hensiktsmessig å dele utgreiingane i kva som skal skildrast og kva som skal konsekvensutgreiast då det for einskild tema kan vere nok med ei skildring for planprosessen sin del, men tema treng KU for BKK sitt prosjekt.

### **Havforskningsinstituttet, Matre**

Havforskningsinstituttet skriv at etablering av molo til Matresøya med massar frå BKK vil føre til fleire negative konsekvensar for drifta på stasjonen. Dei vurderer konsekvensane av ei slik fylling til at det er uforsvarleg for drifta av stasjonen, forskning og dyrevelferd og vil på det sterkaste rå frå at massane vert deponert i fjordsystemet.

- Sjøvassforsyninga vil bli forureina av steinstøv som vil øydelegge pumper og prosessanlegg om ein nyttar sjøvattn i anleggsperioden og i ei tid etter denne – kanskje for ein periode på 1 til 2 år. I perioden med forureina sjøvassforsyning vil ikkje Havforskningsinstituttet få gjennomført forsøk.
- Sjøvassforsyninga kan og bli forureina av botnmassar som blir virvla opp når det vert dumpa massar i sjøen.
- Sjøvassforsyninga kan få forureining frå det sprengstoffet som vert nytta av BKK.
- Sjøanlegga som er lokalisert i Matre / Smørdalen og Solheim kan bli åvirka av alle forureiningane som er nemnd over.
- Endringar i strømningsforhold kan medføre isdanning innerst i fjorden

Rådmannen avventar nytt skriv frå HI etter møte som var den 03.06.2010 og vil ta omsyn til deira innspel i den vidare prosessen

**NVE**

NVE skriv at i det aktuelle planarbeidet er tryggleik mot skred ei aktuell problemstilling. I skrednett sine aktsemdkart er deler av planområdet definert som potensielt fareområde for steinsprang. Det må difor gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår NVE til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

Masfjorden kommune bør og ta utgangspunkt i eit nytt aktsemdkart for snøskred når ein vurderer kva område det er naudsynt å gjennomføre faresonekartlegging i.

NVE gjer merksam på at det no er vedteke ny teknisk forskrift og rår til at ein planlegginga legg denne til grunn.

Vidare skriv NVE at i rosanalysen må flaumfaren vurderast. Dersom det kan vere fare for flaum må det gjerast ei faresonekartlegging av flaumfaren langs Matreselva. NVE rår til at ein i kapitlet "Behov for naudsynte utgreiingar" tar inn faresonekartlegging flaum / skred.

[Merknadane frå NVE vert vidareført til arbeidet med områdeplanen](#)

**Trond Rønhovde**

Trond Rønhovde skriv at grunneigarar og hyttebrukarar i stor grad stille seg positiv til forslaget om vegutløysing til Matresøya. Ei eventuell vegutløysing må innebere at alle brukarane får vegutløysing og at dette vert kosta av byggherre. Dette må og gjelde anna infrastruktur.

Rønhovde skriv vidare at ilandkomst på Matresøyna bør leggest slik at han er til minst mogeleg sjenanse for eksisterande bygningar. Det er og eit ønske at det vert lagt til rette for hyttebygging på øya då bustadbygging vil kunne vere til ulempe for deira bruk av Matresøya som fritids- og rekreasjonsområde.

[Merknadane frå Trond Rønhovde vert vidareført til arbeidet med områdeplanen](#)

**FAKTA**

Gjeldande reguleringsplan vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 03.02.2009 som sak 006/09. Matesøya er i dag ein del av reguleringsplanen med formål Landbruk. Dokument som høyrer til reguleringsplanprosessen for Matre finn ein på kommunen sitt digitale planarkiv: <http://braplan.geoweb.no> Reguleringsplanen har ID 126620060003

**VURDERING**

Rådmannen viser til kommentarane under uttale. I skrivande stund har ikkje kommunen motteke skriv får HI etter møte som vart halde den 03.06.2010. Det vert difor tatt atterhald om moglege utgreiingar som kjem fram i dette skrivet som som bør inn i planprogrammet.

Følgjande setningar er lagt til i planprogrammet (i tillegg til retting av nokre skrivefeil):

**Tema i kryssingspunkt mellom BKK sitt prosjekt og planprosessen**

- Endring i straumforhold inkludert potensiale for isflakdanning og transport av desse ut fjorden frå nytt utløp frå kraftstasjonen, via utlaupet til Matreselva og heilt til terskel

**Offentleg informasjon og medverknad**

- [...] Reguleringsplanprosessen vert knytt opp til BKK sitt prosjekt og tidsfrister.  
[...]
- Rådmannen orienterer planutvalet på status og framdrift i kvart møte, men alle vedtak vert fatta av kommunestyret.

**KONKLUSJON**

Rådmannen rår til at planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre men med fullmakt til å innarbeide eventuelle merknader frå HI når dei ligg føre.

Rådmannen rår til at planarbeidet for endring av reguleringsplanen for Matre vert starta opp.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	17.06.2010	014/10	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	17.06.2010	060/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 10/460
----------------	---------------------

### SAK 060/10 - SØKNAD OM LÅN FRÅ KRAFTFONDET TIL FLYTEBRYGGE VED MATRE HOTELL

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Matre utvikling v/Sigurd Vabø får eit lån frå kraftfondet til etablering av flytebrygge ved Matre hotell stort kr. 400 000, nedbetalingstid 4 år.

#### **Finansiering**

#### **Heimel**

#### **KRFT-014/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Matre utvikling v/Sigurd Vabø får eit lån frå kraftfondet til etablering av flytebrygge ved Matre hotell stort kr. 400 000, nedbetalingstid 4 år.
2. Lån med pant i anlegg/brygge
3. Frist for å nytta tilskotet er 17.06.2012
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er tre veker.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 17.06.2010:**

Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet var positive til etablering av flytebrygge på Matre med grunngjeving i at Fjorden er Masfjorden sin tusenårsstad og det vil vera positivt for kommunen som reiselivskommune.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-060/10 VEDTAK:**

1. **Matre utvikling v/Sigurd Vabø får eit lån frå kraftfondet til etablering av flytebrygge ved Matre hotell stort kr. 400 000, nedbetalingstid 4 år.**
2. **Lån med pant i anlegg/brygge.**
3. **Frist for å nytta tilskotet er 17.06.2012.**
4. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er tre veker.**

**Finansiering****Heimel****Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Saka vart drøfta.

**Willy Borge, Frp**, sa at dette var eit godt tiltak sidan fjorden er Masfjorden kommune sin tusenårsstad.

**John Torsvik, H**, sa at dette er bra, men Høgre tok opp ei sak (ref. til brev frå Høgre til kommunen) i førre planutval om praksis ved dispensasjonssøknader. Det gjeld likebehandling av søknader. Høgre ynskjer at Fast utval for plansaker revurderer dispensasjonssøknader som er gjort av omsyn til trygg ferdsel.

Lovisa Midtbø sa at skrivet frå Høgre er motteke. Planutvalet skal på synfaring 1. juli. Dei skal i all hovudsak sjå på tiltak langs stranda. Alle dispensasjonssakene vil bli gjennomgått i samband med kommuneplanen.

Det må lagast eit temakart i kommuneplanen i høve dette.

Ordførar Håkon Matre presiserte at den aktuelle flytebryggja det er søkt om i denne saka ikkje vil vera dispensasjonssak, då plassering er i samsvar med reguleringsplanen for Matre.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.06.2010	Matre Utvikling v/Sigurd Vabø	Søknad om lån til flytebrygge ved Matre hotell

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN/FAKTA

Etter at Matre Eigedom gav opp arbeidet med å få inn nye tiltakshavarar til drift av Matre hotell, vart eigedommen lagt ut for sal, og Matre Utvikling kjøpte hotellet. Matre Utvikling hadde møte med Masfjorden kommune og la fram sine planar for hotellet, og teikningar av opprustinga. Matre hotell er eit gammalt bygg som det knyter seg kulturverninteresser til, og for å medverka til ei planlegging i tråd med det fylkeskonservatoren kan gå inn for, formidla rådmannen kontakt mellom Matre Utvikling og bygningskonsulent Arild Sætre ved museumssenteret på Salhus. Diverre har avklaringa med fylkeskonservator teke lang tid, og Matre utvikling er utålmodige etter å koma i gang på Matre. Rådmannen har på nytt teke kontakt med fylkeskonservator, og det er no avtalt møte på hotellet på Matre 22.06.2010, mellom Matre Utvikling og fylkeskonservator, der kommunen og vil vera til stades.

Matre Utvikling ynskjer å bidra til Kraftspela på Matre alt i 2010. I dialogen omkring dette arrangementet, kom det fram at Kraftspela kvart år har strevd med å få på plass brygger/flytebrygger til båtfolket. Matre utvikling kom då med eit innspel på at dei kunne etablere ei varig løysing alt i år. Matre Utvikling har som ein føresetnad i sin driftsplan at dei vil etablere flytebrygger på Matre for å sikra rammevilkår for båtfolket- som kan bli ei viktig kundegruppe for hotellet (jfr Modalen)

Utfordringa for Matre Utvikling er den manglande driftsavklaringa – så lenge opprustingsplanane ikkje er godkjende, står prosjektet i stampe, både økonomisk og når det gjeld framdrift. Firmaet søkte då kommunen om forskottering av permanent flytebrygge på Matre. I dialogen med rådmannen er dette endra til søknad om lån frå kraftfondet, - med ei nedbetalingstid på 3-5 år.

I gjeldande reguleringsplan for Matre, er det lagt inn flytebrygge/småbåthamn. Ved plassering av flyteanlegg no, må det gjerast avtale med grunneigarar og kommunen må ta atterhald om at det kan koma endringar i plasseringa i samband med evt utbygging av bru til Matresøya.

### VURDERING/KONKLUSJON

Planane for opprusting av Matre Hotell er ei totalrenovering, og drift i Matre Hotell i samsvar med dei planane som er skissert av Matre Utvikling, vil utan tvil vera eit stort framsteg for kommunen vår, både når det gjeld tilbod til innbyggjarane og når det gjeld reiselivsutvikling.

Rådmannen meiner at det er beklageleg at tiltakshavarane ikkje har fått kome vidare med planane sine, men kommunen vil gjera det som er mogleg for å få fortgang i prosessen vidare.

Rådmannen vil tilrå å gje eit lån frå kraftfondet, stort kr 400 000 til Matre Utvikling v/Sigurd Vabø til etablering av flytebrygge. Ut frå dei opplysningar rådmannen har, er Matre Utvikling ein tiltakshavar med solid kompetanse og eit godt økonomisk opplegg for satsinga si i Matre. . Det vil styrka kommunen si satsing på reiseliv og friluftsliv i Matre-Stordalenområdet å få inn ein ny solid aktør i Matre Hotell.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.06.2010	058/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.06.2010	061/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-130	Arkivsaknr.: 10/454
--------------	---------------------

### SAK 061/10 - KJØP AV EIGEDOM GNR 30 BNR 17 PÅ SANDNES

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent
- Eigedommen vert lagt ut for offentleg sal til bustadføremål med klare føringar på føremål

#### Finansiering

- Bruk av kraftfondet – midlar avsett til tilrettelegging bustadføremål.

#### Heimel

1. Kraftfondsbudsjettet for 2010, Kommunestyresak 97/09 – post ”*tilrettelegging bustadføremål*”, med løyving 2010 med 800.000,- (+ avsetjing av unyttta midlar i 2009 budsjettet med kr. 633.715,-, jf. Kommunestyrevedtak 27/2010 pkt. 3.
2. Kommunestyrevedtak sak 102/09. Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2010-12, handlingsplan og budsjett → Pilotbudsjettet 2010, tiltak Sandnes/sørsida – post bustadfelt/Veg/VA/næringsutvikling Sandnes med 500.000,-.
3. Delegeringsreglementet, m.a. pkt. I delegering til rådmannen



## **FS-058/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent.
2. Eigedommen vert lagt ut for offentleg sal til bustadføremål med klare føringar på føremål.
3. Formannskapet ber om at delegeringsreglementet kjem opp til ny politisk handsaming der dette saksfeltet vert omtala.
4. Formannskapet legg saka fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

### **Finansiering**

- Bruk av kraftfondet – midlar avsett til tilrettelegging bustadføremål.

### **Heimel**

1. Kraftfundsbudsjettet for 2010, Kommunestyresak 97/09 – post ”*tilrettelegging bustadføremål*”, med løyving 2010 med 800.000,- (+ avsetjing av unytta midlar i 2009 budsjettet med kr. 633.715,-, jf. Kommunestyrevedtak 27/2010 pkt. 3.
2. Kommunestyrevedtak sak 102/09. Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2010-12, handlingsplan og budsjett → Pilotbudsjettet 2010, tiltak Sandnes/sørsida – post bustadfelt/Veg/VA/næringsutvikling Sandnes med 500.000,-.
3. Delegeringsreglementet, m.a. pkt. I delegering til rådmannen

### **Det skjedde i Formannskapet den 17.06.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

**Dina Dyrhovden, Ap**, gjorde framlegg om at saka vert overført direkte til kommunestyret for realitetshandsaming.

Dette pga av at det er gruppeleiarar som elles ikkje får vera med å drøfta saka.

Kari Skår Sørheim, KrF, sa at ho såg på denne saka som ei formannskapssak.

Vigdis Søvik, Sp, sa at ho støttar at saka vert handsama i kommunestyret.

Willy Borge, Frp, støttar Ap i at saka vert overført til kommunestyret.

Etter drøfting av korleis saka skulle handsamast konkluderte formannskapet med at saka vart handsama i formannskapet fyrst.

Møte vart heva slik at medlemmene kunne få lesa gjennom sakspapira.

### **Saka vart drøfta grundig.**

Sp, og Frp uttrykte skepsis i måten dette var gjort på og sa at det må vera lov å stilla spørsmål med ting som ein ikkje er komfortabel med.

Det vart stilt mange spørsmål av formannskapet og det vart drege parallellar til andre saker der kommunen har vore aktivt med.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og svara på spørsmål. Han synte til det som er teke inn i saksutgreiinga og at det dekkar det som er å informera om til politikarane.

Hofslundsengen synte til årleg avsetting i kraftfondsbudsjettet for tilrettelegging av bustadfelt og at det er delegert til rådmannen å følgja det opp.

Eigedomen hadde lege ut for sal lenge. Ein hadde ikkje rekna med at summen vil bli så høg.

Hofslundsengen peika og på at delegeringsreglementet er ikkje heilt dekkande når det gjeld slike saker og ein må ha ein gjennomgang av reglementet.

Ordførar Håkon Matre presiserte at han ikkje ville underskriva noko kjøpekontrakt utan at formannskapet var orienterte.

**Dina Dyrhovden, Ap**, hadde framlegg til to nye kulepunkt til framlegg til vedtak:

Nytt kulepunkt 3: Formannskapet ber om at delegeringsreglementet kjem opp til ny politisk handsaming der dette saksfeltet vert omtala.

Nytt kulepunkt 4: Formannskapet legg saka fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta over kulepunkt 1 og 2 i rådmannen sitt framlegg.

**Kulepunkt 1 og 2 vart vedteke med 3 røyster mot to røyster (Sp og FrP)**

Det vart så røysta over framlegg til nytt kulepunkt nr 3 frå Ap om gjennomgang av delegeringsreglementet.

**Samrøystes vedteke.**

Nytt kulepunkt 4:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

**Kulepunkt 4 vart vedteke med 3 mot to røyster. (H og KrF)**

## **KS-061/10 VEDTAK:**

1. **Kjøp av eigedom Gnr. 30, Bnr. 17 på Sandnes til kr. 850.000,- vert godkjent.**
2. **Eigedommen vert lagt ut for offentleg sal til bustadføremål med klare føringar på føremål.**
3. **Kommunestyret oppfattar administrasjonen slik at det er etablert ein strategi som inneber at administrasjonen vurderer oppkjøp av bustader for å hindre at desse vert nytta som fritidsbustader. Dette er prinsippdiskusjon som ikkje er gjennomført i kommunestyret, jfr. kommunelova § 23 pkt 4.**

**Kommunestyret ber om at delegeringsreglementet kjem opp til ny politisk behandling. Der dette saksfeltet vert omtala i reglementet. Før ei sak er behandla, skal kommunen ikkje delta i budprosessar eller på annan måte forhandle om kjøp av bustader.**

### **Finansiering**

- Bruk av kraftfondet – midlar avsett til tilrettelegging bustadføremål.

### **Heimel**

1. Kraftfondsbudsjettet for 2010, Kommunestyresak 97/09 – post ”*tilrettelegging bustadføremål*”, med løyving 2010 med 800.000,- (+ avsetjing av unytta midlar i 2009 budsjettet med kr. 633.715,-, jf. Kommunestyrevedtak 27/2010 pkt. 3.
2. Kommunestyrevedtak sak 102/09. Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2010-12, handlingsplan og budsjett → Pilotbudsjettet 2010, tiltak Sandnes/sørsida – post bustadfelt/Veg/VA/næringsutvikling Sandnes med 500.000,-.
3. Delegeringsreglementet, m.a. pkt. I delegering til rådmannen

### **Det skjedde i Kommunestyret den 17.06.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om handsaminga i formannskapet før dette møtet. Formannskapet gjorde vedtak om at saka skulle handsamast i kommunestyret.

Eigentleg trong ikkje kommunestyret fått denne saka til handsaming. Ordførar orienterte om at det ikkje er skriva under noko kjøpekontrakt.

Intensjonen med kjøpet er å sikra at tomta vert nytta til bustadføremål og ikkje fritidsbustad.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka og synte til saksutgreiinga som inneheld all informasjon.

**Intensjon med kjøpet:**

- Bidra til folketalsutvikling og få opp bustadeiningar på attraktive plassar
- Bustadfelt Haugsvær, kommunal støtte til veg, vatn og avløp
- Andre bustadfelt har fått liknande støtte
- Det har vore interessentar til utbygging av bueiningar
- Praksis som har vore etablert over tid og løyvingar som har vore gjort i kraftfondsbudsjettet
- Skulle me berre kjøpa for å ha det hadde det vore heilt uaktuelt
- Sidan dette kom så høgt i pris rådførte administrasjonen seg politisk
- Me har alltid praktisert eit nettobudsjett – (ca 80.000) økonomisk medverknad frå kommunen vert då liten, ein kan kanskje tena på sjølv handelen.
- Når det føreligg eit budsjettvedtak så er det delegert til rådmannen.
- Det er eit samfunnsøkonomisk bra prosjekt. Dersom me får nye innbyggjarar vil det generera inntekter til kommunen i form av auka rammetilskot.

Saka vart no drøfta grundig.

Gruppeleiarane i Ap, V og Sp som var med på skrivet til kommunen beklaga og tok avstand frå at brevet frå dei 4 gruppeleiarane vart sendt til pressa før administrasjonen hadde fått det.

Kommunestyret gav uttrykk for at at dei var glad for at saka no kom til handsaming i kommunestyret. Orienteringa og grunngjeving som låg i sakspapira og munnleg orientering frå fungerande rådmann var god og oppklarande.

Kommunestyret såg intensjonen i at kjøpet vart gjort, men nokre gav likevel uttrykk for at saka skulle vore handsama på ein annan måte og at formannskapet skulle fått informasjon på eit tidlegare tidspunkt.

Fleire kom inn på at delegeringsreglementet bør opp til ny handsaming og at det må verta tydeleg kva fullmakter som gjeld og kva måte slike saker skal handsamast på.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa ho såg ikkje heilt at informasjonen frå rådmannen var god nok og syntes at det var for lite grunnlag for å vurdere å gå inn på dette.

Søvik ba om informasjon og namn på den entreprenøren kommunen hadde hatt kontakt med sidan vinteren 2009 og om å bli gjort kjent med innhaldet i intensjonsavtalen.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at han kunne ikkje gå ut med dei opplysningane då dette ikkje var klarert med vedkomande.

**Liv Oda Dale, Ap**, sa at for Ap hadde det ikkje vore snakk om mistillit, men eit ærleg ynskje om å få fram det formelle i ei sak som dei følte seg usikker på.

Dale ba om gruppemøte med gruppeleiarane før avrøysting.

**Leila Torsvik Andvik, V**, gjorde framlegg om eit nytt pkt 3:

*Kommunestyret oppfattar administrasjonen slik at det er etablert ein strategi som inneber at administrasjonen vurderer oppkjøp av bustader for å hindre at desse vert nytta som fritidsbustader. Dette er prinsippdiskusjon som ikkje er gjennomført i kommunestyret, jfr. kommunelova § 23 pkt 4.*

*Kommunestyret ber om at delegeringsreglementet kjem opp til ny politisk behandling der dette saksfeltet vert omtala i reglementet.  
Før ei sak er behandla, skal kommunen ikkje delta i budprosessar eller på annan måte forhandle om kjøp av bustader.*

Lovisa Midtbø sa at det har vore stilt spørsmål her om dette skal vera ein del av kommunen sin strategi? Det er det kommunestyret som må avgjera. Saka i dag er heilt open. Det er kommunestyret som må avgjera om kommunen skal gå inn på dette.

Møtet vart heva og det vart gruppemøte.

**Vigdís Søvik** sa at Senterpartiet kjem ikkje til å røysta for pkt 1 og 2 frå formannskapet, men at dei vil støtta Venstre sitt framlegg til nytt pkt 3.

**Tore Helland** sa at Frp kom til å støtta tilrådinga frå formannskapet, men vil peika på dei ikkje likar saksgangen i denne saka.

**Liv Oda Dale** sa at Ap kom til å gå inn for pkt 1 og 2 frå formannskapet og vil støtta Venstre sitt framlegg til nytt pkt 3.

**Leila Andvik** sa at Venstre kjem til å støtta pkt 1 og 2 frå formannskapet og vil ta inn V sitt forslag i pkt 3.

**Kari Skår Sørheim** sa at KrF støttar forslaget frå formannskapet alle tre punkta.

**Frode Langhelle** sa at Høgre vil støtta tilrådinga frå formannskapet.

### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta samla over pkt 1 og 2 i tilrådinga frå formannskapet.

**Pkt 1 og 2 i tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 15 mot 2 røyster. (Sp)**

Pkt 3 i tilrådinga frå formannskapet og endringsframlegget frå Venstre vart røysta opp mot kvarandre.

**Endringsframlegget frå Venstre til nytt pkt 3 vart vedteke med 9 røyster mot 8 røyster (Frp, KrF og Høgre)**

**Vedtak: Sjå lenger framme i saka.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	07.06.2010	Eiendomsmegler Vest AS	Vedr kjøp av gnr 30 bnr 17 i Masfjorden kommune
3	I	15.06.2010	Sp, Ap og Frp Gruppeleiarar i V	Sak til kommunestyremøtet 17.06.10 i høve kjøp av eigedom gnr 30/17 på Sandnes

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Gnr. 30, bnr 17 har lege ute for sal. Eigedomen har ein attraktiv, romsleg og fin tomt. På eigedommen står eit murhus som har leiligheit i øvste høgda, bustad/kontor/lager i kjellar og 1 et. Bygget vart i si tid bygd av Masfjorden sparebank. Opp gjennom åra har det mellom anna vore nytta som bank, bustad, tannlegekontor og barnehage. Bygget ligg i bustadområde, sentralt på Sandnes. Det er i tråd med kommunen sine målsettingar at denne eigedommen framleis vert nytta til bustadføremål. Det er for tida mangel på byggeklare tomter på Sandnes.

Då eigedomen kom for sal, fylgde kommunen med på salsprosessen. Rådmannen hadde kontakt med interessert kjøpar som ville pussa opp og bu der, og det var også lokal entreprenør som var interessert i å utvikla eigedommen til bustadføremål. Det var lenge stillstand i salet, og kommunen hadde grunn til å tru at eigedommen ville bli seld til ein av dei lokale interessentane til bustadføremål. Men etter 2. visning, vart det ein oppheta bodrunde der begge lokale bustadinteressentane fall ut. Rådmannen si vurdering er at det var viktig å sikra at eigedommen til bustadføremål. Det lukkast ikkje å få kontakt med ordførar, og bodfristen var 6 min. Etter å ha orientert varaordførar, og fått aksept og tilråding for bod, la rådmannen inn bod og kommunen fekk tilslaget. Ordførar ga sin tilslutning til bod og føremål kort tid etter at bod var sendt inn. Saka vart meldt til formannskapet 8.06, og kjøpekontrakt kom i posten same dag (8.juni). Saka vart ikkje realitetshandsama. Saka vert med dette lagt fram for formannskapet til handsaming.

### FAKTA & VURDERING

Masfjorden kommune sitt fremste mål er å få fleire innbyggjarar. Kommunen har hatt mange tiltak for å få fleire byggeklare tomter og fart i bustadbygginga, fleire av dei i samarbeid med grunneigarar og unge husbyggjarar. Ein har også drøfta politisk kva kommunen kan og bør gjera for å unngå at stadig fleire bustadhus vert fritidshus. Det har negative konsekvensar for bygdemiljøet når stadig fleire hus står tomme store deler av året. Kommunestyret har vurdert og handsama 0-konsesjon, men vedtok å ikkje innføra dette. Kommunen har innført kommunale kjøpekontraktar, der ein nyttar styringsmuligheiter som ligg i reguleringsføremålet, for at tomter og bustadhus i regulerte bustadfelt skal nyttast til bustadføremål og ikkje fritidsbruk.

Kommunen har i tråd med Haugsvær-modellen involvert seg i mange utbyggingsprosjekt knytt til ordninga med etableringstilskot. Nokre av desse prosjekta er heimla i eigne saker og politisk vedtak, andre er berre referert at ein er inne med støtte og heimla i budsjettvedtak kring tilrettelegging bustadføremål kraftfondet/årsbudsjettet. Medverknad er spreidd over heile kommunen, kor målet heile vegen har vore å ivareta det fremste målet til kommunen å få fleire innbyggjarar. Politiske signal i desse forholda har vore einseitig positive til det som har vorte gjort og praktisert over tid.

Fokus den seinare tid, og spesielt etter vedlikehaldsrapport av kommunale bygg vart lagt fram for politisk handsaming, har vore på å selje ein del av dei bueiningane/husa som kommunen disponerer, snare enn å kjøpe. Ut i frå dette faktum har ein forståing for at nokon stiller spørsmål ved kommunal engasjementet i denne aktuelle eigedommen.

Kjøp av Gnr. 30, bnr 17 er ein nyanse av det vi har praktisert over tid i forhold til tilrettelegging bustadføremål – målet er uendra, bidra til attraktive bueiningar som kan føre nye innbyggjarar til kommunen. Det er ikkje aktuelt for kommunen å kjøpe eigedommen, for deretter å ha den i den kommunale bustadmassen til utleigeføremål. Involvering i bodprosessen og handel hadde ikkje vore aktuelt om ein ikkje hadde ein intensjonsavtale med ein entreprenør om vidaresal og oppføring av eit prosjekt med 2-6 bueiningar – slik at kommunen meir er inne som formidlar enn kjøpar. Brutto utgjer kjøp av eigedommen 850.000,-. Men med den intensjonsavtalen som føreligg, vil den kommunale medfinansieringa (nettoverknaden) bli minimal utover det som allereie er etablert praksis.

Ein kan selje eigedommen vidare til ein interessent umiddelbart, men dette vil vere i strid med praktisering av off. kjøp og sal, og rådmannen meiner at eigedommen må leggjast ut att for offentleg sal – med gitte føresetnader for bygg og føremål. Ein har ein intensjonsavtale med ein entreprenør som sikrar minimum salsinntekt. Konkurransen om tomte kan gje auka inntekter, slik at ein kan ende opp med fortjeneste på heile handelen. Nye innbyggjarar til kommunen vil generere meirinntekter – og på sikt vil dette kunne vere eit svært bra økonomisk prosjekt i tillegg til at ein kan få gode bustadeiningar.

Dialogen med entreprenør starta vinteren 2010, slik at dette har vore eit kjent forhold ei tid med interesse å utvikle eigedommen til bustadføremål, dvs. at noverande bygg må rivast og oppføring av nye bueiningar. Det som skjedde siste boddag var at det kom på bana ein del interessentar til fritidsbruk, som pressa opp prisen. Prisen vart i Masfjorden målestokk høg, difor kopla rådmannen inn ordførar/varaordførar for å klargjere bod. Noko ein fekk.

Hadde grunnlaget for kommunal bod på eigedommen, vore at ein ville kjøpe eigedommen til eige utleigeføremål, og dermed ein rein handel, så ligg mynde hjå formannskapet – (slik ein tolkar delegeringsreglementet. Kjøp over 1,2 mill.kr. skal til Kommunestyret, jf. III mynde til Kommunestyret, pkt. A, 4. kulepunkt, dvs. kjøp under 1,2 mill.kr. til formannskapet inntil rådmannen sin mynde trer inn.

Kommunen har også følgt opp fleire sal av eigedommar/bustadhus i kommunen:

1. Sandnes- Daae-hagen.

Kontakt og samarbeid med ungdomsgruppe som var interessert, kontakt med meglar, dei unge fekk tilslaget, no tre nye hus med tre unge familiar i.

2. Sal av hus på Matre i bustadfeltet på Rabbane, annonsert som mogleg fritidsbustad/firmahytte, sterke reaksjonar frå lokalmiljøet, rådmannen sende skriv til meglar om reguleringsføremålet, sal til familie som no har flytta til Matre.

3. Einebustad på Sandnes Oppfølging av salsprosessen, og kontakt med meglar, oppfølging av interesserte, sal til ung familie som renoverer huset og flyttar hit frå Bergen.

Rådmannen oppfattar difor det slik at "kjøpet" av "gamlebanken" er i tråd med kommunestyret si offensive politiske satsing på bustadbygging og folketalsutvikling. Å sikra denne eigedommen til bustadføremål er viktig for innbyggjarane på Sandnes, som har vore prega av pessimisme etter striden om sjukeheimen, flytting av arbeidsplassar i bank, post, likning, forsikring og sterk nedgang i barnetalet. Rådmannen legg til grunn at denne eigedomstransaksjonen ikkje skal påføra kommunen større utgifter pr bueining enn tilfellet er i dei andre private prosjekta kommunen alt er inne i. og støttar. Ut frå dette tilrår rådmannen formannskapet å godkjenna kjøp av "gamlebanken" for vidaresal til bustadføremål.

Litt presisering kring **Finansiering**

- Kommunen dekkjer bruttokostnad som mellombels finansierer tiltaket med bruk av budsjett bustadføremål, kraftfondet – fram til vidaresal er ein realitet.
- Intensjonsavtale med entreprenør gjer at kommunal finansieringsdel vert frå 0 til 80.000,-, når ein tek omsyn til praksis knytt til bruk av etableringstilskot i ei rekkje bustadprosjekt, og om det vert 4 eller 6 bueiningar. Får ein meir for eigedommen enn det intensjonsavtalen med entreprenør legg opp til som minimum, vil sum nettokostnad bli snudd til inntekt på handelen.

Det som ein bør ta som følge av denne saka, er ei ny politisk handsaming av delegeringsreglementet, og klargjere mynde – tydleggjering – og presiseringar av mynde. Klargjere mynde delegeringsreglement vs. budsjett

Kva som kan reknast som hastesaker bør drøftast, og mynde og rutinar i slike saker klargjerast etc.

Dersom ein ønskjer å frigjere seg frå kjøpet av eigedommen, vil ein kunne gjere det greitt i høve til at det ikkje er underteikna kjøpskontrakt. Ein må då dekke mellomlegget mellom høgste og nest høgste bod som utgangspunkt.

Formannskapet får ta stilling til innspelet frå 4 gruppeleiarar om at denne saka bør opp for Kommunestyret.



## KONKLUSJON

Nettokostnad vert ikkje stor ved vidaresal av eigedommen, og er føresetnaden for kommunal medverknad – og ein kan faktisk ende opp med rein forteneste på kjøpet. Rådmannen legg til grunn mynde i høve til budsjettvedtak, primært 2010 løyving i kraftfondet med 800.000 til tilrettelegging av bustadføremål, men og andre heimlar til kjøpet. Kjøpet av eigedommen har avdekka at det er forhold ved delegeringsreglementet som må endrast og utviklast, slik at ein ikkje hamnar i tilsvarande saker og problemstillingar. Ein tilrår at kjøpet vert realisert og kjøpekontrakt underteikna (den må underteiknast av ordførar, verdi over 500.000) og eigedommen vert umiddelbart lagt ut for offentleg sal.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 17.06.2010 vert vitna**

---

Håkon Matre  
Ordførar

---

Bjørn Egil Nordland  
kommunestyremedlem

---

John Torsvik  
Vara til kommunestyret